

Årbok

F O R S Y K K Y L V E N 2 0 1 3

Januar

Mandag

Tirsdag

Onsdag

Torsdag

Freitag

Laurdag

Søndag

6

13

20

27

7

14

21

28

orsdag

Fredag

7

14

21

28

1

8

15

22

29

2

9

16

23

30

3

10

17

24

4

11

18

25

31

5

12

19

26

Sykkylven Sogenemnd

Innhald

Forord		3
Kjell Løseth:	Teatersjefen frå Bjørnevika	4
Kjetil Tandstad:	Norske okkupantar i Tyskland	10
Kai Løseth:	Brannen på Melset 1720	14
Lars Longva:	Naustrekkja i Ullavika – eit orkanoffer	16
Svein Linge:	Fanemålaren frå Ikornnes	22
Sissel Brunstad:	Glad i all mi gjerning	27
Jostein Drabløs:	Brannvern i Sykkylven	32
Eldar Høidal:	Jostein Gjerde -frå stålprodusent til museumseigar	38
Magnhild Vatne:	Mammuttanna frå Hundeidvik	44
Jarle Tusvik:	Oppfinnaren frå Hatlemark	46
Johan P. Aurdal:	Sykkylven Indremisjon 125 år	49
Per Arne Grebstad:	Brevet	54
Monica Aure:	Biletkavalkaden 2013	56
Per Blakstad:	Ishuset på Blakstad	58
Øyvind Lamo:	Flyhistorie på djupt vatn	64
Eldar Høidal:	Korgmakarane på Tjønes – eit hundreårsminne	68
Jarle Tusvik:	Møbelgründerar i Sykkylven. (Del 1)	72
Eldar Høidal:	Rapport frå Sykkylven sogenemnd 2013	77

Sogenemnda 2013

Eldar Høidal (leiar), Edel Pernille Ystenes (nestleiar), Astrid Aure, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Heidi Heggem og Ingvill Kjærstein.

Årbokredaksjonen 2013

Kjetil Tandstad (redaktør, telefon 70 25 29 29/90 20 12 31 - kjetil.tandstad@online.no), Eldar Høidal, Thor Willy Strømme, Jarle Tusvik, Kjell Løseth og Åse Wick Sætre.

Utgjevar: Sykkylven Sogenemnd

Skrift på tekst er Frutiger 11 pt. Titlar er sette med Frutiger Bold.
Utforming/Produksjon: EldArt Grafisk. Prent: Nordberg Trykk AS.

ISBN 978-82-92269-2??

Forsidebilete

Døra i kvernhuset på Anebu - det private museet til Jostein Gjerde på Nysætra. (Foto: Hallvard Sandvik)

Forord

Endå ei Årbok frå Sykkylven ligg klar, denne gongen for 22. gong. Også dette året har redaksjonen følgt sin gamle resept og miksa gammalt med nytt. Tilgangen til stoff er god og aukande og eit opplag på 1350 viser at vi når breitt ut. I år feirar vi Språkåret, 200-årsdagen for Ivar Aasens fødsel og hundreårsdagen for Det Norske Teatret. I Sykkylven er det også naturleg å feire at det er 130 år sidan vår store skodespelar Edvard Drabløs vart fødd. Edvard Drabløs var ein av dei viktigaste pionerane for det dristige prosjektet det var å skipe eit nynorsk teater i hovudstaden. Merkeåret vart feira av mållaget og ungdomslaget i ungdomshuset Vårvon i Straumgjerde i september.

Men kor mange kjenner til den andre store skodespelarprofilen frå Sykkylven i mellomkrigstida. Bjørn Bjørnevik frå Furstranda dreiv sitt eige private og produktive teater i hovudstaden i ein mannsalder. Han hadde teaterlokale ved Botanisk hage på Tøyen og også eit revyteater i Oslo sentrum. Han sette opp både seriøse stykke av Ibsen og andre, men er mest kjend for sine komediar og lette stykke.

Også fleire andre markante sykkylvsprofilar er med i denne utgåva av årboka: Ole Ekornes var kanskje landets mest aktive fanemålar. Marie Aase toppa ei rein kvinneliste og vart den første kvinna i kommunestyret i Sykkylven. Karl Johan Hatlemark var ikkje berre fabrikkeigar, muskar og

legendarisk leiar i musikklivet, men også oppfinnar som tok premiar og søkte patent.

Såg du filmen Into the White - om tyske og engelske flygarar som styrta på ville fjellet og måtte søkje tilflukt i den same hytta? Den dramatiske historia i filmen har ein historisk kjerne som også er ganske spennande. Den historia fortel Øyvind Lamo som også skriv om det omfattande internasjonale samarbeidet med å få dei britiske og tyske flyvraka berga og tekne vare på. I denne årboka kan du også lese tidlegare brannsjef Per Welle sitt tilbakeblikk på brannhistoria i kommunen og som vanleg får du ein bildekavalkade frå den heilt nære historia: høgdepunkt frå året 2013.

Dette var nokre smakebitar. Å formidle historia til nye generasjonar er i viktig. Mange har mykje historie å dele med andre, men kvir seg for å skrive sjølv. Det er ikkje noko problem, fordi dette er noko redaksjonen gjerne hjelper til med.

Har du stoff til historiske artiklar, eller kanskje dikt eller noveller du kan tenkje deg å publisere, ta kontakt med redaksjonen snarast. Velkomen skal du vere!

For årbok-redaksjonen

Kjetil Tandstad



Frå Straumen i Straumgjerde.
Foto: Hallvard Sandvik



Kjell Løseth er tidlegare lærar og skulesjef i Sykkylven. Han er no pensjonist og syslar blant anna med organisasjonsarbeid, kultur, revyarbeid og lokalhistorie. Han er medlem av årbokredaksjonen.

Teatersjefen frå Bjørnevika

Av Kjell Løseth


Ei røsleg kjempe – som minner om sjølve urkrafta. Ein ektefødd son av barske, sunnmørske kolossar av ruvande fjell. Ein som lettar på kampesteinar med eine handa og slår ihel premiestutar med den andre. Samtidig godmodig og snill som ein «bjønnabamse». Om ikkje ti manns styrke og tolv manns vit som bjørnen, så noko bortimot...

Ja, slik skildrar eg innleiingsvis - etter skriftlege og munnlege kjelder - furstrandingen Martinus Bjørnevik, som seinare brukte Bjørn Bjørnevik som kunstarnamn.

Yngst av ni

Bjørn (Martinus) såg dagens lys i Bjørnevika i Sykkylven, den gongen i Ørskog kommune, i 1896. Han var yngst av ni søsken. Foreldra var Amund og Anne. Bjørnevikslekta er kjend som ei gåverik slekt, hendige og oppfinnsame. Mest alle brørne til Bjørn var smedar og mekanikarar, børsemakarar og låsemedar. Dei konstruerte «bjørnevikgrevet» som er slik grev ser ut i dag. Det er ikkje tvil om at det er kunstnargivnad i denne slekta. Svern, bror til Bjørn var også treskjerar. Den vakre altarringen i Voldskyrkja er hans verk. Søstera Eline dreiv med saum og prydevnad. Tekstilkunstnar ville vel det ha heitt i dag. «Bjønnavik-Amund» (son til Svern) og kona Laura var dei siste som dreiv gardsbruk i Bjørnevik og dei var dyktige folk på fleire måtar. Amund er død, men Laura lever. Alle borna deira med familiar bur i Sykkylven – Tordis, Lillian, Sigmund, Inger og Anne.

Smia i Bjørnevika – der kreativiteten blomstra på så mange vis - var Bjørn sin tumleplass frå han kunne krabbe og gå. Til konfirmasjonsalderen hadde han teke utallege tørnar og lært seg små og store finessar innan smedfaget. (Smia står der den dag i dag og Storfjordens Venner har gjort vedtak om å restaurere henne i samarbeid med Sigmund Bjørnevik.)



Bjørn Bjørnevik som Kaare Bonde i Henrik Ibsens Hærmændene på Helgeland.

Bjørn hadde utferdstrong og lærelyst. Ikkje så mange frå landsbygda hadde høve til å ta utdanning i den tida, men han fekk reise til Volda for å ta middelskuleeksamen - noko han greidde med glans. Seinare tok han examen artium. Han hamna i Oslo - og lagnaden ville at livet skulle vende seg i den retninga han drømde om: Han ville «gå til scenen», bli skodespelar. Det var eit nokså «hårete mål» for ein dialektpratande, grovleitt landsens sunnmørsgut frå ein veglaus utkant.



L
Æ
R

Skomakerartikler

Såling

Møllergatens Lærhandel

Møllergt. 43



Bjørn Bjørnevik.

De kan trygt le så De ryster!

Benkene tåler det – de er impregneret med **Antiparasit-T** fra og er hverken råtnet eller mørknet.

Følg Bjørneviks eksempel og impregner alt utsatt treverk med



Antiparasit-T mot sopp og råte.

Frå eit program for Bjørneviks Teater. Ein av annonsørane var den kjemiske fabrikk Nagel AS med produktet Antiparasit.



Bjørn Bjørnevik i rolla som Begriffenfeldt i Henrik Ibsens Peer Gynt.

Edvard Drabløs

Det var nok ei Guds lukke for Bjørn at han blei kjent med ein annan sunnmøring – velledalinen Edvard Drabløs. Drabløs var teatersjef på Det norske Teatret i Stortingsgata. Han har nok hatt ein finger med i spelet som gjorde at Bjørn etterkvart blei eit stort namn i teaterverda.

For å tene til livets opphald og vidare studiar – og sikkert av nyfikne for å få eit glimt inni kulissane til det han drøymde om - oppsøkte han Drabløs. I 1920 fekk han jobb som teppedragar! Dermed var han i gang.

Vegen frå teppedragar til små statistroller som Drabløs gav han, var ikkje lang. Det måtte vere som å kome til paradiset for ein som ville vere på

scena. Den store debuten fekk han som Giert i Holberg-stykket «Den politiske kandestøper». I halvtanna år reiste han på turne med Edvard Drabløs og teatret hans. Her fekk han trening som skodespelar, regissør og instruktør. Han lærde å leie ein turné, setje opp reiseliste og ordne med økonomien. Han fekk erfaring med å besøke avisredaksjonane og syte for reklamen.

Han gjorde det med energi, tiltakslust og sunt folkevit. Han stod ikkje fast når noko kom på. Ein gong hadde dei mist fjørpenningen som måtte vere med i eit stykke. Bjørn visste råd. Han tok seg inn i næraste hønsefjøs, fanga hanen og nappa ut den finaste fjøra han fann, pluss eit par i reserve!

Heim og ut igjen

Men, då turneen var ferdig, stod han der arbeidslaus. Han måtte ha noko å leve av. Motviljug reiste han heim til Sunnmøre. Han oppsøkte brørne sine Knut og Henrik som hadde mekanisk verkstad i Brattvåg. Dyktige som dei var, hadde dei fått ein storkontrakt med Tafjord Kraftselskap om levering av jarnmastrar. Brørne var glade for å få kyndig arbeidskraft frå ein som var oppflaska i Bjørnevik-smia.

Bjørn passa jobben - som ein smed. Han smidde naglar til dei store jarnmastrene i Tafjorden. For alt eg veit, står dei der den dag i dag, med hans «fingeravtrykk». Men det var kunsten han ville vie seg til. Har du først gitt ein viss mann veslefingren.....

Edvard Drabløs skulle på turné med stykket «Kråka» av Jens Tvedt. Kven var då sjølvskriven turnedeltakar? Bjørn Bjørnevik sjølv sagt! Og så blei landet tråla på langs frå Svinesund til Boris Gleb.

Gjennom sitt glødande engasjement og etterkvart store røynsle med teaterverksemd, fann han nåde for Det Norske Teatret sine auge og blei fast tilsett. Her var han i vel fire år til hausten 1928. Det vart med statist- og mindre skodespelarroller.

Alle med scenedilla – og som kjenner seg for talentfulle til statistroller- veit at slikt sjeldan fører til strålande karrierar. Men dersom det vart ymta frampå om vekkasta tid på Det Norske Teatret, ville nok Bjørnevik på karakteristisk vis protestere på det. Kanskje ville han reise seg i all si velde og slå mammutlabben i bordet så kaffikoppar og lefseklining fauk til alle kantar. Nei, statiståra såg han på som lukkelege, morosame og lærerike. Men han ville meir...

Ibsen på turné

Då han slutta ved Det Norske Teatret, eigde han ikkje nåla i veggene og var fattig som ei kyrkje-

BJØRNEVIKS TEATER

Program



Garantert 30% faste melkestoffer av frisk helmelk.

Logoen til Bjørneviks Teater var naturleg nok ein bjørn i norsk natur.

rotte. Likevel – å gi opp var ikkje hans stil. Han såg ein veg som skulle vise seg ikkje å vere ei blindgate:

I 1928 stunda det til Ibsen-jubileum, det var hundre år sidan han blei fødd. Skulle ein ikkje vente at landet si hovudscene sende eit Ibsen-stykke på turné og vise korleis Ibsen skulle tolkast, undrast Bjørnevik.

Det gjorde dei ikkje. Bjørnevik tok sjølv initiativet og samla gode krefter energisk og sikkert. Det blei ein turné som på den tida aldri hadde sett sin make i norsk teater. «Peer Gynt» med Einar Tveito og Alfred Maurstad i hovudrollene blei ein stor suksess landet over. Det økonomiske resultatet var godt og viste eit betydeleg overskot.

Ein gong det var Peer Gynt-framsyning i ein by, leigde Bjørnevik ein lastebil for å frakte vener,

kjende og sambygdingar til førestillinga. Då eit sneis forventningsfulle kvinner og menn kom fram etter milevis med køyring, var alle billettar utselde. Dei ville betale tredobbel pris berre dei fekk kome inn. Bjørnevik tok skeia i eiga hand og oppsøkte politimeisteren. Han vart nærast beæra av eit personleg møte med teatersjefen og gav prompte dispensasjon. Det var berre å stille opp ei ekstra stolrad framfor fremste rad. Dei langvegsfarande fekk sjå «Peer Gynt» frå orkesterplass!

Ny nedtur

«Peer Gynt» gav han blod på tann. Han turnerte etterpå med Ibsens «Hærmændene på Helgeland». Dette blei nærast ein loddrett fiasko. Han prøvde å rette på dette med eit nytt Ibsen-stykke «Brand», men det også gjekk dårleg, trass i fine kritikkar. Kanskje ønskte han seg då tilbake til naglesmiing i verkstaden til brørne på Sunnmøre.

Men det var på 'an igjen! «De beste menn fødes av sine feil», heiter det. Det er vel omtrent det same som å bli klok av skade. Bjørnevik hadde nok gjort mangt og mykje til å bli klok av skade av.


Etter Ibsen-perioden drog han til Bergen. Han hadde skrapa saman skodespelarar til å oppføre «Hu Dagmar» og «Skjærgårdsflirt» av Gideon Wahlberg. «Skjærgårdsflirt» slo an og samla fulle hus dag etter dag. Stor suksess! Så barst det tilbake til Oslo der han leigde lokale i Stortingsgata. Mange kjende personar hadde prøvd seg med teater der, men mislukkast.

Bjørnevik gjorde sitt inntog med «Skjærgårdsflirt», men også med eit stykke som heiter «Gutten».

Teaterfolk i byen undra seg. Kva kunne vere grunnen til den store suksessen? Alle teatra i Oslo hadde det tungt på den tida. Det var vanskeleg å få til overskot og balanse i driftsrekneskapen. Så kjem eit nystarta, relativt lite teater vis-a-vis dei store og samlar fulle hus kveld etter kveld, veke etter veke, månad etter månad, år etter år! Bjørnevik Teater stod fram som eit fenomen i tida.

«Skjærgårdsflirt» blei framført over 2000 gongar i Oslo og på turnear. Stykket blei også filmatisert – sjølv sagt med Bjørnevik i ei av rollene.

På dette stykket tente Bjørnevik ein formue. Han blei ein rik mann. Det blei sagt at «han kunne kjøpt seg ein herregard i Smålenene eller ein karnifarm i Drøbak» om han ville. Der kunne han ha levd Herrens glade dagar resten av sitt liv. Han gjorde ingenting av dette. Han ville spele teater og fortsette å skaffe arbeid til skodespelarane sine.



ein hingst. Han ville ha det på sin måte og det menneske var ikkje fødd som kunne overtyde han med motsette meiningar. Det fortel likevel mykje om mannen at same skodespelarar trufast går igjen frå stykke til stykke.

Folkeleg og formasteleg

Å vere skodespelar var då (som no) rekna for å vere «fint». Bjørnevik var ingen «fin» skodespelar eller teatersjef. Det brydde han seg ikkje om. Slipset hans var verken spragla eller prikka som det skulle vere i dei kretsar. Han hadde ikkje eingong raud genser – eller sweater med eit finare ord. Og trur du ikkje at mannen kunne ha både skeive hæljar og kne i bukse? Han kunne til og med, sant for dyden, observerast midt på Karl Johan med betrakteleg mangel på mørkeblå vadmål akkurat der jakka var for kort til å dekke over makkoen!

Men så blei også saka som rimeleg er, teken opp til handsaming i Skuespillerforbundet. 39

1935:Bjørneviks Teater har oppført så langt: (Eigenreklame).

Henrik Ibsen: *Peer Gynt*. 98 gongar.

Henrik Ibsen: *Hærmændene på Helgeland*. 76 gongar.

Henrik Ibsen: *Brand*. 72 gongar.

Aug. Wennersten: *Brylluppet på Solø*. 150 gongar

Ove Ansteinsson: *Hu Dagmar*. 45 gongar.

Gideon Wahlberg: *Skjærgaardsflirt*. 1300 gongar.

Gideon Wahlberg: *Gutten*. 150 gongar.

Gideon Wahlberg: *Anna-Lenas friere*. 120 gongar.

Stein Balstad: *Kven dømmer?* 130 gongar.

Bjørn Bjørnevik: *Prinsessen i Svartberget*. 21 gongar.

Siegfrid Fischer: *Augustas lille feiltrin*. 191 gongar.

Siegfrid Fischer: *Amalies hemmelighet*. 58 gongar.

Bjørn Bjørnevik: *Fra Oslo til Hawaii*. 58 gongar

Margaret Mayo: *Storkens stedfortreder*. 78 gongar.

Sigfried Fischer: *Frida fra Flisa*. 194 gongar,

Giedon Wahlberg: *Farskap, morskap og ekteskap*, 215 gongar.

Bjørn Bjørnevik: *Med Gutta på Camping*. 88 gongar.

Elis Trader: *Kjærlighet og Vitaminer*.

verkeleg fine og store scenekunstnarar – samla til møte – uttrykte sin store indignasjon for slik formastelse! For ikkje å snakke om Unge Skuespilleres Forbund, som la inn plikta til å gå med raud sweater i vedtektene sine! Så vidt eg veit, var Bjørnevik så og seie kjemisk fri for raud genser også etter vedtaket i forbundet.

Kvar ærleg sunnmøring må late seg imponere av Bjørn Bjørneviks karriere, men faktisk var - og er han - mindre kjend på våre kantar. Toralv Maurstad uttalte i eit intervju at Bjørneviks Teater var det første ordentlege oppsøkjande teatret i Noreg, slik dei turnerte i krokjar og avkrokjar. Bjørnevik meinte idealistisk at kunst og teater var for folk flest der dei kunne le og more seg, og hyggje seg med både alvor og skjemt. Teaterkunst skulle ikkje vere berre for fine oslofolk.

Teaterlokale

Bjørneviks Teater heldt til i skiftande lokale, mellom anna det flotte Samfundshuset i Torggata.



Aud Bjørnevik Sørensen er dotter av teatersjefen frå Bjørnevik og både ho og etterkomarane hennar har arva dei kunstnarlege givnadene hans. (Foto: Privat)

Lokala hans der blei okkuperte av tyskarane under krigen. Bjørnevik dreiv også eit suksessrikt fri-luftsteater i Tøyenhagen – nærast eit amfi-teater – med lauverket frå store lønnetre hengande over scena.

Mange kjende og kjære skodespelarar har stått på Bjørnevik sine scener: Alfred Maurstad, Arne Lie, Kari Diesen, Einar Tveito, Espen Skjønberg, Rolf Søder, Otto Nilsen og Randi Heide-Steen, for å nemne nokre. Espen Skjønberg starta si karriere etter ei impulsiv handling av Bjørnevik. Unge Espen kom heim til Bjørn som stod og kløyvde ved bakom huset. Han var ute etter skodespelarjobb. Etter vel framført ærend, såg Bjørn på ungdomen og tilsette han på staden!

Manusforfattar

Bjørneviks teater var innom fleire sjangrar frå litterært teater (Ibsen) til ulike typar folkekomediar, men det var Bjørnevik sjølv som var den mest spelte forfattaren. Ikkje mindre enn ti komediar av han blei oppførte på teateret! «Fra Oslo til Hawaii», «Prinsessen i Svartberget» og «Med gutta på Camping» er nokre døme. Truleg er diverre ingen av dei trykte.

Bjørnevik var gift med Bertha Helene Bogen. Dei fekk fire born, tre jenter og ein gut.

Berre den yngste, Aud Bjørnevik Sørensen, lever

i dag. Ho er gift med Arnold Magnus Sørensen. Ho er veldig flink til å formidle stort og smått om far sin. Om det nokon gong høver å seie at «eplet fell ikkje langt frå stamma», må det vere her. Teatergenane frå Bjørn kjem att i born, barneborn og oldeborn.

Dottera Aud har drive det halvprofesjonelle «Ulvøya Teater» i Oslo i 35 år. Stykke som «My Fair Lady», «Sommer i Tyrol», «Oliver Twist» og mange fleire er synte fram der. Aud er svært flink til å teikne, noko fleire i familien er. Søstera Inger Anne var kunstmålar.

Døtrene til Aud er også kunstnarar – Belinda er skodespelar og Gabrielle er operasongar. Belinda har vore med i filmar, og ho har vore tilsett ved Sogn og Fjordane teater. Ho spela mellom anna hovudrolla i Jon Fosse-stykket «Natta syng sine songar». Helena (13) – oldebarnet til Bjørn - har også teaterblod i årane. Ho har mellom anna hatt hovudrolla i «Oliver Twist».

Dottera Aud omtalar faren som ein snill og god far som ikkje favoriserte guten i familien – alle var likeverdige. Han passa på at skulearbeidet vart skikkeleg gjort, slik at borna kunne få gode karakterar. Bjørn var også ein flink snikkar. Han kunne lafting, noko han lærte bort til borna sine. Han hadde enno mykje å utrette då han døydde av kreft i 1955. Bjørneviks Teater vart nedlagt tre år før. Det skal godt gjerast å finne ein sunnmøring som har stått på teaterscener så mykje som Bjørn Bjørnevik.

Kjelder:

Aud Bjørnevik Sørensen (dotter til Bjørn Bjørnevik)
Anders Kvernberg, referansebibliotekar ved Nasjonalbiblioteket,
Norsk Biografisk Leksikon.
Teater og Film leksikon.
Aftenposten, 13. oktober 2010.



Hans Strømmegjerde, fødd 1929, er kjelde og fotograf til denne historia, var saman med fleire andre sykkylvingar tysklandsbrigadist i 1950. Han har eit langt liv bak seg som gardbrukar og fabrikkarbeidar. Han er no ein aktiv pensjonist med spesiell interesse for foto og historie. Kjetil Tandstad har ført historia i pennen.

Norske okkupantar i Tyskland

- Sommaren 1949 vart vi innkalla til militærteneste i Tysklandsbrigaden, det vil seie fire månaders teneste i Noreg og seks månader i Tyskland. Vi møtte på Åndalsnes 4. november og vart sende nordover med bussar. Om natta kom vi til Trondheim og fekk betasuppe på Kristiansten Festning. Det første møtet vi fekk med Steinkjersannan var frukosten som vi fekk servert på feittete blekk tallerkenar, minnest Hans Strømmegjerde.

Avreise

Då rekruttskulen var slutt i februar 1950, vart dei sende til Oslo i gamle NSB-vogner med innsette benkar. Dei fekk med seg ei kort gudsteneste i domkyrkja i Trondheim før reisa gjekk vidare med tog til Østbanestasjonen i Oslo. Om ettermiddagen gjekk dei om bord i «Svalbard»- eit tidlegare tysk troppetransportskip som vart innkjøpt for å frakte brigadistane mellom Tyskland og Noreg.

Vest-Tyskland var okkupert frå 1945 - 55. Okkupasjonsmaktene var USA, Storbritannia, Frankrike, Noreg og Danmark. Noreg deltok frå februar 1947 til mars 1953. Då vart brigaden avvikla og køyretøya sende til Nord-Noreg. Det vart då det vi kjenner som Brigaden i Nord-Noreg.

Frå 1947 til 1949 vart brigaden lagt til Harz-området ved Hannover. I 1949 vart brigaden flytt til Nord-Tyskland ved Hamburg. Brigaden var ein del av den britiske Rhin-armeen men var også ein kort periode i 1947 eit regiment i Yorkshire-divisjonen. I 1955 vart okkupasjonen oppheva og Tyskland danna sin eigen hær - Bundeswehr. Same året vart jarnteppet – det vil seie at grensesperringane mellom vest og aust – sette opp. Totalt var det 12 norske brigadar som tenestegjorde i Tyskland og ca 50.000 nordmenn deltok.

Fiskelever

19. februar om morgonen gjekk dei i land i Flensburg. Om bord hadde vi fått utlevert to små hermetikkboksar. I den eine var det rogn og i den andre fiskelever. Dei vart ikkje etne, fortel Hans Strømmegjerde. Då toget for gjennom byen kasta vi dei ut av vindauga. Befolkninga for over hekkar og gjerde for å få tak i dei. Vi kom til Schleswig om formiddagen, fortel han. Leiren heitte Caterham Barracks, under krigen Seefliegerhorst Schleswig. I dag er namnet Kaserne auf der Freiheit, men no er leiren nedlagt.

I mars fekk dei ein slags vinter, ikkje særleg kaldt, men surt og vått. I april gjekk turen til Putlos til skarpe øvingar utover Kiel-bukta. På ei morgonoppstilling i byrjinga av mai sa kaptein Ulvestad: Kompaniet treng kvile. Vi skulle få ei vekes ferie i Harz. Turen gjekk sørover med tog og bil til Hotell Waldmühle nær Braunlage. På fyrste oppstilling peika løytnant Laudal bortover og sa. «Dere ser den veien der, går dere over den, kommer russerne og tar dere». Jarnteppet kom ikkje før i 1955, så det var ingen mur eller gjerde.

Sigaretthandel

Dagane gjekk med til å fortelje vitsar og sjå bortover på Die Brochen – det vesle fjellet som vi kjenner som Bloksberg. Då vi kom ut i juni, tok svært mange til å få nok valuta til å kjøpe fotoapparat. Norske kroner var ikkje gangbar valuta i butikkane. Å få tak i tyske mark gjekk på denne måten: Vi fekk ein kvote på 110 sigarettar per veke, som vi betalte 4,5 shilling for. Vi selde dei vidare på svartebørsen og fekk sju Mark for 100. Det tok litt tid å få nok valuta. Eit fotoapparat kosta mellom 60 og 110 Mark, fortel Hans Strømmegjerde.

Ein dag vi hadde undervisning i fotografering, om det gylne snitt og liknande, kom det ein frå kompanikontoret og sa at alle som var over 180 cm



Gi akt! Tysklandsveteranane Ola Tynes, Johan Strøm og Hans Strømmegjerde frå Sykkylven tenestegjorde alle i Tysklandsbrigaden i 1950. (Foto: Kjetil Tandstad)



Johan Strøm og Hans Strømmegjerde som ferske soldatar i Tysklandsbrigaden.



Dei norske gjorde det skarpt i idrettsarrangementa i Tysklandsbrigaden: Nummer tre frå venstre er Johan Strøm, som blant anna gjorde det skarpt i hurtigløp. Han tok 2. premie på 800 meter i den allierte meisterskapen på Olympia-stadion i Berlin. Elles vann han distriktsmeisterskapet i Hamburg og Bataljonsmeisterskapen i 4 x 400 m løp og var med på vinnarlaget i fotball.

høge skulle bli med ut på oppstilling. Vi trudde at dei skulle ha meir folk til militærpolitiet og mange melde seg. Dei vart stilte opp ute i garden. Etter ei stund kom eit kvinnfolk og såg på dei. Det kom fram at ho hevda at ho hadde blitt valdteken av ein som var over 180 cm høg, fortel han.

Ekstra beredskap

I midten av juni vart dei sende til Sennelager. Det gjekk med tog til Paderborn og vidare til eit øvingsområde. Medan vi var der, rundt jonsok, starta Korea-krigen som førte til stor internasjonal spenning. Då vart vi sende til dei store øvingsfelta på Lüneburger Heide som var fem seks mil frå grensa til Wazhawa-paktlanda. Om dagen roterte vi rundt i skogane. Stoppa vi to – tre timar, var det fram med spade og grave ei grop som vi gjekk ned i. Å grave sanden der var om lag som å grave mjølsnø her heime, seier han.

Det var to gongar det var litt spent medan brigaden var der nede. Det var under Berlin-blokaden frå 1948 til 1949 og då Korea-krigen starta. Men etter ei tid vert det unormale normalt og det roar seg. Eg har reist ein del tilbake til Tyskland i lag med ein som var offiser to gongar i Tysklandsbrigaden. Han seier at det var litt spesielt i 472 Brigaden. Sommaren i 1950 var det ekstra travelt truleg på grunn av beredskapen. Etter ein kort periode i leiren gjekk turen til Lüneburger Heide på dei store øvingsfelta Münsterlager, Soltau treningsleir og Hohne Bergen. Øvinga slutta 29. juli. I august var vi stort sett heime i Schleswig. I slutten av august vende vi nasen heim. Då var det vår tur til å bruke hæljarne oppover Karl Johan med «sjå til venstre og appell».

Bæsj og Kærri

var rett nok eit uttrykk vi ikkje hadde høyrte på den tida, men det hadde passa. Vi gjorde vårt «fornødne» ute i lendet og der det høvde best, fortel Hans Strømmegjerde. Men ein gong måtte vi improvisere. Den store manøveren vi hadde mot britane slutta 29. juli – to dagar seinare. Kvelden før fekk vi servert kornbiff eller det vi kalla død mann i boks. Det viste seg at den var litt bederva. Om morgonen vart vi lasta om bord i tre tonns lastebilar – og så kom problema! Men om bord hadde vi med oss reserveproviant, det var firkanta kjeksboxar med eit rundt lokk og det vart redninga. Lokket vart teke av og boksen gjekk rundt til dei trengande, fyrst ein gong og så ein gong til.

Så vart lokket sett på og boksen hivd ut i grøfta. Om lag tre mil syd for Hamburg gjorde kolonnen ein lengre stopp. Dette var om seinsommaren og rugen var hausta. Den gongen vart det brukt sjølvbindarar som batt kornband. Dei vart lødde opp ute på åkrane i store raukar med eit lite holrom inni. Med eit lidande ansiktsuttrykk og spisse bakendar for dei trengande bortover åkeren og sette seg inni raukane. Likevel var det sagt at ein del soldatar kom heim til leiren med ein mystisk odør den kvelden, seier Hans Strømmegjerde. I Kompani A fortalde dei same historia, men dei sette boksane som vart brukte i lag med dei uopna.

63 år seinare er det mangt å minnst frå tysklandsopphaldet. Krigsinvalidane som hoppa på ein fot med eine buksebeinet opphekta og alle flyktningane som kom vestover, såkalla «displaced persons» gjorde inntrykk. Det var folk som kom frå dei store byane Königsberg, Danzig og Stettin og Breslau som vart lagde under Polen.

Gratis kondom

«58 av 1.000 soldater i den norske Tysklandsbrigaden hadde pådratt seg veneriske sykdommer. Forekomsten av syfilis var sju ganger så stor som blant soldatene hjemme i Norge. 42 prosent av soldatene i siste brigade hadde hatt samleie med tyske kvinner.»

Dette skreiv venerolog Tore Berdal (1909 – 1974) i Tidsskrift for Den norske lægeforening etter eit opphald i Tysklandsbrigaden i 1949. Opplysningane førte til at regjeringa foreslo at soldatane skulle få utdelt gratis kondom. Forslaget skapte storm i avisene. Kristenfolket organiserte ein landsomfattende protestaksjon og samla inn over 400.000 underskrifter mot kondomutdelinga.

- Vi merka i grunnen ikkje så mykje til oppstyret heime, vi som var i Tyskland, seier Hans Strømmegjerde. Han kan forsikre at det generelt var lite høve til «piker, vin og sang» for dei norske styrkane og at uroa heime var ganske ugrunna. Det vart hevda at soldatane skulle få utdelt prevensjon i lag med lønninga. Det var ikkje sant. Utdelinga av kondom gjekk føre seg på denne måten: Daghavande korporal gjekk rundt på romma om morgonen for å notere sjuke og han kunne også ta opp bestillingar på kondom.

Her heime var det stort sett mannfolka som vart sende på bygda for å samle underskrifter mot


kondomutdelinga, fekk vi vite når vi kom heim. Kvinnene frykta dei pikante diskusjonane som kunne kome. Her i bygda var det ein mann som gjekk rundt og samla underskrifter for folkebrevet mot utdeling av kondom til soldatane. Han vart spurt om kva dette var for noko. Det er eg ikkje heilt sikker på, svara han, men det skal visst vere støvande saker.

Det vart også oppstyr då det vart sendt nedover nokre norske kvinner til kantinearbeid og liknande. Det vart understreka at det var «modne» kvinner. Protestane var likevel sterke heime i Noreg, seier Hans Strømmegjerde.

Følgjande soldatar frå Sykkylven var i Caterham Barracks, Schleswig garnison våren og sommaren 1950. Jon Kurseth (KpA), Ola Tynes (KpB), Glenn Melseth (KpB), Jon Hole (KpB), Johan Strøm (KpB), Hans Strømmegjerde (KpB), Jon Hole (samband) og Erling Fet (KpA). Halvard Harstad (transport), Per Langhaug (KpA), Alf Garli og Hans Hofset (KpC) var også soldatar i Tysklandsbrigaden og kom seinare til å slå seg ned i Sykkylven.

Jon Åkernes og hesten

Det er slik at når ein sersjant som har tre vinklar passerer, skal vakta ta på aksel gevær. Passerer ein fenrik, dei som har ei stjerne eller meir og er offiserar, skal ein presentere gevær. Det var ein sersjant som brukte å ri gjennom porten. Jon Åkernes stod vakt og presenterte gevær. Sersjanten stoppa og peike på vinklans sine, men Åkernes svarte på litt syngjande synnylvsdialekt: Det var ikkje deg eg presenterte gevær for, det var hesten. Du ser han har ei stjerne i panna.



Det var mykje å sjå på for ein unggut i Tysklandsbrigaden. (Teikning: Andreas Hauge.)



Uvante freistingar i butikkvindauga utanfor leiren. Men soldatlivet var alt anna enn piker, vin og song, fortel Hans Strømmegjerde.



Kai Løseth, fødd 1945, er oppvaksen på Løset i Ramstaddal og er pensjonert overlege ved Ålesund sjukehus. Han har skrive ei rekkje lokalhistoriske artiklar i Årboka og er spesielt interessert i historie og natur i heimbygda.

Brannen på Melset 1720

Av Kai Løseth

Ein husbrann er ille også i dagens velferdsstat, men for eit par hundreår sidan kunne ei slik ulukke vere fatal. Den unge Ole Larsen Melset skreiv til sjølvaste kong Frederik IV om hjelp og fekk oppleve at det var von i hengande snøre.

I Gardssoga for Sykkylven band 4 under Melset bruk D, no bruk 6, 7, 8, 9 og 10, står det om Ole Larsen d.y. som vart råka av brann i 1720. Ole er min fem gongar tippoldefar og han har mange etterkomarar både i og utanfor bygda. Han fekk bygselsetel på bruket etter faren i 1717, berre 18 år gammal, og ugift. Sjølvsaugt måtte han då prøve å skaffe seg ei kone, og henne fann han på andre sida av fjorden. Ho var ei ti år eldre enkje frå Vestre, opprinneleg frå Øvre Valbø, dotter til Ellev Klemetsen. Dei vart gifte i Ørskog kyrkje 5. januar 1721. I kyrkjeboka står: *Copuleret K.[arl] Ole Lars. Melset med E.[nke] Margrette Ellevsd.* Men nokre månader før han stod brudgom, råka ulykka.

Sak på tinget

Hendinga var framme på tingsamlinga i Valde skipreide den 10. november 1721. Grunnen til det var at han ville søkje kongen, Frederik IV, om skattefritak. Då måtte han ha tingsvitne på kva som hadde hendt, og så få ein skrivekyndig til å skrive brevet. I tingboka står ordrett slik:

For Retten fremkom een fattig skattebonde som er gifft og boende paa Melset i Walde skibrede beklagende sig hvorledis ulyckelig Waade Ild i det afvigte aar 1720, natten imellem d. 5te og 6te Nov. i hans fattige Huuse antendt is og opbrændte 13 Huuse med alt det lille hand ejede, samt det for sig haffte gevær og Mundering, efterdi hand var Soldat i Hans Kongl. Majets tieniste, saa hand med fattig kone og børn maatte gaa paa Vild mark i haarde vinters tide, og hafde ei saa meget


de Kunde fælde deris hoved til, dis aarsag hand i anledning den store Naade Hans. Kongl. Majets i sin allnaadigste skatteforordning haver forundt den som saaledis kommer til ulykke, tilspurde samtl. tilstædeværende almue, om det icke saaledes befindis. Hvortil de samtl. svarede, at det disverre er alt for meget sandt, at bemelte Ole Larssen Melsets Huuse og alt det lille hand ejede, saaledis som af hannem forklart er, ved Waade Ild er lagt i aske og hand dis aarsag i yderste armod og Elendighed er geraaden, hvilket og os laugretis mænd er bevidst, saaledis i allemaader sandt at være, med aller underdanigst ansøgning og begiering, Hans Kongl. Majets vilde allernaadst have Naade for denne saaledis forarmede og Ruinerte Mand med nogen forskaansel paa neste aars skatter, effter Hans Kongl. Majets og det Høikongl. Rentekammers egen store Naade og godtbefinnende. Hvorpaa Ole Larssen Melset var et lovskicket tingvidne begierende, som bevilget blev.

Brev til kongen

Deretter vart sjølv brevet skrive. Originalbrevet er det Riksarkivet som har. Eg har fått kopi av det, og det lyder slik:

*Stormægtigste Monarch
Allernaadigste arve Konge
og Herre!*

Eftersom Gud Allmægtigste haver hiemsøgt mig underteignede fattige Soldat og Skattebonde boende paa gaarden Melset i Valde Schibrede udj Sundmørs Fogderie udj Bergenhuus Stift med een u-formodentl. og hastig Waade Ild d. 5 og 6 Novembr. 1720, hvor ieg icke alleneste Miste 13 Huuse med hvis Lidet ieg Eiede, men endog det mig allernaadigste anfortroede Gevehr og Mundering, saa ieg med Hustru og Børn maatte gaae paa Vild marck, haardeste Vinter Tider, og hafde



Bonebrev til Kongen. (Faksimile frå brev, Riksarkivet.)

ej saa meget vi kunde helde voris hoved til. Det hossættende Tings vidnede Dato 11. Novembr. 1721 af voris gunstig Hr Amtmand attestered, Sandfærdig forklarer og bevidner; Thi ansøgis hermed I allerdybeste underdanighed, at Eders Kongel. Maiest. allernaadigst vilde forunde mig fattige Mand frihed; Imedens ieg ved Gudz og Smucke Christne Menniskers hjælp og Medlidenhed Kunde paa den besværlige Sted formaae at Nogenlunde Huuse over Hovedet, for mig og min fattige qvinde og børn, vi tilbede at allerunderdanigst en Naadige og Faderlige bønghørelse, som dend Naadefulde Gud efter voris inderligste bøn og Sucke, med sin Riige velsignelse vitterlig vil belønne, og vis forblive.

Melsett d 19de Decemb. 1721	Deris Kongel. Maiest. allerunderdst. troe arve undersotter og Tiener O. Ole L. Larsen Melsett
--------------------------------	--

(Kommentarar:

Siste linja: vis forblive vis er her i tydinga som.Bokstavane O. og L. i underskrifta har han truleg skrive sjølv.)

Ole og Margrete var ikkje gifte, og hadde ikkje barn ved brannen. Første barnet deira vart døypt 1. januar 1722, og var då truleg fødd mellom jul og nyttår 1721, ettersom born etter lova den gong skulle døypast innan åtte dagar. Denne jenta døydde eitt og eit halvt år gammal. Seinare fekk dei to born som levde opp. Borna det er vist til i brevet var kanskje Margrete sine frå første ekteskap?

Resultatet

Resultatet av brevet var at han fekk skattefritak i to år, noko som sikkert var ei god hjelp, brannforsikring eksisterte ikkje då. Det var først i 1767 det vart innført ei form for brannforsikring som omfatta heile landet. Ole var ung då ulykka råka, men ser ikkje ut til å ha mist pågangsmotet. Han hadde vore soldat og var sikkert i god fysisk form. Han stod på for å bygge opp att garden, men han vart ikkje nokon gammal mann. Ole døde i 1743, 44 år gammal. Det vart halde skifte etter han 9. juli same året. Arvingane var enkja Margrete Ellevsdotter, borna Margrete 18 år og Ole 16 år. Brutto eige i buet var vel 62 riksdalar. Når gjeld og utgifter til skiftet var fråtrekt var det att ca 25 riksdalar til deling på arvingane. Ikkje den store summen (verdien av ei ku var den gong 3 riksdalar), men det viser at han hadde greidd å arbeide seg opp att etter brannen som råka familien.

I skiftet er det lista opp vanlege reiskap og utstyr på ein gard. I tillegg hadde han smedutstyr: ei smie, 2 par belgar, smisté (ambolt), 2 smihamarar og 2 smitenger. Dette tyder på at han dreiv med smedarbeid i tillegg til gardsdrifta. Han eigde også eit naust, ein kjempefæring (stor færing med tre årepar) og sjetteparten i et fiærefahr (fjørefar) med naust og utstyr. 6 torskegarn, 1 sildegarn, garnstreng og tauverk. Fjørefar, som hadde fire årepar og var rigga med asymmetrisk råsegl, var truleg den mest brukte storbåten til havfiske på 1700-talet. Dette tyder på at Ole var med i eit båtlag som dreiv fiske utanfor kysten, og må tyde at menn inne frå fjordane alt på den tida deltok i fisket utanfor kysten.



Lars Longva, fødd 1951, er lærar ved ungdomsskolen og har også lagt ned ein stor innsats for båtar og maritime bygningar. Han er ein av dei drivande kreftene i Spleiselaget, et lag som tek vare på eldre bruksbåtar og annan kystkultur. Artikkelen er tidlegare trykt i lagsbladet til Spleiselaget – Syft og Skaut.

Naustrekkja i Ullavika – eit orkanoffer

Av Lars Longva

Orkanen Dagmar sette sitt preg på jula 2011. Ikkje før hadde julefreden lagt seg over landet, før han bles opp frå nordvest og sette ein stoppar for vidare julefeiring.

Mangt eit tak måtte reparerast for å sikre verdiar innomhus. Enkelte stader vart skadane store. Verst vart det der både vind og sjø fekk herje. Ullavika vender den vide naustrada si mot vest-nordvest, slik at sjøen fekk byggje seg opp heilt frå Flisfjorden før han med full styrke og bølgehøgde møtte nausta, der dei står med ryggen mot den gamle bygdevegen.

Før om åra er det nettopp vegen som har vore det største trugsmålet for desse bygningane. Han har ete seg utover og lagt på seg i høgda, slik at vegfyllingane fleire stader er på veg langt oppetter fremste gavlveggen.

Denne gongen kom altså angrepet frå sjøsida, og det var verre enn nokon kan minnast. Etterpå såg det kanskje ikkje så gale ut, sett frå vegen, men frå sjøsida var katastrofen synleg for alle. Fleire stader stod nausta utan dører og gavlvegger mot sjøen. Båtar var knuste og vegn og inventar låg spreidde eller samanpakka rut-over-rat langs heile strandlinja. Den raserte naustrekkja stod att som eit katastrofeområde.

Tapte kulturminne

Med slike store øydeleggingar er det også litt usikkert med framtida til naustrekkja i Ullavika. Ganske sikkert er det at ho ikkje kjem til å bli heilt som før. Fleire av dei nausta som har størst kulturhistorisk verdi, er så mykje skada at det kan vere vanskeleg å tenkje seg ei istandsettjing som tek vare på den historia desse representerer.

Dei grindbygde nausta inst inne, Skjerva-naustet, Myrenaustet, Knutnaustet og Ingardsnaustet/Jenshaugsnaustet har fått store skadar. Det er

usikkert om desse kan setjast i stand slik dei var før orkanen. I så fall vil kulturminne gå tapt. Ingardsnaustet/Jenshaugsnaustet t.d. er ein interessant bygning. Her er det, til liks med dei andre grindbygningane i naustrekkja, lagt inn spesielt utforma skråband mellom stav og bete for å gje større rømd i naustet. Den fremste gavlveggen har dessutan eit bjørle, ein "tømmertrekant" i toppen.

Myrenaustet er særleg interessant fordi det har båtboard frå ein sunnmørsottring på begge langveggene. Ein artig detalj som fortel sitt om ei anna tid, er brevsprekken som er lett å finne midt i fremste gavlveggen på Flydalsnaustet. Her leverte postbodet sendingar til folket på Skjerva, ein av gardane ovanfor nausta, i meir enn ein mannsalder. Innafor veggene var det plassert ei kasse som tok imot breva.

Det er fleire andre grindbygde naust lenger ute i rekkja, men desse er i ferd med å kome i mindretal. Sjølve måten å byggje på, der ein plasserer stavane på steinar i terrenget, gir den beste lagringsplassen for ein trebåt. Sidan desse bygningane er opne i grunnen, gir dei eit høveleg fuktig klima for treet i båten. At saumen blir litt meir utsett for rust, får ein tåle. Saum kan skiftast. Det er verre med bord som rivnar og båtar som lek.

Det er fleire naust i Ullavika enn dei som er tekne med i omtalen av den lange naustrekkja nord for småbåthamna. For nokre år sidan, i samband med utbygging, forsvann fleire naust nord for denne naustrekkja, mellom desse Jacobsnaustet. Inste naustveggen på Jacobsnaustet var kledd med båtboard frå ein snidbetning. Desse borda er no å finne i utstillingane til sjøfartsmuseet i Bergen. Lengre ute, mellom Maxbo Idebygg og Peterson Emballasje AS, er der framleis fleire naust, mellom andre naustet til Eliasgarden på Aure. Utanfor Peterson er det komne til to nye naust som tilhører Jangarden og Bakkegarden på Aure. Desse naus-



Dei inste nausta i Ullavika. Frå venstre: Ingardsnaustet (Kjemphol)/Jenshaugs-naustet (Eidem), Knutnaustet (Aure), Myrenaustet (Grebstad), Massinaustet (Ullavika, Anders Aure) og Skjervanaustet/Flydalnaustet, som vi berre så vidt kan sjå. Av dei nyare nausta lengre inne, er nausta til Kjell Hafsås, Karl Aursnes, Otto Helge Hjellegjerde og Leif Jarle Aure synlege lengst borte.



Utsnitt av eit flyfoto frå rundt 1950 syner naustrekkja i Ullavika med Flydalnaustet lengst til høgre og trelastlageret til Petter Andestad nærast. Me kan også sjå støene nedanfor nausta. Desse er også kulturminne som ein burde ta vare på. Ei båtstø med ein fint opplagd vør er eit flott syn! Båtane dei brukte før, låg ikkje ute. Dei blei dregne inn i naustet etter bruk. For at dette skulle gå greitt, var det også viktig å kunne støene, slik at at båten kunne gli lett når han skulle inn og ut av naustet. Bak nausta ligg plassebruket Ullavika, også kalla Pihlgarden, utskildt frå Pihlgarden på Aure.

ta markerer også grensa for den gamle Auregarden mot Fauske.

Fjora var viktig

Før den nye hovudvegen kom på 1970-talet, låg nausta i Auregarden nedanfor kyrkja, godt på sørsida av elvaosen. I den tida det vart tørka fisk



Eit vanleg skråband mellom stav og rafthald og eit 90° vakse skråband mellom stav og bete i Ingardsnaustet/Jenshaugs-naustet.



Fleire av dei ytste nausta greidde seg tolleg bra. Fleire av dei har solide betongmurar som kan yte større motstand mot stormen. I enden ser me dei gamle bygningane til Idebygg, opphavleg Petter Andestad sitt trelastlager. Det første naustet me kan skimte er Kirkebønaustet, vidare Eliasnaustet, Bakkenauaset og naustet til John Magne Sandal. Det næraste naustet er Åsnaustet. I framgrunnen ser me ein av dei mange båtane som blei slegne sund i stormen. Heilt til venstre i biletet ser me i eitt av nausta i ei ny naustrekkje, som står på ei fylling. Desse har front mot sør, og vart knapt skadde.



Myrenaustet med båtboardkledd langvegg. Begge desse nausta har ein plass i saga til Spleiselaget. I det første heldt Kyrkjebåten hus i mange år. Naustveggen på det andre har vore utgangspunkt for framsider i Syft og Skaut, og i tillegg vore oppmålt, slik at Saxe Bjørkedal kunne rekonstruere båten på teiknebrettet.

i fjøra, brukte aurekarane heile fjøra på begge sider av elva til klippfiskproduksjon, heilt ut til nausta i Ullavika. At bruks- og eigeomsrett til fjøra var sett på som viktig, vitnar ei rettsak mellom brukarar i Auregarden oss om: Ho gjekk heilt til Høgsterett!

For folk flest var det viktig å ha tilgjenge til sjøen. Dei som ikkje åtte fjøre, leigde t.d. fjøre for å tørke klippfisk. Minst like viktig var det å ha eit naust som kunne huse ein båt. For nokre mannsaldrar sidan var båten viktigare enn bilen er i dag. Som bilen var han eit nødvendig transportmiddel, men også ein "reiskap" for å skaffe fisk frå fjorden. Naustrekkja i Ullavika fortel sitt om dette. Her har så godt som alle gardar fram til Aurdal og Andestad hatt naustrettar. Desse rettane har ofte skifta eigarar, og svært mange naustrettar er delte mellom to eller fleire eigarar.

Eitt døme kan vere naustretten som først tilhørde Bastiangarden og Sjurgarden på Grebstad, der brukaren i Sjurgarden gav halvparten av sin naustrett i bryllaupsgåve til folket i Thomasgarden. Dermed sat Bastiangarden med ein halv naustrett, medan Sjurgarden og Thomasgarden sat att med ein kvart naustrett kvar.



Frå venstre: Sandalnaustet, Åsnaustet, Andestadnaustet, Kagholnaustet (-ytste), Pihlnaustet, Kagholnaustet (-fremste. Berre stonga i mønet for straumtilførsel er synleg), Tormodnaustet, Ronganaustet/ Knutnaustet.

Karl Johan Ullavik frå Fremste-Kagholen kan fortelje at naustet deira først tilhørde Tormodgarden på Aurdal, sidan Karigarden på Welle, før faren, som også heitte Karl Johan Ullavik, kjøpte naustretten. Han kjøpte også eit naust på Riksheim, som han tok ned og flytta i Ullavika. Dei gamle grindnausta var slik at det var vandelaust å flytte grindene i bygningen og passe inn stavlengdene slik at dei kunne plasserast nærast kvar som helst i terrenget.

Ullavik-nausta


Med atterhald om feil og manglar, vil eg prøve å gje eit oversyn over nausta i Ullavika. Teikninga er etter eit kart eg har fått frå kommunen (som i alle fall ikkje er heilt rett). Eg tek med både dei nausta som ligg der i dag og nausttomter utan bygningar. På fleire av desse har det vore naust tidlegare. Eg dristar meg også til å nemne eigarar, dei fleste stader. I dei fleste tilfelle eig dei nemnde gardane og/eller personane berre naustet, eller dei har ein naustrett. I nokre tilfelle eig dei også nausttomta eller delar av naustgrunnen. Når naustgrunnen tilhører Jacobsgarden, Ullavikplassen eller Pihlgarden, er grunneigaren ikkje nemnd i dette oversynet. Desse eigeomsforholda kjem eg tilbake til

lengre ute i artikkelen. Naustrekkja er avgrensa av trelastlageret i nord og småbåthamna i sør, med det kvadratiske servicebygget.

Samansette eigeomsforhold

Heile Ullavika høyrer til Auregarden. Her hadde dei før i tida også eit svært verdfullt lakseverpe. Der naustrekkja ligg, er det i dag fleire grunneigarar, og dei fleste nausta står ikkje på eigen grunn. I grove trekk tilhører grunnen frå trelastlageret i nord til området ved Andestadnaustet Jakobs-garden (Steinar Johan Bakke), så er det Ullavikplassen/Pihlgarden i Ullavika (Kjellaug Aure) som eig grunnen til og med naustet som tilhører Klokkargarden/Severingarden (nedrive). Grensa sørover til Pihlbruket i Auregarden (Lars Otto Aure) går gjennom denne naustgrunnen. Dei inste nausttomtene, frå naustet til Kjell Hafsås til naustet til Leif Jarle Aure ved småbåthamna, tilhører nausteigarane. I si tid gav Lars K. A. Aure (Pihl-Lars) naustgrunn i Ullavika til døtrene sine. "Sjølveigarnausta" i dette området er eit resultat av at desse eigeomane vart overdregne til dagens eigarar.

Samstundes er det fleire av dei andre nausteigarane som også har kjøpt naustgrunnen. Der eige



Eigarar av naustrekke i Ullavika

1. Kirkebønaustet (Kjemphol. Petter Kirkebø)
2. Eliasnaustet (Grebstad. Olger Grebstad)
3. Bakkenaustet (Grebstad, Nils Bakke)
4. Sandalnaustet (John Magne Sandal - nybygg)
5. Åsnaustet - nedrive (tidlegare naustet til Andersgarden på Aurdal)
6. Andestadnaustet (Rasmusgarden/ Tormodgarden-Eidem. Petter André Løbak/Nils Arve Kjemphol)
7. Kagholnaustet (Ytste-Kagholen. Johan Hellesylt)
8. Pihlnaustet Kjellaug Aure/Kåre Welle)
9. Kagholnaustet (Fremste-Kagholen. Karl Johan Ullavik/Håkon Strandabø)
10. Tormodnaustet (Aurdal. Sigurd Johan Aure Saure)
11. Diriknaustet/Kagholnaustet (-ytste Arild Fure / Hilde Hellesylt)
12. Ronganaustet/Knutnaustet (Aurdal. Vidar Blindheim/Glen Melset)
13. Åmundnaustet (Eidem. Odd Arne Eidem)
14. Pålgarden/Åmundgarden (Høgset. Ny eigar: Gjerulv Horte - nybygg)
15. Per Welle / Jan Petter Welle
16. Bastiannaustet/Sjursnaustet/ Thomasnaustet - rive (Randi Welle/ Tone Grebstad/Carl Johan Tandstad)
17. Klokarnaustet/Severinnaustet (Grebstad - nedrive)
18. Pe-naustet/Gjerdenaustet (Lyshol/ Grebstad: Øyvind Bjørkavåg/ Arnt Ove Aure)
19. Gammelnaustet / Sersjantnaustet (Grebstad - nedrive for lenge sidan)
20. Ingardsnaustet /Jenshaugsnaustet (Kjemphol/Eidem)
21. Ellingnaustet/Fausagarden (Grebstad)
22. Knutnaustet (Aure)
23. Rongagarden/Larsgarden (Aurdal Karl Joakim Skotte/Thor Aurdal)
24. Myrenaustet (Grebstad)
25. Massinaustet (Anders Aure)
26. Skjervanaustet eller Flydalsnaustet
27. Kjell Hafsås
28. Karl Aursnes
29. Sveinung Forberg,
30. Lidvar Aure
31. Oddvar Hagen
32. Otto-Helge Hjellegjerde
33. Leif Jarle Aure.



Klippfisktøking i 1920-åra. Til venstre er det Lars K. A. Aure (Pihl-Lars) som vaskar fisk i ein færing saman med systera Laura. Bak huset til skomakar Martinus Lyshol ser me nausta i Auregarden. Alle dei næraste bygningane er borte. Brannen tok kyrkja, resten tok den nye riksvegen. (Biletet er utlånt av familien).

domsforholda er mest kompliserte, er det fleire som eig naustet i lag, eller deler ein naustrett, samstundes som det også er fleire andre som eig naustgrunnen. Ein kan tenkje seg at desse forholda skaper vanskar, både når nausta skal vølast og når nye naust eventuelt skal byggjast.

Det har såleis vore fleire rettssaker som gjeld eigarforhold og naustrettar. Alle desse har synt at dei skrivne naustrettane står sterkt. Sjølv om sjølve naustet har vore borte i lang tid, gjeld naustretten framleis. Følgjer det derimot ikkje papir med retten, går han ut om han ikkje blir hevda innanfor ei viss tid ved at ein til dømes set opp eit nytt naust. Eit anna, og litt vanskeleg forhold, både for naustretteigar og grunneigar, er at det i fleire tilfelle ikkje er nemnt i papira kvar naustretten gjeld, altså kvar naustet skal stå, eller kor stort det kan vere.

Kulturhistorie

Det står att å sjå kva som skjer med naustrekke i Ullavika. Nokre naust er allereie reparerte og mange blir nok langt på veg sette i stand slik dei var før øydeleggingane. Fleire blir truleg rivne, og

nye blir sette opp att. Kjekkast er det om dei ny-reiste nausta i form og proporsjonar glir inn som ein naturleg del av den lange naustrekke. Den samanhengande rekke av naust representerer ein kulturhistorisk verdi. Eit kart frå 1924 syner ei naustrekke svært lik den me kjenner i dag. I tillegg representerer historia til kvart naust på mange måtar eit kulturminne i seg sjølv.

Hovudkjelder:

Karl Johan Ullavik, Per Welle og Kjellaug Aure.

Gustav Weiberg Aurdal: Gardssoga for Sykkylven, band 1



Svein Linge, fødd 1947, arbeidde som informasjonssjef ved Det norske Teatret i Oslo før han flytte tilbake til Valldal som lærar, sauebonde og lokalpolitikar. Gjennom sonedotter til den kjende fanemålaren Ole Elias Ekornes, som vart kona hans, fekk han interesse for mannen som måla ein stor del av fanene som dei nasjonale og frilynde ungdommane fylka seg under.

Fanemålaren frå Ikornnes

Av Svein Linge

Få sykkyllvingar har sett meir fargeglade og symboltunge spor etter seg i norsk organisasjonsliv enn Ole Elias Ekornes. Den utflyt-te sykkyllvingen var ein kjend og akta kunstnarprofil i hovudstaden. I løpet av karrieren måla han minst 770 faner for ulike lag og organisasjonar landet rundt.

Ole Elias Ekornes vart fødd i Ole Karl-garden på Ikornnes. Foreldra var Ole Karl Eliassen Øye Ekornes, (f. 1830) og Johanne Fredrikke Hansdotter Ekornes (1836-1920). Dei fekk odelsguten Hans (1866 -1922) og Ole Elias (1868-1940).

Ole Elias reiste som ung gut til Holmøys stats-understøttede Arbeidsskole i Nordfjord. Seinare flytte han til byen og begynte ved Ålesund Offent-lige Tegneskole. Han praktiserte samstundes som trearbeidar og målar hos O. Havenæs. 26. august 1893 skriv arbeidsgjevaren i sluttattesten m.a.: "Hr. Ekornes er en meget dyktig, pålitelig og praktisk arbeider (...) Likeledes en meget hyggelig og ædruelig mand, så det er mig en sand glæde at anbefale ham til enhver, som måtte have brug for ham."

Teiknelyst

Framfor 50-årsjubileet 3. juli 1918 vart fanemålar Ekornes intervjuet av signaturen D.H., truleg for Sunnmørsposten. Der fortel Ole Elias: "Eg hadde slik hug til å teikna og rita då eg var gutunge. Så måtte eg vel helst bli snikkar då, meinte folk. Det var det vanlege det, om ein var litegrand nevenyttig. Derfor reiste eg til Holmøya så snart eg var sloppen fram for presten. Men det gjekk ikkje mange åra før eg kasta verktya og tok til på den kongelege kunst- og handverkskolen."

Ole Elias skriv sjølv i eit kort notat at "Tegnelysten bragte mig så videre til hovudstaden i 1893 hvor jeg gikk paa Kunst- og Håndverkskolen i 2 aar. Tok svenneprøven i 1899 og Borgerskap samme år. I 1899 kom jeg som glad sanger til å male en sangerfane. Da denne slo godt an, blev det snart flere og flere."

I høve 60-årsdagen til Ole Elias skriv fråhaldsavisa Folket om denne hendinga: "Sangforeningen Barden i I.O.G.T. ville i 1895 gjerne ha en fane, men hadde lite jordisk gods. Ekornes skulle for

første gang prøve seg som fanemaler for at det skulde bli billig for hans ordens- og sangersøsken. Men denne ene fane gjorde Ekornes til antagelig vårt lands mest søkte fanemaler." Avisa Folket skreiv vidare at Ekornes er ein meister i å finne motiv til fanene. Teksten på fanene er svært ofte på norsk, altså nynorsk.

Etterspurd

Slik starta ballen å rulle. Møre Tidend 3. juli 1918 skriv: "Fanene hans vart svært etterspurde over heile landet. Hans motiv er råkande og vakre. Arbeidet er framifrå. Til denne tid har Ekornes måla om lag 650 faner. I jubileumsåret 1914 arbeidde han 83, men på jamnen har det vore 25 - 30 faner kvart år for lag av alle slag: Ungdomslag, skyttarlag, losjar, fråhaldslag. Ymse slags faglag har vendt seg til Ekornes når dei skulle ha fane. Han har også levert faner til utlandet og 4 - 5 til Amerika.

Fanemålar Ekornes er ein av dei som i hovudstaden har gjort mest for å verne om all bondeungdom som strøymmer inn til byen. I Bondeungdomslaget har han vore svært mykje nytta. (...) I Kristiania er han svært vyrd. Fanemålar Ekornes er god sunnmøring, tilmed ein av dei traustaste og mest staute sunnmøringar ein kan ha høve til å råka. Ung i hug som ein 20-åring, frilynd og radikal. Dertil stø målmann. Det er noko saltfriskt over all hans ferd."

Om Ekornes som fråhaldsmann skriv Folket i 1928: "Avholdsmann har han vært i 45 år frå 1.august 1894. Først som medlem av D.N.T. (den Norske Totalavhaldslosje)". Etter kvart fekk han saman med Klaus Sletten og fleire i gang den einaste mållosjen i byen, losje Tjodlaug, "hvor han stadig er en av de mest interessante medlemmer. National-Kafeen, Oslo distriktslosjes kafé, skyldes også han initiativ".

Raus og blid

I 1983 vart eg kjend med Mari, sonedotter til fanemålaren (som no er kona mi) og Sykkylven og Sunnmøre vart ofte tema. Både svigerfar og dei tre søstrene hans var alle frå barneåra av fortalt om vakre Sykkylven spesielt og Sunnmøre generelt. Borna til Ole Elias siterte ofte eitt av faren sine standarduttrykk: "...i mine velmaktsdagar".



Fanemålar Ole Elias Ekornes vekte oppsikt på Karl Johan med sin sølvskjefta spaserstokk og sitt flagrande hår.

Slik eg i dag minnest og tolkar det sonen Ole Karl fortalde (eg var på den tid formann i BUL Oslo), gav Ole Elias lån til Bondeungdomslaget ved fleire høve.

Om fanemålaren si rausheit skriv signaturen D.H i Sunnmørsposten 29. juni 1918: "Unge sunnmøringar som har kome til byen har gjerne funne ein ven i Ekornes. Han var ikkje so nøgjen på ei



Fana som Ole Elias Ekornes måla til i heimegrenda i 1914. Fana er framifrå ven, av kvit silke med dei megtuge sykkyllsfjella som bakgrunn. Ein stor bautastein, det norske flagg. Ein skulegut og ei skulejente dannar framgrunnen. Råma om det heile er "Jarnes skulekrins" med store gullbokstavar, skreiv Møre Tidend. (Foto: Kjetil Tandstad)

krone eller to når ein sunnmørsstudent var i beit for ei bok eller ein middag på "Dampen". Og vart det nokre kroner i underskot på eit festleg lag, så fekk han gjerne lov til å betale. Det følgde liksom av seg sjølv. Mange gonger fekk han visst ikkje takk for det. Men han var alltid like rund og blid."

Dette er henta frå eit langt portrettintervju i høve 50-årsdagen til Ole Elias. D.H. må ha kjent fanemålaren godt for i ei sterkt personleg skil-dring av jubilaranten skriv han m.a.: "50 år er ingen alder, seier eit gammalt ord; men eg skyna fyrst kor sant det var, då eg i dag fekk høyra at fanemålar Ekornes fyller halvhundrad år 3. juli. Når ein ser den festlege profilen hans på Karl Johan i mid-dagsstunda, so skulle ein so visst ikkje tru at han

var so mykje yver dei 30. Men det sylvsprengde håret då? Ja, det kan so vere. Men eg for min part hev helst tenkt at han må vera fødd med sylvtrådar i håret. Det er mange Herrens år sidan eg fyrste gongen råka Ekornes. Hårfargen var den same den gongen. So det kan ikkje ha noko med alderen å gjera.

Festfigur

Heile hovudstaden kjenner Ekornes. Kven hev vel ikkje sett den strake tettvaksne karen med den tunge sylvastaven og den store grå kunstnarhat-ten? (...) Heile landet kjenner Ekornes – i alle høve den norsklynde ungdommen og fråhalds-ungdommen. Sjølv kjenner han også landet, folket og naturen. På stemne og møte ser ein Ekornes først i flokken. Han er utsending for Bondeungdomslaget eller fråhaldslag, eller han reiser for eiga rekning. Ein skulle mest tru at denne festfig-uren ikkje hadde tid til arbeid. Men det skal vi sjå seinare at han hev.

Han er glad i den norske ungdommen, Ekornes. Og i Noreg. Det kjem fram i alt arbeidet hans, til fest og til yrke, i fanemotiv og i fargane hans. Ser du ei prydleg fane i eit 17. mai-tog med eit vent norsk motiv og bjarte fargar, kan du gjerne spyrra om ikkje Ekornes er meisteren. Han kjenner Noreg, ser du. Han hev m.a. ei sjeldsynt fotosam-ling frå Lindesnes til Nordkapp. Truleg er han ein av dei fremste amatørfotografane våre. Han veit å finna det særmerkte når han tek bilæti sine. Då kan han bruka dei seinare når han hev trong til eit fanemotiv.

(Her er det på sin plass å minne om at sonen Ole Karl Ekornes tok kontakt med Sykkylven so-genemnd. Han og dei to søstrene (Kari og Solveig) gav alle negative glasplater til Sykkylven muse-umsnemnd v/ Jon Hole. Mange av hans foto er med i "Sykkylven – Bygda og folket i farne tider" redigert av Jon Hole i 1988. Hole viser på s. 5 til at det er fotografen vi interesserer oss for. Ole Karl Ekornes presiserer at faren ikkje var fotograf, men at han etter den tid hadde eit avansert fotoutstyr. Han både framkalla, kopierte og forstørta sjølv.)

D.H i Sunnmørsposten skildrar også atelieret fanemålaren hadde i 5. etasje i Bernt Ankers gate 5. Dette var loftetasjen. Sjølv budde Ole Elias og familien med kona og fire born i ein etasje under. "Skilt og dekorasjonsmålar" står det på døra til atelieret. Det er eg også, seier Ekornes i det han står og peikar og viser ein læregut korleis han skal lage gullbokstavar på eit uhorveleg skjelt til ei klædebud i byen ein stad. "Det er fanemålinga eg likar best", seier Ole Elias og held fram: " Eg kan liksom leggja noko meir av meg sjølv inn i dette arbeidet." (...) "Langt burt med veggen stend ei heil mengd med ferdige og uferdige faner. Eit par

gutar stend med palett og pensel og briskar seg, mest som dei skulle vera meistarar for fanene."

Klaus Sletten

I Kristiania kom unge Ekornes inn i miljøet rundt Klaus Sletten som var ein av grunnleggarane av Bondeungdomslaget i Oslo og seinare Noregs Mållag. I 25-årssoga til BUL i Oslo blir striden om lagsfana skildra. Striden starta i 1905, då Klaus Sletten ville at Ole Ekornes skulle måla fana. Striden vart hard, så ueinige vart dei at Klaus Sletten i 1907 trekte seg i protest som formann i laget. Han vart vald til formann igjen vel eit år seinare! I 1910 gav laget opp å få si eiga fane. Saka dukka opp igjen i 1925. Striden held fram i fem år til utan at noka fane vart laga. Først i 1963 fekk BUL ei fane, måla av sonen til Ole Elias Ekornes, Ole Karl Ekornes (1922 -2004).

Venskapen mellom Klaus Sletten og Ole Elias kjem og fram slik: Klaus Sletten hadde eit ønskje og truleg og ein god sjanse for å kome på Stortinget. Men "Bondeparagrafen" i Grunnlova gjorde at skulle han ha sjanse, måtte han eige jord. Ole Elias tok då kontakt med broren Hans heime på Ole Karl-garden på Ikornnes og dei fann løysinga. Klaus Sletten fekk kjøpt eit stykke så pass stort at han vart "bonde". Dessverre for Sletten (truleg og for norskdomsrøsla) så lukkast han ikkje med å kome på Stortinget. I staden vart han redaktør i Stavanger Aftenblad.

I høve 70-årsjubileet til Ole Elias Ekornes hadde Morgenposten i Oslo ei melding om han 2. juli 1938: "I en årrekke var fanemaler Ekornes medlem av byens store 17.mai-komite. I 1914 (ved hundreårsmarkeringa av grunnlova) forestod han hele arrangementet".

Signaturen Kro i Sunnmørsposten intervjuar fanemålar Ekornes 27. oktober 1938. Då hadde han måla 770 faner og var i arbeid med ei fane til kolgravarane på Svalbard. Han hadde nyleg gjort ferdig ei fane til eit lag i Canada for utvandra-rar frå Syvde og Vanylven. Syvdsbotnen på den eine sida av fana og Vanylven på den andre. Ein ser utvandarane reise medan dei heime står og vinkar. I sjølve intervjuet kjem det klart fram kor sterkt knytt fanemålaren var til heimbygda: "Han har ikkje gløymt heimbygda. Tvert imot. Han er av dei sunnmøringane som har reist ut som best har halde oppe sambandet med heimbygda.

Beste utsynet

- Før eg vart gift (1915), var eg heime i Sykkylven kvar sommar. Vi var berre to brør. So snart det vårast, fekk eg brev på brev frå han som hadde farsgarden. Han spurde om eg ikkje kom snart. Vi har så mange minne saman frå jakt- og fisketurar på høgjellet. For dit opp bar det straks eg kom

heim. Der heldt eg meg svært mykje av den tida eg hadde fri. Etter at eg gifte meg, har det vore vanskelegare å rive seg laus. Men så ofte det har vore tid og høve til det, har eg sett kursen heim-over.

- Frå kvar får ein det beste utsynet over Sykkylven?

-Rette inntrykket av bygda får ein ikkje før ein kjem heilt fram i bygda på Ekornessida. Då kjem fjella til sin fulle rett – med Straumshornet som ein rett pyramide.

Møre Tidend skreiv om då Jarnes skule fekk ny fane (1914): "Dekorasjonsmålar O. Ekornes gav ny skulefane til Jarnes skulekrins søndag som var. Eldre og yngre samla seg då i skulehuset. Etter at lærar Fredriksen ut frå orda "Heidra far din og mor di" avduka fana, fekk hr. Ekornes ordet. Han mana dei unge til å syna trott og truskap. Løna var ei stor arbeidsglede. Han gav fana til heime-krinsen med takk for gammalt og nytt og med von om at ho vart brukt 17.mai og til andre festdagar. Krinsformann Bastian K. Sætre tok imot fana og takka for den store og uventa gåva. Referenten Fr i Møre Tidend skildra fana slik: "Fana er framifrå ven, av kvit silke med dei megtuge sykkyllsfjella som bakgrunn. Ein stor bautastein, det norske flagg. Ein skulegut og ei skulejente dannar fram-grunnen. Råma om det heile er "Jarnes skule-krins" med store gullbokstavar. Ein present vart given Ekornes og frue frå krinsen som eit synleg teikn på vyrdnad og takksemnd fordi han etter 20 års opphald i Kristiania likevel ikkje hadde gløymt heimegrenda".

I avisa "Den 17de mai" 12. februar 1932 i spalta Løglege minner ved Frifant (Arne Falk) blir Ekornes skildra som kortspelar og i børsordskifte:

"Fælande sinna"

"Mellom dei litt eldre mål- og fråhaldsfolk er fanemålar Ekornes kjend over godt som heile lan-det. Det er ein fælande gild mann med eit strå-lande humør. Det er ein fest å vere saman med han. Og so er han ein staut kar. Då han var i sin beste brage og stramma opp på Karl Johan med sylvhandtakstokk, mjuk stor hatt og flakrande kunstnarhår, var eg byrg når eg kunne gå i følgje med han. Han hadde diverre til all lukke to veike sider. Han var som bladstyraren i "17de mai" veit fælande sinna i kortspel. Då kunne tanke- og resonnement klikka litt. Og i ordskifte ville gjerne eit eller anna ord koma litt på tverke. Det kunne tyde noko av kvart for dei som ville mistyda. Og kven ville ikkje det?

Her er eit døme på kvar av desse veike sidene: Det var ein av dei første gongane eg var saman med han. Vi spela whist. Eg hadde stormkort. Han og hadde bra kort. Vi tok annakvart stikk til å by



Denne fana vart bestilt at Ungdomslaget Samhald i Straumgjerde og rakk med naud og neppe fram til 17. mai-festen i Straumgjerde. Då det om kvelden 16. mai 1899 vart klart at fana dei hadde tinga framleis stod i Ålesund, rodde to naboar frå Tandstad til byen om natta, henta ut fana på posthuset om morgonen og rodde heim att. Dei var tilbake i god tid før festen om ettermiddagen. (Foto: Kjetil Tandstad)

rja med. Til slutt sat eg att med 5 ståkløver. Eg spela langsam stikk for stikk. Ekornes vart meir og meir uroleg. For han hadde 2 stakort. Då eg spela siste kløveren og vi hadde teke motparten med storeslem, for han opp i stort sinne, slengjer siste kortet sitt i andletet mitt og seier: "Hadde du spela rett, hadde vi fått to stikk til!"

So var det i eit offentleg ordskifte ein gong. Kva vi ordskiftet om kan vere det same. Men han held denne talen: "Eg har høyrte at N.N. har utarta og vorte ein børs for unge jenter. Eg har diverre ikkje hatt høve til å vere der." Meir fekk han ikkje sagt. For vi sette i ein flirande lått. Då ser han noko resignert rundt seg og seier: Eg ser de ler. Men for meg er det alvorleg nok."

Heimemålet

14. august 1937 hadde Sunnmørsposten oppslaget: "Fanemålar Ole Ekornes i Sykkylven" (Det synest som om journalisten har stor respekt for sitt intervjuobjekt):

"Mellom dei mange sunnmøringar som gje-star heimbygda desse fagre summarsdagane er vel ingen meir kjend enn fanemålar Ole Ekornes. I desse dagar er han heime i Sykkylven på ein kort ferietur. Me råka den kjende sykkylvingen og fekk ein kort samtale med han. Med humør og lynne er han, endå sine 69 år, den same friske mannen og kunstnaren i ordet si rette tyding.

- Kor lenge er det sidan De var på desse kan-tar no?

- Ja, det er um lag 22 år sidan sist eg var i Sykkylven.

- De driv enno med fanemåling?

- Det siste året har eg levert 22 faner.

- Og over heile landet elles?

- Ja, det er vel få bygder eg ikkje har levert noko til. Mange skulekrinsar, særleg austanfjells har jamt si eiga fane. Men elles gjeng det på lags-faner for ungdom, songarfaner o.s.b.

Hr. Ekornes har levert fleire faner til Sykkylven og andre bygder på Sunnmøre. Etter sitt lange fråver uttala Hr. Ekornes si begeistring over Sunnmøre og utviklinga elles, då særleg om Sykkylven, som han alltid har hatt i minnet frå barne- og ungdomsdagane. Dei mange humørfylte hendingar frå gamle dagar kan han fortelje med liv og lyst. Men det me mest merka oss var at sykkylvsmålet endå sat så fast i han.

- De har ikkje gløymt heimemålet?

- Nei, skulle eg gløyma det, måtte eg gløyma både meg sjølv og kvar eg var ifrå."

Fanemålar Ole Elias Ekornes døydd i januar 1940.



Annonse som fanemålar Ole Elias Ekornes brukte når han var i Kristiania.



Sissel Brunstad, fødd 1956 er radio- og tv-journalist i NRK. Ho har laga ei rekkje program med lokalhistorisk tilsnitt. Artikkelen om Marie Aase er for det meste basert på eit portrettprogram ho laga om Marie Aase som blei sendt i "Sånn er livet" på P1 og NRK Møre og Romsdal hausten 1986.

Første kvinne i kommunestyret og pioner i helsearbeid

- Glad i all mi gjerning

Av Sissel Brunstad

Eit "hopp", eit kvinnekupp og ein utrøyt-teleg innsats for folkehelsa gjer Marie Aase (1894 - 1991) til ei av dei mest banebrytande kvinnene i Sykkylven i førre hundreår. Ho levde livet i teneste for andre og var første kvinna i kommunestyret i bygda. 100 år etter at kvinnene fekk allmenn stemmerett står Marie Aase fram som ein pioner.

Røysta var forbausande klar, bestemt og venleg. Augo like forbausande kvikke. Den vesle, kvithåra kvinna i lenestolen gjorde straks eit uutsletteleg inntrykk der ho sat på rommet sitt på sjukeheimen. Det stod ei eiga kraft av Marie Aase, også då ho 93 år gamal stod i livets haust. Kjekt at du vil sjå innom meg, sa ho, som i sine yngre dagar var med og gjorde politisk revolusjon i Sykkylven.

- Det var eit kvinnekupp vi gjorde, det var det, sa Marie og fortalde om korleis kvinnene i bygda gjekk saman og fekk til ei rein kvinneliste til valet 18. oktober 1937.

Dette var den første kvinnelista i ein landkommune i Møre og Romsdal, og truleg ei av dei første i sitt slag i landet. Husmorlaget og Bondekvinnelaget i bygda tok initiativet til lista, som inneheldt namn på kvinner frå dei fleste krinsane i Sykkylven. (sjå eiga ramme). Og etter mykje om og men, lukkast dei; ei kvinne fekk plass i heradstyret saman med 19 menn. Kven andre enn Marie Aase kunne fylle ein slik plass! Ho hadde då vore ei klippe i helsearbeidet mot tuberkulose i 17 år. Ho pleia sjuke i heile bygda, viste omsorg, berga liv, trøsta i sorg. Ho blei møtt med stor respekt og tillit, og var kjend og kjær for alle. Marie sette markante spor etter seg i både helse- og sosialvesenet, og ho sette nye merkesteinar for den tradisjonelle kvinnerolla. Det kan vel kallast eit kvinnekupp, det kan vel det, gjentok Marie.

Mobiliseringa

Frå valoppgåvene i 1937 ser vi at kvinnene i bygda mobiliserte for fullt og fekk medsysrter til stemmeurnene: Av dei 1214 som røysta i Sykkylven den hausten, var det 616 kvinner, mot 598 menn! For første gong stemte fleire kvinner enn menn ved eit val i Sykkylven.

Marie Aase fekk flest røyster av dei på Kvinnelista, og gjekk rett inn på fast plass i kommunestyret, eller heradstyret, som det heitte den gong. Lovise Fet og Anna Valderhaug Grebstad blei varakvinner for Marie. Verd å merke seg er også at to andre kvinner var nominerte på ei av krinslistene. Laura Vinje og Marte Åsen stod på lista til Aure krins. Marte Åsen blei vald til 3. vararepresentant i kommunestyret. Både Laura og Marte var dyktige kvinner med stor respekt i bygda.

- Det var nødvendig å få inn kvinnfolk. Karane var ikkje so svære verken i det eine eller andre. Ikkje var dei opplyste om mangt heller! Så det var om å gjere å få kvinner med i styre og stell. Det var det, slo Marie fast.

Ville ha endring

Kvinnesaka var på frammarsj i 1930-åra. I ein avisartikkel i Sunnmørsposten same hausten les vi at «likestillingen går ikke husmoren forbi; dagens kvinner er kortklipt og kjapp i replikken».

- Kvinnene var lei av eit mannsstyre som ikkje hadde særleg syn for sosiale problem, helsearbeid eller fattigdom, fortalde Marie. I sitt politiske virke markerte ho seg som ein varm talsperson for alt som hadde med helsestell og sosiaie tilhøve i bygda å gjere. Ingenting gjekk på "ein raus". Ho var gjennomtenkt og taktisk.

- Korleis blei du møtt av mennene?

- Det var høgtidleg å møte dei. Karane var av bygdas beste og mest skulerte menn, men elskverdige og kjekke.



Marie Aase saman med Amalie Furholm.

- Du var ikkje redd for å ta ordet då?
- Nei, eg fylgde med og hadde mine meiningar og framførde dei. Og så tok eg sakene vidare i korridoren. Der tok eg føre meg karane og sa kva eg meinte. Så fekk eg dei på mi side. Dei var lydhøyre med! Marie lo høgt då ho fortalde om korridorpolitikken ho dreiv. I dag vil vi seie at ho var ein god lobbyist.

I 1930-åra varde valperiodane ulikt og kommunevalet i -37 galdt for ein treårsperiode. Marie sat dermed i kommunestyret delar av første krigsåret i 1940. Også der spelte ho ei viktig rolle.

- Det som tok mykje av tida då, var alle nemndene som skulle setjast ned. Det var mjølnemnd, rasjoneringsnemnd og mange andre. Då var det om å gjere å få kvinnfolk inn i alle desse nemndene, veit du! Eg foreslo kvinner til kvar einaste nemnd, og dei kom med, alle som ei. Men så var dei også dei beste og mest hendte kvinnfoka, slo Marie fast.

Tidleg ute

Sykkylvskvinnene var føregangskvinner i lokalpolitikken i 1937. Dei var langt føre si tid. Først 40 år seinare byrja reine kvinnelister å gjere seg gjeldande ved kommuneval i Noreg. På slutten av 1970-talet blei det gjort liknande kvinnekupp mange stader.

Men om sykkylvskvinnene var tidleg ute, var dei ikkje først. Alt i 1910 finn vi ved kommunevalet i Kristiansund ei liste som er kalla "Kvinnelista". Tre av dei oppførde kom inn i bystyret. I tillegg fekk dei inn tre andre kvinner frå partiet Venstre. Heile seks kvinner inn på ein gong! På Utsira i Rogaland

kapra kvinner 11 av 12 plassar i heradsstyret og øya fekk landets første ordførar, Aasa Helgesen. Det var ein verdssensasjon. Men det viste seg at ingen av kvinnene stilte til val og dei ville slettes ikkje styre. I ettertid meiner ein at det heile truleg var regissert av menn som ville hemne seg på det sitjande kommunestyret fordi dei hadde starta jakt på skattesvindlarar i kommunen.

Kvinnelista i Sykkylven skal ha vore den eine av to slike her i landet ved lokalvalet i 1937. Same hausten fekk også tre andre kvinner plass i heradstyra i landkommunar i Møre og Romsdal; Lovise Heggen i Volda, Marta Linge i Norddal og Lydia Eliassen i Grytten. Ingen av desse stod på kvinnelister. Før den tid hadde det skjedd berre ein gong at ei kvinne hadde kome inn i heradstyret i ein landkommune her i fylket: i Rovde herad blei Inga Cecilie Rønneberg vald inn alt i 1929. Ho var Høgrekvinne, ei driftig forretningskvinne og markerte seg sterkt i lokalpolitisk arbeid. Ho sat i kommunestyret i heile tre periodar, og var åleine kvinne i kommunestyra «på landet» i Møre og Romsdal fram til 1937.

Bykvinnene bana veg

Ålesund var først ute i fylket med ei kvinne på fast plass i bystyret. Alt i 1901 blei Carla Barstad vald inn i bystyret. Det året blei det innført avgrensa stemmerett for kvinner som sjølve tente minst 300 kroner året og som hadde betalt skatt for det. Kvinner som levde i formuefellesskap med ektefelle som hadde betalt minimumsskatt, kunne også røyste. Carla var ugift, men tente eigne pengar som lærarinne og betalte sjølvsgatt

skatt. Difor var det mogleg for henne å stille til val så tidleg. Ho representerte Høgre. Allmenn røysterett til kommunestyra fekk kvinnene i 1910, og til Stortinget i 1913. Gjennombrøtet med stemmerett ved kommunevalet i 1910, førte til stort kvinneengasjement i byane det året. Ikkje minst ga det puffet til at kristiansundarane mobiliserte og fekk inn sine seks kvinnelege representantar. Molde var sist ut av byane i fylket. Der kom første kvinne inn som representant i bystyret, i 1913. Den siste kommunen i fylket som fekk inn ein kvinneleg folkevald, var Gjemnes i 1967! Også det understrekar kor framsynte og nytenkande kvinnene her i bygda var i 1930-åra.

Høppet

1913 var eit politisk vendepunkt for kvinnene si deltaking i lokale og nasjonale val. Og lagnaden vil ha det til at denne milepelen for norske kvinner, også blei eit år då framtida til 19 år gamle Marie Otterstrøm blei staka ut. Otterstrøm var jentenamnet til Marie. Mora, Olave, kom frå Pettergarden på Ørsneset, og faren var teglsteinsarbeidar Lars Otterstrøm. Han arbeidde på teglverket på Aure, men døydde då Marie var seks år gamal. Marie var yngst i søskenflokket på fire, og ei uvanleg oppvakt jente. Ho drømde om å bli jordmor, men lagnaden gjorde henne til føregangskvinne i tuberkulosekampen og lokalpolitikken. I 1913 fekk ho oppmoding frå Sykkylven Tuberkuloselag om å bli sjukesøster med spesialutdanning innan tuberkulose i staden for jordmor. Ville ho gjere dette og kome tilbake til heimbygda og arbeide blant dei mange hundre tuberkulosesjuka, skulle laget betale utdanninga ved Trondhjems Sjukehus.

Tuberkuloselaget blei danna i 1913 etter initiativ frå Sykkylven Frilynde Ungdomslag. Alle andre ungdomslag i bygda blei med i laget og hadde sine representantar i styre og leiing. Ved førre hundreårsskiftet og i fleire tiår var Sykkylven ei av mange bygder i landet som var knega av den svært smittsame sjukdomen tuberkulose. Antibiotika var ukjent, vaksine like så. Sjukdomen var svært dødeleg, ramma flest born og unge og blei overført gjennom dropesmitte.

- Eg grubla ei stund på tilbodet om sjukepleiarutdanning. Men så var det slik ei naud i bygda den tida. Så mange døydde rundt oss over alt. Kyrjeklokkene slo mest dagstøtt for gravferdene. Ut-danna jordmødrer fanst, men ingen hadde sjukepleieutdanning. Det var ikkje vanleg at jentene

fekk "bli til nøke" den tid. Det var eit "høpp" for ei vanleg ungjente å få slik ei svær utdanning, sa Marie og smilte då ho tenkte tilbake på vegvalet sitt. Då ho vel var på plass i Trondheim hausten 1913, skjønnte ho straks at ho var hamna på rett hylle. - Eg kjende meg som det lukkelegaste menneske du kan tenkje deg.

Den kvite pesten

Då ho kom tilbake til heimbygda ved juletider i 1914 blei ho ein spydspiss, førebyggjar og livbergar i tuberkulosearbeidet og på mange andre område. Sykkylven hadde tidlegare høyrte til Ørskog herad, og både lege, prest og lensmann heldt framleis til på Sjøholt. Doktoren blei bodsend frå Sjøholt ved behov, men hadde fast kontordag på Aure ein gong kvar 14. dag.

For Marie blei kvardagen prega av "Den kvite pest", eller tæring, som tuberkulosen blei kalla i kvardagstale.

- Vi hadde aldri sett slikt før. Tankane gjekk til Svartedauden, for tæring var slik ein grufull sjukdom som tok så mange liv. Namnet "Den kvite pest", var vel eit slags tilvisning til "Svartedauden", meinte Marie.

- Det fanst ikkje mykje å møte han med anna enn grautomslag, kamferdråpar, opphald på sanatorium og "luftbad" der dei sjuke låg ute og pusta inn frisk luft nokre timar for dag. Men i heile landet døydde folk i tusenvis, mintes ho.

Marie drog frå heim til heim og pleia tuberkuløse i alle aldrar og samfunnslag. Born, ungdomar, vaksne og eldre. Ingen slapp unna. Verst var det når ei mor døydde og småborna og faren stod åleine att, sa ho med eit tungt sukk. I somme hus var heile familiar råka. Det var dei heimane der både sju og åtte familiemedlemmer var sjuka. I somme hus døydde heile familien. I andre hus var berre mor og far igjen etter at dei hadde mist alle borna sine.

Utrøyttleig

Alfa og omega for å få bukt med tuberkulosen, var kunnskap om hygiene og reinhald, om kosthald og korleis ein kunne prøve å verje seg mot pesten som herja.

- Først måtte eg isolere pasienten på stova eller i kammerset. Så var det å koke alle gjenstandar i huset, alt som fans frå kjellar til loft. Det som ikkje kunne kokast, blei samla og låst inne. Eg informerte om smittefare og hygiene til heile familien. Mora i huset måtte forstå at kjørelid og bestikk måtte haldast reine, kokast og ikkje sendast

uvaska frå person til person. Med tuberkulose er det mykje hosting og blodoppstøyt frå pasienten. Eg sytte for oppsamling av spytt, urin og anna frå den sjuke. Noko kunne eg brenne på grua i kjellaren, resten grov eg ned i eit djupt hol i jorda. Så hadde eg på store mengder kalk oppå og fylte mold på til slutt. Ja, ja, og du og du, sukker Marie medan ho fortalde. Natt etter natt vakte ho over sjuke, mang ein gong måtte dei likevel gi tapt for sjukdomens herjingar.

Marie var menighetssøster i tuberkulose i fire år. Då gifta ho seg, tok etternamnet Aase og fekk to born. Ikkje lenge etter at ho sjølv blei mor, starta Marie privat praksis i sjukepleie for heile bygda og arbeidde utrøyttelig for dei sjuke. Ektemannen hennar drog til USA då borna var små, så ho blei åleine om dei to resten av livet. Ho hadde ei svært god støtte i mor si og andre slektningar som hjelpte til med barnepass medan ho fekk drive helsearbeid. Det var mykje sjukdom i Marie sin næraste familie, og privat var Marie ei hardt prøvd kvinne. Men eg stod i det, takka vere pågangsmot og ei sterk gudstru, fortalde ho.

Bygdedoktor

Marie fungerte også på mange måtar som ein bygdedoktor. Ho måtte ofte takle dei mest krevjande situasjonane åleine. I fleire intervju gir ho stor honnør til Bastian Weiberg-Aurdal som hadde legekontor i Ålesund og gardsbruk i Velledalen.

- Han doktor Aurdal var eit velsigna menneske som aldri sparde seg. Han var alltid tilgjengeleg når eg lurte på noko, og var ei sann velsigning, sa Marie.

Sjølv fekk ho medisinsk undervisning av “han doktor Aurdal”, som dei kalla legen. Marie kunne dermed oppgåver som elles berre legar hadde kunnskap om. Ho sydde sår, skifta kateter og stoppa alvorlege sjukdomsutbrot som tyfus og difteri. Ho rekvirerte sjølv sjukehusinnleggingar. Etter kvart som stadig fleire fekk kunnskap om hygiene og reinsemd, minka talet på tuberkulose-sjuke. Antibiotika kom i bruk etter krigen, og utover 1960-talet var sjukdomen mest utrydda. Marie var ei tid også med i skulehelsetenesta og arbeidde nært med andre helsesøstrer like fram til midt av 1960-talet. Ho stod i helsearbeid for bygda i meir enn 50 år, og fekk fleire utmerkingar for det store arbeidet ho la ned. Kongens fortene- nestemedalje og Heidersmerket frå Nasjonalforeninga mot tuberkulose var mellom dei.

Pedell

Då Marie var ung, blei bygdas nye storstove, Sparebankbygget, ført opp på Aure. Dette er den fine, raude teglstensbygningen der ein frisørsalong heldt til no. Bygget stod ferdig i 1908 og var både bankbygg, kommunehus og rettsbygning. Her var mora vaktmeister, eller pedell, i mest 60 år.

Det var særleg i første etasje der Bondestova låg, at Bank-Olave utfalda seg. Der fekk bønder frå ulike kantar av bygda som skulle til kyrkje, byte om til bestekle. Her serverte Bank-Olave kaffi og kake, og her kunne dei markere bryllaup, barnedåp og gravferder. Olave fekk ofte ei hjelpande hand frå Marie, og tok seg av både Bondestova, kaffiservering til både leg og lærd, og sytte for det beste for dei som skulle til kyrkje.

Like ved låg stallar for hestane til dei som hadde lengst kyrkjeveg. Marie budde også i Banken ei stund saman med mora, og dreiv pedellverksemda vidare etter at Olave var gått bort.

Interessa for lokalpolitikk beheldt Marie livet ut. I sitt 94. år møtte ho framleis opp på alle kommunestyremøte som tilhøyrar, så sant ho kom seg av stad. Kommentaren hennar til dei som var dagens lokalpolitikarar i 1986?

- Eg vil ikkje seie so mykje. Men der er mange gode representantar, men mange tek aldri ordet. Ein lyt gå ut frå at ikkje berre stolen interesserer, men også folkets vel og vel.

Glad i livet

Marie Aase var ei føregangskvinne i utdanning, politikk og helsearbeid. Ho var ei klok og varm kvinne, med stort hjarte og mykje omsorg. Ho var energisk, myndig og rådsnar. Ho stod på dag og natt, helg og yrkje. Marie var glad i livet, og sa til meg der ho sat i lenestolen på sjukeheimen at ho slettes ikkje kjende seg gamal til sinns.

- 93 år er ein fin alder når ein får behalde helsa. Eg tenkjer ikkje over at eg er så gamal for det kjennes ikkje slik ut. Mange eldre seier dei er så trøytte av livet. Eg kan ikkje forstå at dei meiner det. Eg er glad i livet, eg elsker livet.

Utan Marie kunne mange familiar og grender i Sykkylven vore utdøydd av tæring. Det var dei grendene som berre hadde tre ungdomar att når tuberkulosen hadde herja. Takka vere den utrøyttelige innsatsen til Marie, kunne livet halde fram i alle grendene i bygda.

Sykkylven har mykje å takke Marie for. Takk for- tener også dei hine sjukepleiarane og helsearbei-

darane som var med og bygde opp helsetenesta i Sykkylven.

Dei framsynte kvinnene som var med og endra lokalpolitikken for godt gjennom kvinnekuppet i 1937. Alle stod for nytenking og nybrotsarbeid. For Marie var omsorg, likeverd og menneskeverd

Anna Valderhaug Grebstad
Bastianne Weiberg Aurdal
Lovise O.Tandstad
Marie Åse
Johanne Grebstad, Tusvik
Berte J. Ekornes
Anna K. Vik
Lovise Fedt
Klara Straumheim
Jenny Røyr
Petra Tynes
Josefine Lillevik
Nilla Hundeide
Karn Haugseth
Karoline P. Brunstad
Sigrid Aurdal
Anna Eidsvik Tandstad
Johanne Dalseth
Astrid Roald
Olava Velle
- Berre rett
At kvinnene stilte eiga liste blei også kom-

mentert i Sunnmørsposten like før valet. Ein som kalla seg “Veljar” hadde hatt innlegg i “Ålesunds Avis”, og dette fall signaturen “L” noko tungt for brystet. I eit lesarbrev skriv han mellom anna: “At kvinnor meiner dei bør vera meir aktivt med i dei ymse styre er berre rett. Her er sikkert fleire dugande kvinnor i bygda, som er fullt føre til å taka plass både i heradstyret og andre styre. Men at det skulde vere turvande å stille eiga liste kan nok fleire ikkje vere samd i. Dei kunne sikkert få fram sine folk ogso utan det. At der hev vore “kjerringar utan skjørt” i Sykkylven heradstyre hev sikkert “veljar” full rett i. Men folk meiner at det er slutt med det no, og at den siste av denne sorten gjekk ut den gongen då “Veljar” sa frå seg attval.

- Uvettig sosialpolitikk

Då allmenn kommunal stemmerett for

kjernen i arbeidet.

- Eg var glad i all mi gjerning, konkluderte ho då vi avrunda samtalen vår i 1986. Marie døydde 97 år gamal i 1991.

Kvinnelista 1937 var oppført slik:

kvinner blei drøfta i stortinget i 1910, sa statsråd Arctander i sitt innlegg mellom anna:

“Kvinnen er ikke klarhjernet, nøktern nok til å få den numeriske overvekt i kommunene. Hun ville la seg lede av medlidenhet med de fattige og stemme for bevilgninger til alle slags sosiale formål uten å tenke på hvorfra pengene skulle tas.

Menn spurte: Har vi råd til dette? De ville lettere forstå at en uvettig sosialpolitikk ville ødelegge næringslivet og i det lange løp ikke minst gå utover småfolk. De hensynsløse sosialistiske ledere ville finne en ukritisk flokk hos disse nye stemmeberet- tigde og også hos mange kvinner som etter sine forutsetninger skulle være borgerlig innstilt. Vanvittig høy skatteprosent, forgjeldede kommuner, øket statsgjeld ville være følgen om også kvinner fikk alminnelig kommunal stemmerett”.

Kjelder:

Radioportrettet “I kampen mot Den kvite pest” NRK radio 1986.

Videooptak - Karstein Oddmund Vik, Sykkylven frilynde ungdomslag.

Møtebok Sykkylven Tuberkuloselag/Helselag (1913-1949).

SSB: Historisk statistikk: Kommunevalg 1937.

Gardssoga for Sykkylven, Band I.

Sykkylven Venstre - lokalhistoriewiki.no

Sunnmørsposten, oktober 1937.

Eivind Hasle; “Mennesket og hans hustru”, Årbok Romsdal Sogelag, 2007.

“Grenseløs kvinnekamp”- art. Senter for tverrfaglig kjønnsforskning, 2009.



Jostein Drabløs, fødd 1925, har intervjuet tidlegare brannmeister Per Welle og tidlegare teknisk sjef Harald Sandal om brannhistoria i Sykkylven. Sogenemnda tek vare på originalmanuskriptet og kassetbanda som manuset byggjer på. Kjetil Tandstad har redigert eit utdrag av dette materialet for Årbok for Sykkylven.

Brannvern i Sykkylven

Av Jostein Drabløs


Eit topphengsla vindaug mot sentrum stod ope. Gardina var nedriven og låg utfor vegg. Det såg verkeleg ut som nokon med hastverk hadde krope ut gjennom glaset. Eg påstår, som eg har gjort heile tida, at brannen var påsett, seier tidlegare brannmeister Per Welle, 30 år etter kyrkjebrannen i Sykkylven i 1983.

Telefonen vekte brannmeister Per Welle klokka fire om natta. Ei kvinne varsla om mykje røyk på Aure. Per Welle fann fort ut at det var kyrkja som brann. Mannskapa vart alarmert, brannbilen med utstyr vart henta. Det vart raskt klart at dette kom til å bli ein stor flamme.

Dei starta med å leggje ut slangar til sjøen. Pumpene kom kort tid etter, to motorpumper og to bilpumper. Brannhydrantane ved Eljas-løa og Pihl-tunet vart tekne i bruk ikkje berre for å verne dei to tuna, men også for å kunne dekke sakristiet i kyrkja og på den måten berge ut kyrkjeshelvet. Kyrkja hadde stått oppvarma i fleire år og var knasande tørr. I ettertid har vi studert bilde av flammene og ser at det nesten ikkje var røyk, fortel Per Welle. Oppbrenninga var totalt. Det var uråd å slökkje, endå det vart brukt heile 10.000 minuttliter vatn. Vi greidde å berge det nye tilbygget mot vest. Men varmen var så intens at gravstøttene på nordsida av kyrkja smalt under spruten av kaldevatnet, fortel han.

Mistenkjeleg

Brannen hadde oppstått i nordaustre hjørnet av kyrkjerommet. Der var ikkje varmeanlegg. Undersøkingane av det elektriske anlegget gir ikkje haldepunkt for at det var der brannen tok til. Men om nokon ville tenne på kyrkja, var dette den beste plassen. Brannen kunne utvikle seg ei god stund før den vart oppdaga. Per Welle sa frå til lensmannen om at det såg mistenkjeleg ut og



Brannmeister Per Welle med seglduksbøtter frå gamlekyrkja. Frå ei utstilling under Sykkylvsdagane i 1983. (Foto: Staale Wattø)

lensmannen var samd og fekk Kripos med i granskinga etter brannen. Noka løysing på branngåta kom likevel aldri.

Brannen i trekyrkja frå 1883, der den vakre treskurden til Daniel Hagerup, veggmåleria til Leon Aurdal og ikkje minst den gamle albertavla gjekk tapt, er nok den brannhendinga som har gjort sterkast inntrykk på bygdefolket. Den mest omfattande og dramatiske var likevel Aure-brannen i august 1939, då ti hus vart totalskadde i brann i Aure sentrum og 15 familiar vart hus-



Det frivillige brannkorpset i Sykkylven – den gongen alle brannbilar var raude.

lause. Denne brannen er utførelg gjort greie for gjennom fleire artiklar i Årboka tidlegare. (Sjå Årbok for Sykkylven 2009).

Per Welle var den første som vart tilsett i full stilling i brannvernet i Sykkylven og han vart også utnemnd til brannmeister. Eit langt yrkesliv har gitt han stor interesse for brannvern og brannvernutstyr. Han har også sterk interesse for dei lange linjer i den lokale brannvernshistoria.

Den første brannen Per Welle hugsar, var brannen i Mylna. Det var ei oppleving som grunnfesta interessa for brannvern. Det var ein haustkveld først på trettitalet, og Per og kameratane leika «gøyme og leite» i fjøra nedanfor Vinjehuset. Då såg han at det rauk frå taket på Mylna. Han sprang inn på Handelslaget og ropte at det brann.

Mylna hadde to store tørkeomnar som var oppvarma med kol. Under tørkinga rota ein stor propell i kornet. Derifrå gjekk kornet opp i eit kar og vidare med ein elevator til fjerde etasje. Elevatoren var ei reim med blekkboksar som gjekk i ein trekanal. Mekanismen grov med seg korn og tømde boksane på toppen. Der i kanalen hadde det gått varmt.


Tømmer og torv

Det er litt av ei utvikling han har gjennomlevd frå den første gongen han såg den raude hanen herje i mølla i Aure sentrum då han var ein gutunge.

- Går vi tilbake til tida før 1900, var det tømmerstover, som regel med ein etasje opptøymra med rundtømmer og med torvtak. Huset hadde oftast ei grue i hjørnet av storstova. Nokre hus hadde kammers og inngang med eit lite loft oppå, seier Per Welle. Trass i vedfyring og trematerialar var det sjeldan desse husa tok fyr. Nokre gongar kunne det nok verte pipebrann og gneister som tende på tørrgraset på taket om hausten. Grasbrann på taket kunne vere alvorleg.

Brannreiskapen dei brukte var ein jarnkrok som såg ut som ein båtshake. I enden var det både spiss- og krumhake. I andre enden var det smidd ei hylse der ein kunne stikke inn ei lang stong og ein ring der ein kunne feste eit kraftig tau. Tauet var lengre enn stonga som kunne vere fire- fem meter lang. Dette var ein tenleg reiskap om taktorva tok fyr. Ein kunne huke kroken fast i torvolen og ein sprek ungdom kunne entre seg opp og kome seg ned att frå taket.

Elles var det vanleg å ha ein stige hengande på



Anna brannbilet

krokar av jarn eller einer under rafta. Vatn var også brukt til å sløkkje med om ein greidde å få det fram. Ved pipebrann var grovsalt eit framifrå middel å sløkkje med. Mange hadde saltlake på stabburet som dei kunne tømme ned i pipa og kvele ein pipebrann.

Brannflagg

I eldre tid var det ikkje brannvesen på bygdene. Under eit brannsyn i gamle Sykkylven kyrkje like før ho brann, fann dei ein del sløkkjereiskap og middel til å varsle brann med. Det var fire seglduksbøtter, slike som seglmakarane brukte å sy. Og så var det brannflagget, eller krigsflagget som det også vart kalla. Dette flagget skulle hengast ut gjennom gluggen i kyrkjetårnet om det var ufred i landet. Flagget vart også brukt til å varsle brann. Ein hengde det ut gjennom gluggen på den sida av tårnet der brannen var, slik at folk kunne vite kva retning dei skulle springe og hjelpe. Vassbøttene i kyrkja kunne ein mann til hest ta med seg der det var behov. Gardane låg den gongen ofte nær vasskjelder. Opne bekkar og grøver rann nær husa. I dag er desse vasskjeldene i stor mon lagt i rør.

Det har vore ei rivande utvikling, både når det gjeld hustypar og brannreiskap. Elektrisiteten kom til Sykkylven frå 1918 og utover. Den første tida var det nok med ei lypære i eit rom eller to.

Installatørane hadde knapt noka utdanning. Dei lærte av kvarandre og gjorde seg hjelpte så godt dei kunne. Petter Hole frå Øyegarden i Velledalen hadde praktisert som installatør i Amerika før han kom heim og arbeidde for kraftverket. Edvard Otterstrøm var og ein av pionerane, likeeins Gustav Leirdal. Dei monterte snara leidningar og krushaldarar. Ein trong ikkje fagbrev på denne tida.

Vassapparat

Sykkylven Branntrygdslag vart skipa i 1886. Lærar Carl Tandstad var formann i styret frå 1916 til 1938. Han gjekk inn for at medlemmer i laget skulle få tilskot til kjøp av vassapparat. Desse apparata var forma som ei kjegle og tok ti liter vatn og i tillegg vart det nytta pulver og saltsyre. Når ein utløyste eit slikt apparat, kunne ein få ein stråle som av ein hageslange. Sykkylven Branntrygdslag vedtok å gi slikt tilskot. Eg veit ikkje om desse apparata nokon gong vart brukte. Dei kunne ikkje vere i løer og uthus, for dei var ikkje frostsikre. Derfor måtte ein lagre dei i varme rom. I Spjelkavik hadde dei ei stor brannpumpe med ein firesylindra motor. Pumpa var nokså tung og stor og stod på ein tilhengar med to hjul. Også Sykkylven fekk tilbod om ei slik pumpe, men dei hadde ikkje råd. Etter kvart kjøpte Sykkylven kommune ei pumpe av merket Goliat. Sykkylven Branntrygdslag gav 500 meter linslangar. Pumpa vart køyrt til Jens-løa på Fauske og vart lagra der utan å bli pakka opp.

Han Johnny frå Jensgarden på Fauske var inne på Aure med hjulsleden og stod på hjørnet ved Handelslaget då K.S. Brudevoll kom forbi og fortalde at det var brann inne på Vik. Nei, er det slik, så må eg ut att og hente pumpa. Ho står i løa vår, heilt nedlest med halm, så ho må gravast fram!

Bøtte-rekkje

Det vart ikkje gjort den dagen. Men på Vik brann det. Brannen hadde starta i kjellaren, der dei kokte såpe og elden hadde spreidd seg oppover i huset under bordkledningen. Per Welle var ein av dei som kom til. Det gjorde også fabrikkeigar L.K. Hjelle, som var flink til å organisere. Han greidde å få folk på ei rekkje ned på Låna-leira som sende bøtter med vatn til kvarandre opp til huset. Det var eit under at dei greidde å sløkkje brannen. Ein viktig grunn var at det kom så mange folk til.

Under sløkking kom det for ein dag at Tynesfabrikken hadde same sort brannpumpe som den kommunen hadde. Den vart henta på fabriken og plassert på Låna-leira. Ingen visst heilt korleis pumpa skulle brukast. Dei greidde å starte, men silen var ikkje skjerma, slik at pumpa drog seg full med leire på kort tid. Dermed var det stopp.

Seinare vart kommune-pumpa graven fram frå halmdungen på Fauske. Slangane var ille medfarne. Rotter hadde gnaga mange hol. Pumpa vart køyrd inn til Vik til han Bern-Lars, Han hadde verkstad innanfor Styrkåbakken og tok på seg å passe pumpa.

Brann i Ivaløa

Ein kveld det var fest på bedehuset, såg dei at Iva-løa stod i full fyr. Folk tok seg ut i Ullavika så fort som mogleg for å hjelpe til. Pumpa stod nede i fjøra ved Lunheim-fabriken og det vart lagt slange heilt opp i Iva-garden. Det var både langt og bratt, så vi tvilte på om pumpa ville greie å presse vatnet så høgt. Etter ei tid kom strålen. Han var ikkje stor.

Etter ei stund var det bråstopp. Av alle ting: Pumpa var bensintørr. Det var lensmann Bernt Tandstad som styrte med pumpa. Han hadde bensin i bilen som han fylte på tanken. Brått var det stopp på nytt. Pumpa hadde totaktsmotor og skulle hatt oljeblanding på tanken. Pumpemotoren køyrde seg fast. Det var det. Pumpa vart frakta inn til han

Lars i Styrkåbakken, som reparerte motoren igjen.

Brann på Brunstad

Noko seinare brann Gunnja-stova på Brunstad. Pumpa vart køyrd fram til brannstaden i all hast og plassert i ei grov. Denne gongen verka det perfekt. Vi hadde motorpumpa som vi fekk opp i ein lastebil. Eg hugsar det var stor snøkave. Håkon Støylen, som var med den gongen, låg framover førarhustaket og heldt frontruta klar for snø. Vi kom til Brunstad, der stovehuset til lærar Johan Brunstad brende. Bruket ligg eit godt stykke frå ei større vasskjelde, men det gjekk ei lita grov tett framfor tunet. Der var det grave opp og lagt ein sugeslange nedi slik at vi fekk litt vatn å sløkkje med. Men huset var overtent, det var heilt håplaut å sløkkje brannen. Ein mann, som budde på loftet, omkom. Han vart funnen i branntomta. Her kunne Jostein Drabløs leggje til at lærar Brunstad, som var felespelar og kordirigent, hadde ei stor samling med handskrivne notar som også gjekk tapt i brannen. Men ein del folkemusikk for fele og arrangement for kor vart berga fordi Karl Nakkeberg, Ole Johan Fet og Johan Neset hadde gjort avskrift.

Like etter krigen fekk Sykkylven sin første brannbil. Ein 1944-modell Jeep vart bygd om til brannbil. Jørpeland kommune ved Stavanger var først til å kjøpe slik brannbil-jeep etter krigen. Sykkylven kommune var nummer to.

Sirene

Jeepen var ein bil som skulle få mykje å seie for brannvernet i Sykkylven dei næraste tiåra. Det var eit firma i Nederland som kjøpte opp ei rekkje jeepar då amerikanarane trekte seg tilbake etter krigen. Desse vart bygde om til brannbilar. Det vart montert frontpumpe. Sykkylven kommune kjøpte bilen via eit ålesundsfirma. Prisen var 14.000 kroner med stige og stephjul. Vi kunne vere fem mann i dette køyretøyet når vi rykte ut. Bilen var eigentleg registrert for seks, men det var uforsvarleg.

Vi hadde ikkje garasje i byrjinga, så bilen stod inne hos han Bern-Lars i Styrkåbakken den første tida. Det var tungvint, seier Per Welle. Vi måtte først sykle inn til Vik for å hente bilen og så køyre ut på kaia for å hente resten av utstyret. Brannpumpe og slangane hadde sin plass inne i verkstaden til



I 1952 brann huset i Johansgarden på Tandstad. Her ser vi folk som hjelper til med sløkkinga. Frå venstre har vi truleg Øyvind Tandstad (Øggards-Øyvind), Ola Tandstad (Johans-Ola), Odd Tandstad (Øggards-Odd), Olav Tandstad (Simo-Olav), brannmann og Alfred Tandstad (Pål-Alfred).

Lars heilt til det vart bygd eit skur for brannutstyr på kaia. Då vart sakene flytta dit. Når krafta var borte - og det skjedde stadig vekk og spesielt om natta, måtte vi ta sirena ut av bilen og sette ho på toppen av ein stolpe attmed brannskuret på kaia. Då henta totone-sirena straum frå eit batteri. Etter kvart vart det montert fast brannsirene. Brannstige kom på plass. Ein vart komen eit lite steg vidare, minnest Per Welle. Ei av oppgåvene hans var å starte pumpa kvar laurdag. Motoren gjekk som ei klokke.

Brannen på Tandstad

I 1952 brann stovehuset i Johansgarden på Tandstad. Huset til Elias Tandstad var svært underassurert, slik husa gjerne var på den tida. Her viste lensmann og nabo Bernt Tandstad seg som handlekraftig. Han laga dugnadslister og medlemmene i Sykkylven Bondelag fekk tildelt ein dag kvar for å hjelpe til med oppattbygginga. Den som ikkje kunne møte, måtte syte for vikar. Også i denne brannen gjekk ein større musikk-skatt tapt. Carl Tandstad jr. hadde nokre år før brannen systematisert og registrert notane etter faren, lærar Carl Tandstad (1875 – 1938). Nokre av notane hadde blitt øydelagt av gutungar som hadde laga seg papirfly av dei handskrivne arka. Flya sveva nedover bakkane med folkemusikk på vengene. Noko av den handskrivne folkemusikken var likevel teken vare på som kopiar. Men tyngda av samlinga brende opp.

Tre brannar i Straumgjerde

Emco-fabrikken i Straumgjerde brende tre gonger. I den første omkom Nils Riksheim, Gylja-Nils. Det var vinter og kulde. Vi hadde akkurat fått ein større brannbil, ein 63-modell International. Vi køyrde bilen fram til butikken og plasserte pumpa ved Øggardshølen. Den andre brannen var i ein lang einetasjers bygning som vart øydelagt av flammene. Også den gangen henta vi vatn i Øggardshølen.

Brann i Langlofabrikken

I januar 1959 stod P.I. Langlo's Fabrikker på Stranda i brann. Det var den største stoppmøbelfabrikken i Skandinavia. Brannen hadde teke til i fyrrommet i den delen som sto att av den gamle tønnefabrikken. Den gamle trebygningen var som ei kjempemessig trekkpipe. Flammehavet slo ned i taket på den nye fabrikken som stod vegg i vegg. I løpet av kort tid vart dei to etasjane totalt øydelagde og det var gjort stor skade også på resten av fabrikken. Med sine 170 tilsette var dette den største arbeidsplassen i kommunen.

Stranda kommune telefonerte til Sykkylven etter hjelp med sløkkinga. Den gongen måtte ein ha løyve frå ordføraren for å krysse kommunegrensa med brannutstyret. Kommuneingeniør Harald Sandal ringde ordførar Ola Tu, som alt hadde reist heimanfrå med bussen. Sandal køyrde til Straumgjerde og venta på bussen der. Ja, det er

klart vi må hjelpe til, sa ordføraren.

Ein lastebil vart send over fjellet med brannpumpe og mannskap. Kåre Overå køyrde jeepen inn til Stranda og han hadde blant andre med seg Jon Brudevoll, Øystein Eliassen og Per Welle. Med det same dei kom til brannstaden i sentrum, møtte dei Karsten Øye som var motormann på ei stor pumpe som stod nede ved kaia. Pumpa vart sett i drift og dei hadde lagt slangar til brannstaden. Øye sa at no måtte han stogge pumpa, for ho var i ferd med å gå sund. Då sette dei jeepen ned på kaia og kopla den til slangane deira. Det viste seg å ha god effekt og husa ikring vart berga. Handelsmann Per Fausa skrytte av sykkylvingane den gongen, minnest Per Welle.

Fabrikkbrannar

Fabrikkbrannar var det mange av desse første tiåra etter krigen. Dei starta gjerne i sponsiloen eller i ventilasjonssystemet. Kom det spikar i avsuget, kunne det bli gneistar og då kunne spon og sagmask ta fyr. Etter kvart kom det påbod om såkalla fallkasser. Etter det vart situasjonen mykje betre.

Ein av dei første fabrikkbrannane var den vesle første fabrikken til K.P. Tandstad. Denne fabrikken hadde jordgolv. Der vart det forresten grave ned våpen under krigen. K.P. Tandstad bygde seinare ny fabrikk i Øggardsvika. Tynes-fabrikken vart også herja av brann nokre gongar. Den siste gongen tok vi jeepen ned på sjøisen. Vi slo hol i isen og sette pumpe slang ned i sjøvatnet. Den gamle trebygningen brann, men den nye avdelinga i betong vart berga. Amund Tynes var motormann på brannpumpa til fabrikken. Ho stod også på isen attmed kaia. Ho hadde vore i sving ei tid og eksosrøret var heilt raudglødande. Likevel stod han Amund og fylte på meir bensin medan pumpa gjekk for fullt.

Nye brannbilar

I 1963 kjøpte Sykkylven kommune ein ny brannbil – ein International. Bilen hadde ein vasstank på 800 liter og høgtrykkslange. Denne bilen overtok Ekornes då ein endå større bil vart kjøpt inn. Hadde det ikkje vore for at varamedlem i kommunestyret, Per Welle, vart kalla inn til budsjettmøtet i 1979, hadde det kanskje ikkje blitt kjøpt ein ny brannbil. Per Welle argumenterte sterkt for at industrien no hadde vakse slik at ein måtte ha

skikkeleg utstyr til å takle industribrannar.

Det vart vedteke å hente inn tilbod. Vi fekk berre tilbod om små brannbilar. Det var tydeleg at tilbydarane ikkje trudde at vi hadde behov for ein stor ein, seier Per Welle. Men vi ville ha ein brannbil med skikkeleg kapasitet. Det enda med at Per Welle og Harald Sandal reiste til Mercedes-fabrikken i Tyskland for å sjå kva som fanst. Dei fekk prøvekøyre både på veg og i terreng og dei kom heim og fekk brannstyret med seg på at det var ein slik brannbil ein hadde bruk for.

Pumpa på Internationalen var for så vidt grei, men det var litt problem når ein skulle suge opp vatn frå ei vasskjelde. Den tyske Zieger-fabrikken hadde eliminert dette problemet. Mercedesen tok 23.000 liter vatn og 300 liter skum. Det vart også kjøpt utstyr til skumlegging.

Det vart ny tur til Oslo saman med importøren og blant andre bilmeister Eriksen i Bergen Brannvesen. Bergensaren lurte veldig på kvifor ein landkommune skulle ha ein så stor brannbil, Per Welle forklarte, men bergensaren var ikkje overtydd.

Dagen etter at pumpa var montert og ein var i ferd med å få bukt med nokre barnesjukdommar, gjekk brannalarmen ved Hjellegjerde. Bilen var ikkje heilt klargjort. Men eg måtte berre ta bilen slik han var.

Vi rykte ut med alt utstyr, også jeepen og Internationalen. Brannen hadde starta på sjøsida der det var trelastlager og skumplastavdeling og spreidde seg mot snikkaravdelinga og sysalen. Der klarte vi å stoppe brannen. Internationalen fuska og svikta med ein gong. Hadde vi ikkje hatt den nye brannbilen med sin kapasitet, hadde ikkje Hjellegjerde-fabrikken vore til å berge. Noko etter ringde eg Eriksen i Bergen og fortalde at hadde vi ikkje hatt den nye brannbilen, hadde Hjellegjerde vore totalskadd og det hadde gått med hundre arbeidsplassar i alle fall i eitt år.

Seinare har kommunen også kjøpt ein brukt meieribil med stor tank og pumpe, så Sykkylven kommune har vore godt utstyrt dei siste åra, meiner Per Welle.



Eldar Høidal, fødd 1956, er møbelhistorikar, lokalpolitikar og ivrig syklist. Han har skrive ei rekkje bøker, blant anna historia til møbelbransjen, fagforeiningshistorie, bygdebok og ei rekkje bedriftshistorier og boka om Ekorneskonsernet. Han er for tida i gang med å skrive Sunnmøres nyare historie med vekt på næringshistorie frå 1814 og til i dag.

Jostein Gjerde - frå stålprodusent til museumseigar

Av Eldar Høidal

Jostein Gjerde (81) vil for dei fleste sykkyllvingar vere kjent som grunnleggar og leiar av industribedrifta Sykkylven Stålindustri. Etter at han gav seg som industrileiar, har han fått høve til å dyrke ei av sine andre hovudinteresser, samling av gamle bruksgjenstandar og formidling av historie.

På Nysæter, i vakker fjellnatur, har Jostein dei siste åra bygd opp eit særeige museum der dei fleste gjenstandane han har samla gjennom eit langt liv har fått plass i nybygde hus. I sommar var det innviing av det siste skotet på museumsstamma i Sykkylven. Då opna Jostein og kona Palma grindene og ønskte velkomen til alle som ville ta ein kik på hus og gjenstandar. Jostein viste sjølv rundt på tunet og i alle husa som har kome opp på tomta som for nokre år sidan vart skilt ut frå Pettergarden på Nysæter.

Alltid på leiting

Det var kona til Jostein, Palma, som førte Jostein til fjells. Ho var fødd på Nysæter og budde dei første barneåra sine her. Faren hennar døydde tidleg, i 1945, då Palma berre var ti år gammal. Då sat mor hennar, Lovise, åleine igjen med ansvaret for ein tungdriven gard og seks mindreårige born. Eit sjuande barn var undervegs. Familien flytte då til Fausa, men slo seg etter kvart ned på Vik der mora bygde nytt hus. Då Jostein var komen inn i familien, starta dei på eit omfattande restaureringsprosjekt, og i løpet av nokre år var stovehuset på Nysæter sett i fullgod stand igjen. Jostein er full av beundring for svigermora, Lovise Nysæter. Ho hadde eit veldig pågangsmot og var svært kreativ. Det var ho som var drivande kraft i restaureringsarbeidet, i tillegg til at ho hadde ansvaret for hus og heim på Vik og arbeidde som syerske, fortel han.



Jostein prøver skomakarutstyret som har fått plass i Anebu. (Foto: Eldar Høidal)

For at alle borna hennar skulle ha eit tilknytingspunkt på Nysætra, gav ho to mål store tomter til alle. Det var eitt av desse arvestykkene som vart utgangspunktet for Jostein og Palma sitt museums-tun. Det starta med bygging av ei romsleg hytte i 1976. Ein viktig grunn til at dei bygde hytta, var at dei trong plass til alt Jostein hadde samla inn. Det flaut over av saker og ting i heimen på Blindheim. Både loft, kjellar og naust var fulle. Eg måtte gjere noko for at vi ikkje skulle drukne, seier Jostein Gjerde.

For Jostein hadde ingen planar om å slutte å samle, sjølv om lagringskapasiteten var sprengt. Han fortel at han alltid var på utkik etter noko interessant når han var på reiser, anten det var feriereiser eller forretningsturar. Ein gong var familien på tur til Danmark. Borna ville gjerne vitje Legoland på Jylland. Jostein fekk plassert Palma og borna, Lovise og Raymond, i leikeparken, medan han sjølv

rundt i området for å vitje antikvitetsbutikkar. I ein antikvitetshandel kom han over ei vasspumpe som der og då skifte eigar. Vasspumpa har i dag ei sentral plassering ved hovudhuset i museumstunet, Anebu, som stod ferdig i 2008.

Bjelke frå 1856

Namnet Anebu er ikkje tilfeldig valt. Ordet «ane» tyder opphav eller slektsrøter, og her vil han heidle minnet om anane, forfedrane sine. Huset er bygd på same måten som røykstova han voks opp i på indre Tynes, i Sjurgarden. Han har sjølv teikna huset som har ei stor stove, kjøkken og arbeidsrom. I ei ekte røykstove ville arbeidsroma ha vore soverom, men her måtte han gjere tilpassingar nettopp med tanke på å få plass til alle bruks- og pyntegjenstandane. I tillegg til stove og kjøkken er det i Anebu ein fullt utrusta skomakarverkstad og ei avdeling med rokk, vevestyr og strikkemaskin.

Anebu er bygd i sibirsk lerk. Jostein valde dette materialet for å få eit så vedlikehaldsfritt hus som råd. Tømmeret vart hogd i Sibir og frakta til Litauen, der det vart handlafta. Så vart det køyrt til Sykkylven med lastebil. Jostein fortel at han først prøvde å få tak i al-fure som er eit meir tradisjonelt norsk byggevirket. Men det let seg ikkje gjere å få tak i slikt tømmer. Som det høver seg i ei anebu har han også fått inn ein tømmerstokk frå huset han voks opp i. Bjelken frå 1856 er solid og vakkert måla og viser at forfedrane våre ikkje låg mykje tilbake for oss når det galdt handsaming av trematerialar.

Jostein fortel at han i oppveksten var omgjeven av nevenyttige og arbeidssame folk og at dei har vore ei inspirasjonskjelde for han. Han nemner særleg bestefaren Petter J. Tynes som opprinnelig kom frå Jakobgarden på Tandstad. Han arbeidde som murar og var mellom anna med å byggje kaier til dei første fabrikkane i Sykkylven. Han var flink til å byggje med stein, ei interesse Jostein har arva, og som ein ser rike resultat av både i hagen heime på Blindheim og i museumstunet på Nysætra. Blant dei kjæraste gjenstandane han har i samlinga er murskeia og vateren som bestefaren eigde.

Familieprosjekt

Det renn inga elv gjennom museumstunet, men



Jostein Gjerde har lagt mykje arbeid ned i detaljane. Også lyssetjinga skal ha eit historisk preg. Her er gamle lyskuplar og leidningar i smia. (Foto: Hallvard Sandvik)

det har ikkje hindra nevenyttige Jostein Gjerde i å byggje kvernhus. Kvernhuset er bygd så likt dei gamle kvernhusa som råd. Før han tok til på dette byggjearbeidet, studerte han fleire gamle kvernhus i Velledalen. Dei to kvernsteinane fann han ved Vikeelva, på fabrikktomta han kjøpte for å byggje opp stålwarebedrifta si. Steinane vert altså ikkje drivne med vasskraft slik det var før. Under steinane står det ein motor som kan drive dei rundt slik at folk som kjem på vitjing kan få sjå korleis dei gjorde korn om til mjøl i gamle dagar. Det siste husprosjektet var ei smie som kom på plass hausten 2012. I smia har han i tillegg til smedverktøyet, fått inn snikkarutstyr. Visse tilpassingar er det nødvendig å gjere for å få vist fram det han har samla. I alt er det no åtte hus i museumstunet på Nysæter. Mellom dei er ei hytte som dottera Lovise eig. Jostein er glad for at heile familien er med på dette store prosjektet. Dei har trødd til med muskelkraft og annan hjelp når arbeidsomfanget har vore på det største. Elles har han leigd inn litt faghjelp, mellom anna då Anebu skulle reisast.

Fleksible opningstider

Gardsmuseet til Jostein Gjerde er ikkje heilt som andre museum. Her finn ein til dømes ikkje tekstplansjar som fortel om kva dei ulike gjenstandane vart nytta til. Jostein vil helst ikkje ha slike tekstar ved gjenstandane, han meiner at dei kjem i vegen for opplevinga. Han vil heller vere med dei besøkande og gje dei historier om korleis dei utstilte objekta vart nytta, og kvar dei kjem i frå. Han kjenner kvart einskild produkt og veit når han fekk tak i dei. Det meste han har samla er norsk,



Anebu er hovudbygget i museumstunet. Det er bygd i sibirsk lerk og stod ferdig i 2008. Seinare har Jostein også ført opp kvennhuset og smia i bakgrunnen.



Frå den velutrusta stova i Anebu. Gjenstandane er samla frå inn- og utland.



Kvennhuset er eitt av fleire nyoppførte bygg i museumstunet. Jostein Gjerde sin dugleik i steinmuring kjem godt fram i dette bygget.

Kvernhussteinen i kvernhuset kan det malast mjøl på. Den blir ikkje driven av vasskraft, men ein liten motor driv steinen rundt slik at folk kan sjå korleis kornet vart male.

Alle bileta her er tatt av Hallvard Sandvik.



Denne bjelken frå 1854 kjem frå Sjurgarden på Tynes, der Jostein Gjerde voks opp. No har bjelken fått nytt liv i museumsbygget Anebu på Nysæter.



Veggene i smia er fylte av smedverktøy. Som metallvareprodusent i yrkeslivet har Jostein eit spesielt tilhøve til desse reiskapane.



Eit flott bord har det òg blitt av ei gamal fure.



Museumstunet til Jostein og Palma Gjerde ligg vakkert til ved Nysætervatnet. Her frå den opne museumsdagen i sommar. (Foto: Hallvard Sandvik)



Detaljrikdom: Gjerde og dyrehovud i stein. (Foto: Hallvard Sandvik)



men Jostein går ikkje av vegen for å ta inn i samlinga utanlandske gjenstandar også. Mykje av det som finst i museumsbygningane har folk kome med til ham. Samlinga vert stadig komplettert, og tidlegare i haust fekk han ein strikkemaskin og ein skomakarmaskin.

Museumsstyraren har bygd husa slik at dei skal vere mest mogeleg vedlikehaldsfrie. Byggjematerialar er i stor mon solide tømmerstokkar og steinar. No skal Jostein trappe ned på byggjeverksemda, og då vert det vonleg betre tid til å ta imot

besøkande som ønskjer å sjå nærare på dette andre livsverket hans. Etter at museet vart opna i sommar har det vore jamt med folk innom, seier han. Det set Jostein pris på, og gleda ved å dele kunnskap om livs- og arbeidsvilkår i gamle dagar er noko som motiverer han til å halde fram med museumshobbyen. Men han kan ikkje love jamne opningstider. Folk som ønskjer å vitje museet og som vil ha omvisning i bygga, bør helst ta kontakt på førehand, så skal det bli ei ordning, seier Jostein Gjerde, stålprodusenten som vart museumsstyrar i særklasse.

Nysæter – ein gammal fjellgard

Gardsmuseet til Jostein Gjerde ligg på eit stykke utskilt frå Petter-garden på Nysæter. Petter-garden er ein av to gardar på Nysæter, den andre er Lasse-garden som i dag er eigd av Bastian Weiberg-Aurdal.

Nysæter er ein fjellgard og her har vore fast busetjing i fleire hundre år. Segna seier at det budde folk på Nysæter før Svartedauden i 1349/1350, men at sotta herja så alle døydde og garden vart liggjande øyde i 100 år. Truleg var det Ramstad-folk som tok til å bruke Nysæter som seter etter øydegards-tida.

Nysæter ligg ved Nysætervatnet, mellom Velledalen og Ramstaddalen. Det er om lag same avstanden frå Nysæter til næraste gard i Velledalen som til næraste gard i Ramstaddalen. Garden ligg avsides til, derfor vart vegspørsmålet sentralt. Skuleborna frå Nysæter gjekk på skule på gardane i Ramstaddalen då det var omgangsskule. Etter at det vart fastskular, gjekk borna til skulestova i Fausadalen. Og veg til sjøen var viktig i eldre tid då Nysæter-buarar som alle andre i bygda dreiv «fiskeri til havs».

I 1843 søkte dei to brukarane på Nysæter heradsstyret i Ørskog, som Ramstaddalen då var knytt til, om veg frå Fasteindalen til Nysæter. På same tid søkte fleire brukarar i Ramstaddalen om at ein slik veg ikkje måtte byggjast. Det vart gjort slikt vedtak i heradsstyret: «Dersom brukerne på Nysæter vil oparbeide og holde vedlike vei frå Nysæter til fremste Ramstad-sæteren, så vil de på den nordøstre siden også bygge og vedlikeholde vei til fremstesæteren.»

Det nyskipa Aalesund Sunnmøre Turistforening ytte i 1890 100 kroner i tilskot til veganlegget mellom Drotninghaug og Nysæter, for vegen hadde gode vilkår for å kunne bli ein ettertrakta turistveg. Ved dugnad forsom-maren etter vart vegstubben fullført, men grusing stod att. I juli 1891 stod det i Aalesunds Handels- og Sjøfartstidende: «Nysæ-

terveien er nogenlunde i stand, saa den uden ulempe kan kjøres.» Same året skreiv ein professor i London, Ebenezer Prout, i Sunnmørsposten mellom anna: «Turen til Søvig, derfra til Nysæter (op Ramstaddalen) og videre til Drotninghaug og ned Velledalen til Aure er en af de mest storslagne jeg har seet under 9 somres turistbesøg i Norge.»

Denne turen kalla dei den tida «å køyre rundt», og på fine helgedagar kunne ein sjå ei lang rekkje hestekjerrar på vegen ned Velledalen. Jostein Gjerde minnest frå sin barndom at bestefaren spente for hesten og køyrde familien med vogn den same runden. Det var slik han såg Nysæter for første gong. Nysæter låg så høgt at det vart kort sommar. Snøen låg lenge, men når det vart bert, gjekk det fort. Dei hadde eit merke på når dei kunne ta til med slått. Det var når snøen ikkje rakk lenger ned enn til Ihlje-sletta (= Litlesletta). Våronna og slått gjekk mykje godt i eitt. Og hausten kom fort. Eitt år køyrde dei inn siste hesjane i måneskin. Og dei måtte ofte skuffe snøen av potetförene når potetene skulle takast opp.

Frå tidleg på 1800-talet var det to bruk på Nysæter, Lassegarden og Pettergarden. Brukarar på begge gardane dreiv landbruket i kombinasjon med fiske på kysten. Dei dreiv også med heimefiske på Nysætervatnet. Frå midten av august og ut over hausten dreiv dei garnfiske så å seie dagleg.

Etter krigen har det ikkje vore fast busetnad på Nysæter. Markane her har vore nytta både til slått og beite. Elles har husa for ein del vore leigde ut til turistar. Mange byfolk hadde sitt faste opphald på Nysæter om somrane og i jakttida om hausten. Mellom andre var den landskjende redaktøren av Aftenposten, Amandus Schibsted, fast gjest på Lassegarden, og han skal ein gong ha sagt at Nysæter var den vakraste staden i landet.



Magnhild Vatne, fødd 1965, er busett på Glomset, er avdelingsleiar i Stiftinga Sunnmøre Museum og ansvarleg for Sykkylven naturhistoriske museum. Her fortel ho om den aller eldste gjenstanden ho har i museet sitt.

Mammuttanna frå Hundeidvik

Av Magnhild Vatne

Som ny avdelingsleiar ved Sykkylven Naturhistoriske Museum kom eg i 2008 over ein merkjeleg gjenstand i ei kasse på lageret. Ein relativt stor og ganske tung ting.

Nokon dokumentert historikk følgde ikkje med, men det kom etterkvart fram at dette truleg var ei mammuttann og at tanna var gitt til museet av Hans Karsten Hovden rundt 1990.

Sensasjon

Det vart ikkje tenkt så mykje meir kring dette funnet før eg under ein studietur til Randsfjordmuseene møtte zoolog Finn Audun Grøndahl. Han har ansvaret for naturhistorie ved desse musea og har arbeidd mykje med mammutfunn i Noreg, som så langt hovudsakleg var gjort i Gudbrandsdalen. Under ein presentasjon av museet i Sykkylven, vart det vist eit bilde av «tanna frå Hundeidvik». Det var godt synleg på zoologen at brått og brutalt stod utbreiingshistoria til mammut i Noreg i fare for å bli omskriven. At dette var ei kinntann frå mammut vart snart stadfesta frå ein ekspert i Bergen. Ullhåra mammut i Hundeidvik for 40 000-50 000 år sidan? Ein mogleg sensasjon?

Etter litt telefonarbeid, fekk eg kontakt med Hans Karsten Hovden. Han kunne fortelje ei historie som fekk mammuteksperten i Gudbrandsdalen til å senke skuldrene og humre litt etter den opprivande opplevinga.

Ei gullgravarhistorie

Nikolai Nilsen Nakkegjerde (fødd i 1866), kom frå Nakkegjerde på Aure. Garden låg oppe under Aurenakken. I 1889 gifte han seg med Karen Aase frå Borgund og tok etternamnet Aase Nilsen. I april 1900 reiste han åleine til Washington der han dreiv med jernbanearbeid i tre år. I 1903 reiste han med hundespann til Fairbanks, der han

bygde cabin som nykomarane fekk bu i. Han var også til Klondike. Nikolai var gullgravar i fem år før han i 1909 reiste heim for godt og vart gardbrukar på Åse. Han døydd i 1952.

Hans Karsten Hovden hugsar Nikolai, som var bror til bestemor hans. Det vart fortalt at dei ofte kom frampå leivningar etter mammut når dei grov etter gull i Alaska. Hans fortel også at Nikolai var heime i Noreg ein tur i 1907, og at han då hadde med seg denne tanna og ein gullklump. Nikolai si søster, Anne Oline, var då oppattgift med bestefar til Hans, Hans Johan Hovden. Anne Oline hadde vore gift i Jogarden på Furstranda, men vart enkje etter eit tragisk forlis ved Røneset våren 1885. Då hadde ho ein gut på eitt år, Martinus Olaus (f. 1883). Han vart med til Hovden. Om det var Anne Oline eller sonen som fekk tanna og gullklumpen er ikkje sikkert, men Martinus Olaus fekk i alle høve laga seg ei fin slipsnål med gullklumpen på. Martinus Olaus vart lærar, først i Sykkylven og så i Meløy i Nordland. Der vart han smitta av tuberkulose og døydd i 1909, berre 28 år gammal.

Lokal- og naturhistorie

Etter kvart vart både slipsnåla og mammuttanna Hans Karstein Hovden sin eigedom, og i 1990 gav han tanna til Sykkylven Naturhistoriske Museum. Han fortel at tanna har vore mykje større, ho smuldra litt opp og delar datt av. Men det er framleis tydeleg å sjå både laga av tannbein, emalje og sement, og ei kraftig tannrot. Mammut-kinntanna er eit flott klenodium med ei sann gullgravarhistorie bak, og ho gir museet eit godt utgangspunkt til formidling av både lokalhistorie og naturhistorie.




Fig. 2. Molarer og premolarer av en mammut. Hos den nålevende indiske elefanten bryter Dp_2 ut når dyret er ca. 10 dager gammelt, Dp_3 — tre måneder senere, Dp_4 — ved 2-årsalderen, M_1 — ved 6-7 års alderen, M_2 — er utvokset ved 20-års alderen og M_3 — ved 40-års alderen. Tallene hos mammuten er sannsynligvis noenlunde de samme.

Mammuttann. Teikningar: Natascha Heinz, Zoologisk institutt, Universitetet i Oslo.

Visste du at:

Mammuten vert også kalla «kvartærtidens pelskledd elefant», han hadde lange dekkhår og tett underpels, små ører og hudklaffar både på snabelopninga og i andre enden.

Mammuten levde i isfrie område i Noreg for mellom 40.000 og 50.000 år sidan.

Mammuten hadde både støttenner og kinntenner (tyggetenner).

Ein vaksen mammut hadde ei skulderhøgde på mellom 2,5 og 3,5 meter.

Kjelder:

Gjævenes, Martin. 1957. Utvandrarane frå Sykkylven.

Sykkylven Sogenemnd.

Gjævenes, Martin. 1983. Gardssoga for Sykkylven. Band IV.

Sykkylven Sogenemnd.

Heintz, Natascha. 2009. Faktasider om mammut. Nettside:

UiO. Naturhistorisk Museum.

Munnleg kjelde: Hans Karsten Hovden





Fig. 5. Halvskjematisk bilde av mammutens kinntann. Bakre del av tannen avbildet i lengdesnitt.



Hans Hovden med den mellom 40.000 og 50.000 år gamle kinntanna frå ein mammut som hamna i Hundeidvik. (Foto: Magnhild Vatne.)



Gullgravararv: I tillegg til mammuttanna, kunne etterkomarane etter gullgravar Nikolai Nilsen Nakkegjerde frå Sykkylven også arve ein flott gullklump. Den pryder no denne elegante slipsnåla. (Foto: Magnhild Vatne.)



Jarle Tusvik, fødd 1944, arbeider som informasjonssekretær ved Ekornes. Han har stor interesse for slektsforskning og sogearbeid og er kjend for sine muntre historier i festleg lag.

Oppfinnaren frå Hatlemark

Av Jarle Tusvik

Karl Johan Gulliksen Hatlemark var fabrikk-eigar, byggmeister, treskjerar, kordirigent, fele- og bratsjpear, komponist og oppfinnar. Han utvandra også ein periode til Amerika, 1906 -1910 (Utv nr 507).

Han var fødd 26. februar 1869 i Gullikgarden, bnr. 2 i Hatlemark. Foreldra var Gullik Olaviusen Kaldhol frå Hareid (omtalt i Årboka 2012) og Karen Tomasine Hansdtr. Hatlemark. Karl var den yngste av fire søsken. Tre systre kom til før han.

Kor og trevare

Karl G. Hatlemark er vel mest kjend for at det var han som starta den første trevarefabrikken i Sykkylven, i Tusvik i 1900, og som kordirigent. Oppfinnaren K.G. Hatlemark er vel ei meir ukjend side.

Han tok tidleg til med trearbeid, bygde nye hus, og han bygde også sag som var driven med vasskraft. Etter at han sette opp trevarefabrikken i Tusvik, som også var vassdriven dei fyrste åra, konstruerte han ein høvlemaskin og fekk fleire mann i arbeid. Det var i første omgang vindusrammer og dører til husa han bygde, men seinare også møblar.

Alt medan han budde i farsgarden i Hatlemark, kom oppfinnarevna hans til syne. Her konstruerte han ein stein- og stubbebrytar som vekte stor merksemd i dei tider. Under landbruksutstillinga i Ålesund i september 1913 stilte han den ut og oppnådde tredje premie.

Radkultivator

I krigstida tok han til å arbeide med ein radkultivator. I 1945 var han komen så langt at han kunne syne den fram på Gjermundnes Landbruksskule. Seinare vitja han Høgskulen på Ås. Autoritetane uttalte seg rosande om dette apparatet. For desse oppfinningane fekk han Møre Landbruksselskaps diplom.



K. G. Hatlemark med borna Konrad og Gudrun. Han vart tidleg enkjemann.

Han søkte patent på radkultivatoren, og fekk patentbrev datert 11. oktober 1948, og offentliggjort av styret for Det Industrielle Rettsvern 12. desember 1948.

Fullmektig var ingeniør Jens Jarnes, Jar pr. Oslo, som også var ein kjend sykkelving, går det fram av patentbrevet.


Patent

I patentbrevet står det at hensikta med maskinen var å utføre arbeidet på den mest effektive måten, med samtidig opplegging av furer, smuldring og blanding av mold og gjødsel, samt hakking og oppskovling av ugrasrøter. Seinare kunne kultivatoren brukast til kombinert hypping og ugrasreinsing.


Karl Johan Gulliksen Hatlemark døydd seks år etter at han mottok patentbrevet, den 3. januar 1955.



Den patenterte radkultivatoren. (Foto: Jarle Tusvik).



Patentbrevet frå 1948.



Teikning av mekanismen i den patenterte radkultivatoren.



Hatlemarks Trevarefabrikk like før han vart brend ned i kontrollerte former.



Karl Johan Gulliksen Hatlemark som 70-åring på toppen av Skopshornet i 1939.



For hundre år sidan i år fekk K.G. Hatlemark tredjepremie for sin nyskapande stein- og stubbrytar og vart heidra med dette flotte diplommet i stort format.



Johan P. Aurdal, fødd 1946, er pensjonert bankmann med lang fartstid på Sykkylven bedehus. Han har skrive dette historiske attersynet som først og fremst tek utgangspunkt i arbeidet i sentrumskrinsen.

Sykkylven Indremisjon 125 år

Av Johan P. Aurdal

Skiparane i sentrumskrinsen møttest 9. desember 1888 i skulehuskjellaren på Aure. Mange hadde møtt fram, og dei var alle svært engasjerte då statuttane for foreininga skulle utformast.

Det første styret var Peter O. Eidem (formann), Sven A. Ullavik (varaformann), Lars P. Grebstad (sekretær) og Nils K. Aure (kasserar). Lite visste vel desse pionerane då kor viktig indremisjonen og bedehuset skulle bli for kristenlivet i Sykkylven i framtida.

I Sykkylven var Hundeidvik Indremisjon først ute og vart skipa i januar 1888, med Jens L. Midtgård som første formann. Bedehus vart bygd og teke i bruk i 1916. I Velledalen vart det starta indremisjonsforeining 25. april 1889. Ved starten var det 95 innskrivne medlemmer i foreininga og Fredrik Fedt var første formann. Bedehuset her stod ferdig i 1926.

Ramstaddal skipa indremisjonsforeining i 1891 på skulehuset på Svindseth. Det var 33 medlemmer frå starten og Ludvig Klokk vart vald til første formann. Bedehuset stod ferdig i 1895, og var eit av dei første bedehusa her på Sunnmøre som vart nytta til "prekentenester". Soknepresten i Ørskog hadde åtte preiker her i året. Straumgjerde var med i Velledalen dei første åra der, men gjekk seinare ut. I 1941 vart det skipa eiga foreining og bedehuset vart bygd og stod ferdig i 1972.

Lekmannsrørsla

Den frie lekmannsrørsla på Sunnmøre kan først tilbake til Hans Nielsen Hauge si verksemd. Han vitja Sunnmøre nokre gonger kring år 1800, og vann mange for Kristus der han for fram. Dette var nok opptaket til dei små flokkane av lesarar utover i bygdene. Den første indremisjonsforeininga på Sunnmøre vart skipa i Ålesund i 1868. Det som i dag er Sunnmøre Indremisjon, vart ski-



Peter O. Eidem - første formann i Sykkylven Indremisjon.


pa i 1882 som ei fellesforeining.

Ei av dei bygdene på Sunnmøre som heldt lesarane ute lenge, var Sykkylven, skriv Oscar Handeland i boka Vårløysing II. Frå boka Sunnmøre Indremisjon 100 år, hentar eg fylgjande: "Den mann som kom til å slå ein bresje i muren for lesarane i Sykkylven, var dalsfjordingen Lars Steinsvik (1822-1880). Denne mannen kom til Sykkylven i 1852 og bygsla Sjursgarden på Vik, og her vart han verande all sin dag. Lars Steinsvik var ein stillfarane kar, men kjende ein indre brann etter å vitne om frelsa i Jesus. Han tok difor til å halde møte."

I 75-årshistoria til Sykkylven Indremisjonsforeining viser Edvard Skotte også til historieverket Vårløysing når han skriv: Om han aldri steig fram på dei store møte, og ikkje fekk vera med då grunnsteinen skulle leggjast til fellesforeininga, var han likevel ein av dei som i røynda gjorde mest til at indremisjonen vann feste i folkehugen. Steinsvik fekk heller ikkje vere med då Sykkylven indremisjonsforeining skulle skipast. Men her må det vel seiast at han hadde gjort eit ryddings- og sårbeid. Og som han sjølv sa: Det skal bløme etter mine dagar.

Den store vekkinga

Det som truleg var ein av dei utløysande faktorene til at tre indremisjonsforeiningar vart skipa



Det gamle bedehuset på Aure fekk namnet Bethania og vart reist i 1892. Det vart rive og oppsett på nytt som bedehus på Glomset. Det er i bruk den dag i dag. (Teikning: Martin Furseth).

i bygda i løpet av eit års tid i 1888 -1889, var nok vekkinga ved lektalaren Paul Gerhard Sand. Han hadde møte i kyrkja. Det var ikkje vanleg at lekfolk fekk tale i kyrkjer på den tida, men kyrkja i Sykkylven vart opna for han. Han tala frå eit kateter plassert på kyrkjegolv. Sand tala enkelt om synd og Guds nåde, og budskapen greip folket. Det vart ei openberring av evangeliet som folk ikkje hadde sett så klart før. Kyrkja var fullsett og det braut ut ei folkevekking som bygda aldri har sett maken til verken før eller seinare, skriv Oscar Handeland. Sand var i Sykkylven to eller tre gonger, siste gongen var påskedag i 1889. Då tala han også i kyrkja.

Sand kom frå ei haugianarslekt og han var utdanna lærar. Kyrkjehistorikaren Ivar Welle skriv om Sand: Han var kanskje den mest veltalande og ubetinget den beste skribent blant si tids vekelsespredikantar.

Første bedehuset

Bygddefolket viste stor interesse for indremisjonen og møtte villig fram til samkomene. Snart melde behovet seg for ein eigen møtestad, eit bedehus. Dei to første åra vart møta hovudsakleg lagt til private heimar og til skulehuset på Aure, men samstundes vart planane om bedehus stadig meir handfaste og konkrete.

Bedehuset, som stod ferdig i 1892, fekk namnet

“Bethania”, og hadde 200 sitjeplassar.

Bedehuset vart ein viktig kamparena frå århundreskiftet og utover. Bygda fekk oppleve rike vekkingar, mellom anna i 1925. Ikkje sidan i 1888 hadde Sykkylven opplevd ei vekking så stor som denne. Det var sekretær Lars Lied i Sunnmøre Indremisjon, som var Guds reiskap i denne vekkinga. Men også i 1931 og i åra 1942-43 gjesta Gud folket med vekking og liv, skriv Kjell Furnes i boka Sunnmørsk bedehusland.

Det gamle bedehuset viste seg i etterkrigsåra stadig oftare å vere for lite. Men alt i 1943 vart det semje i styret om at ein for alvor måtte tenkje på eit nytt og meir tidsmessig bedehus.

Nils Einar Rye skriv i Sykkylven Indremisjonsforeining 100 år i 1988:

Dei første 15 åra etter krigen var det eit praktisk spørsmål som i stor grad opptok kristenfolket i krinsen: Behovet for eit nytt bedehus. Aktiviteten i foreininga vart etterkvart så stor og omfattande at ein for alvor måtte vurdere bygging.

Ein januarkveld i 1957 vart det gjort endeleg vedtak om at det skulle byggast eit heilt nytt bedehus. Grunnsteinnedlegginga var 9. august 1958 og huset blei vigsla 15. mai 1960. Huset har vore flittig brukt av dei ymse organisasjonar, til møte, festar, basarar, konsertar, barne- og ungdomsarbeid, søndagsskule, song- og musikk-



Maria og Martin Lyshol.

øvingar, kafedrift, loppemarknader m.m. Etter kyrkjebrannen i 1983 vart bedehuset brukt som interimskyrkje fram til den nye kyrkja stod ferdig i 1990.

Songen og musikken

Bedehuset har alltid hatt ein sterk kultur for songen og musikken. Det har fylgd lekmannsarbeidet til alle tider. I 75 års-jubileumsheftet for Sykkylven Misjonskor i 1981 står det: Alt i 1906 hadde dei teke til med litt korsong i bedehuset. Det var Karolus Blindheim og Martin Lyshol som gjorde opptaket til dette. Det vert fortalt at i 1909 var mange av dei unge venene samla i Rasmusgarden på Lyshol, i bryllaupet til Maria og Martin Lyshol. Dei song då firstemt minst to songar: “Hvilken venn vi har i Jesus” og “Arbeid før natten kommer”. Dette vart sett på som eit særhende.

Først i 1911 kom dei skikkeleg i gong med koret. Martin Lyshol hadde gått i musikkklære på Moskenes i Lofoten, og lærde også å spele fele. Martin hadde prøvd seg som dirigent på Stranda ei tid dei budde der etter han gifte seg. Då han kom tilbake til bygda i 1911 tok han straks fatt på arbeidet med song og musikk i bedehuset, og han fekk god bruk for det han hadde tileigna seg av musikkteori. Om lag 20 korsongarar var aktivt med i den første tida.

Men alt før skipinga av songkoret på bedehuset var det eit song- og musikklag der, som utanom songkrefter var samansett av fele, sitar og fløyte. Seinare utgaver av musikklaget har og hatt gitarar, trekkspel og sag.

Dagens Credo Brass vart starta i 1936 og har halde det gåande i over 75 år. Eit interessant historisk poeng er at Reidar Skotte har vore med heilt frå starten og er framleis aktiv. Ein god del av korps-

medlemene syng også i Credo Vokal. Dei har vore til stor glede og velsigning for bedehusarbeidet i alle desse åra.

Elles har bedehusmiljøet heile tida vore velsigna med mange gode dirigentar, pianistar, solosongarar, duettsongarar, mannskor (brødrekor), andre muskarar og ulike songgrupper opp gjennom åra.

Ungdomskoret Message vart starta i 1971 og hadde tilhald på bedehuset i perioden då gamlekyrkja var nedbrend i 1980-åra. Dei song fast på jule- og 17. mai-festane på bedehuset. Det var over 100 ungdomar med i dette koret på det meste. Også barnekoret Mini-Message, som vart oppstarta i 1976, heldt til på bedehuset i denne perioden. Dette var og eit stort kor. Begge desse kora var tilslutta Misjonsungdomslaget, men dreiv eit nokså sjølvstendig arbeid.

Ungdoms og barnearbeid

Den første kristne ungdomsforeininga i bygda vart skipa 23. nov. 1905 og heitte Aure kristelege ungdomsforeining, og var tilslutta Norges kristelege Ungdomsforbund, Sunnmøre krins. Denne foreininga arbeidde i vel 20 år, og hadde sitt siste møte med julefesten 1926.

På nyåret i 1925 var det vekking i Sykkylven. Møta var for det meste haldne på det gamle bedehuset.

Etter ei tid kom det fram ynskje om å skipe ei ungdomsforeining knytt til Indremisjonen, men for at det ikkje skulle bli konkurranse mellom to ungdomsforeiningar, vart ein samd om å skipe ei ny foreining som skulle stå fritt, utan å vere tilknytt nokon organisasjon. Den 12. november 1927 vart så Den kristnes ungdomsforeining skipa. Seinare vart namnet endra til Misjonsungdomslaget, som bygde ut Fjellseter Ungdomssenter frå 1970.


Sykkylven Yngreslag vart skipa i 1948 og hadde ungdomar mellom 13 og 18 år som si målgruppe. Medlemstalet varierte mykje, med 50 på det meste. Dette arbeidet stoppa opp i 1973. I 1987 vart det skipa eit nytt ungdomstiltak, Sykkylven Indremisjons Ungdomsforeining. Denne foreininga er i dag ikkje i drift. Aure søndagsskule tok til i 1893 på bedehuset. Elles har det vore fleire barneforeiningar som har halde sine samlingar på bedehuset opp gjennom åra.



Sykkylven bedehus - slik det ser ut i dag.



Songkoret på Bedehuset 1942: Mennene frå venstre: Håkon Støylen, Paul Furseth, Olav Stavseth, Lars Hagen, Ole Honningdalsnes, Per Welle, Karl J. Welle, Trond Sjøstad, Leif Holen, Olav Andreassen, Arne Blindheim, Leif Brunstad, Ingmar Relling, Karl K. Blindheim, Sigfred Blindheim, Lars J. Aurdal, Ole Tynes, Johan Leivdal, Mindor Hjellegjerde, Bjarne Enstad, Karl M. Lyshol og Olav O. Vik. 4.rekkje: Signe Aure, Solveig Lyshol, (g. Furseth), Signe Tynes (g. Gjerde), Perdy Slyngstadli (g. Haugseth), Myrthle Skotte (g. Fatland), Solveig Langlo, Julie Grebstad (g. Villanger), Olga Løseth, Bertha Strømsheim (g. Enstad), Jenny Løseth (g. Sandvik), Ellida Bjerkvik (g. Hjelte), Bertha Klokkehaug (g. Støylen) og Oddrun Klokkehaug. 3. rekkje: Gudrun Slyngstadli (g. Lillebø), Jorunn Hole (g. Vik), Bertha Riksheim (g. Tennøy), Åsta Fredriksen, Johanne Blindheim, Torbjørn Sandal (g. Ekornes), Anne Marie Rørstad, Petra Grebstad (g. Skotte), Hustadnes, Halldis Blindheim (g. Bakke), Ida... (g. Tynes). 2. rekkje: Ukjend, Gunvor Skare, Annbjørn Aurdal (g. Skotte), Bjørn Vinje, Asbjørn Aure (g. Welle), Oddlaug Aure, Gunvor Klokkehaug (g. Rørvik), Kari Skotte, (g. Oppsal), Lea Roald (g. Kvamme), Agnes Relling, (g. Dalen), Hrefna....., (g. Tynes). 1. rekkje: Ingrid Grebstad, Åsta Ødegård (g. Blindheim), Jenny Solbakken (g. Siem), Signy Brudevold, Solveig Relling (g. Holen), Martin Lyshol, Aslaug Slyngstadli (g. Welle), Olaug Aurdal, (g. Viddal, Guri Vik Welle, Bertha Fauske, (g. Hjellegjerde) og Sylla Kjemphol, (g. Lyshol).



Barnekoret Mini Message har øving på Sykkylven bedehus i 1989. Dirigent var Olav Pileberg.

Bedehus og misjon

Det er svært mange misjonsorganisasjonar som har halde møte på bedehuset i desse åra. Den eldste misjonsforeininga i bygda var "Søkelven Missionsforening" som vart skipa i 1862 og er enno i drift etter over 150 år. Den høyrer til Det norske misjonsselskap. Etter kvart kom det nye til, knytte til andre misjonsorganisasjonar som Misjonssambandet, Santalmisjonen/Normisjon, Israelmisjonen, Sjømannsmisjonen, Indre sjømannsmisjon, og mange andre. Tallause er dei mange misjonærar som har vore på besøk på bedehuset opp gjennom åra og formidla Guds ord og inntrykk frå fjerne land og det arbeidet dei stod i. Særleg i tidlegare tider var dette ein utruleg fin horisont til andre kulturar og land, lenge før fjernsyn og den store medietida vi har i dag. Fleire misjonærar har og reist ut frå Sykkylven, og mykje pengar er blitt samla inn på bedehuset til misjonsarbeid på andre kontinent i desse åra.

Sykkylven Indremisjon har til formål å vekke og nære kristeleg liv på grunnlag av Guds Ord og den evangelisk-lutherske vedkjenninga. Slik såg dei det heilt frå starten og det står ved lag også i dag. 125 års-jubileet vart markert på samlingsfesten på bedehuset 8. september i år, der det m.a. blei vist ein presentasjon med bilete og historikk frå bedehusarbeidet gjennom desse åra.

Kjelder:

Nils Einar Rye: Sykkylven Indremisjonsforening 100 år,
Edv. Skotte: Sykkylven Indremisjonsforening 75 år.
Bernt Fauske: Bestefarfortellingar frå boka "Brand".
Vi reiser med Brand - Sykkylven Misjonskor 75 år.
Kjell Furnes: Sunnmørsk Bedehusland
Oscar Handeland: Vårlysing II,
Sunnmøre Indremisjon 100 år



Per Arne Grebstad, fødd 1944, er pensjonert lærar som i hovudsak har undervist i realfag og samfunnsfag. Han har skrive ei rekkje historiske artiklar, også for Årbok for Sykkylven. I år løfter han fram ei historie frå sin eigen familie.

Brevet

Av Per Arne Grebstad

Eg har eit brev. Det er datert 5. august 1941 og er frå Politimeisteren i Narvik. Brevet er sendt til Fru postfullmektig Grebstad, Sykkylven, og teksten er kort: «Herværende tyske sikkerhetspoliti meldte i dag at postfullmektig Grebstad er arrestert, hvilket de herved underrettes om». Mange kjenner avdeling 4 i det tyske sikkerhetspolitiet som Gestapo.

Ein sommardag sat eg saman med tante Mein i den vesle hagen ved hytta på Nyborg. Ho hadde så vakkert eit hår, ikkje «Silver Threads among the Gold» men det var reint sølv, 830 S. Då fortalde ho meg korleis håret fekk den fargen.

Ole og Mein Grebstad budde i Narvik då krigen byrja. Det var ei aprilnatt i 1940 at ho ikkje ante kvar onkel Ole var og ho gjekk ut for å leite. Medan kanonane drønna i det største slaget i Norge under den andre verdskrigen, vandra ei kvinne rundt i byen og leita etter han som ho var så glad i. Dei spør kva kjærleik er. Dette er kjærleik. Denne opplevinga endra kjemien i håret så at det vart til sølv.

Noreg var okkupert av den sterkaste krigsmakta i verda og mange melde seg inn i NS for å få makt. Her er eit brev frå ordføraren i Narvik til onkel Ole:

Herr postfullmektig Grebstad, Narvik.

Da deres sønn i aften gikk forbi mitt hus, viste han sin «Karslighet» ved å fremkomme med hånende bemerkninger om min eiendom. Pøbelbemerkningen fant han det naturligvis opportunt å fremkomme med da han så min hustru arbeidet i haven.

Deres sønn kjenner jeg for øvrig for lengst som en samfunnsfiende, men en som en dog hittil har oversett som den pøbel han ved sine hyppige opptredener har vist seg å være. Skulde han dog

ikke vise tendenser til å bremse på sin tilbøielighet skal jeg som eldgammel borger av denne by og som byens ledende mann sørge for å ta ham ved vingebenet og det så kraftig, at han skal minnes for adskillig tid. Jeg finner meg nå ikke lenger i den slags innflytter-pøbelopptreden.

Jeg skriver til Dem om dette slik at De kan gis en sjangse til å sette «hvalpen» til veggs sådan at jeg slipper å gjøre det.

*Narvik 20. juni 1941.
Heil og Sæl.
O. Trældal*

Men denne historia stoppar ikkje med ordføraren, ho gjekk heilt til Justisdepartementet og statsråden. I eit brev frå sjefen i Justisdepartementet, står det:

*Note fra reisen i juli-august til Nordland.
Oslo 10. september 1942.*

*Det har vakt stor harme i Narvik at en mann som postfullmektig Grebstad våget likefrem å geipe etter folk i N.S. Det var et alminnelig krav at han måtte bli avskjediget og i allefall forflyttet.
Heil og Sæl.
Riisnæs*

Onkel Ole søkte stilling som postfullmektig på postkontoret i Harstad, men fekk ho ikkje, ein postmann som var medlem i NS fekk stillinga. Onkel Ole blei deportert til Oslo, der han tok inn på hybelen til sonen Svein Bjarte, som var student ved Universitetet. 31. november 1943 vart Svein, saman med andre studentar og lærarar arresterte og sende med «Donau» til konsentrasjonsleiren Buchenwald.

Onkel Ole fekk jobb i Postdirektoratet utan at han hadde søkt, noko han ikkje kunne forstå. Johan Krogsæter, som seinare vart personalsjef ved Ålesund kommune, fortalde at der var nokon frå

Heimefronten som arbeidde i Postdirektoratet og som hadde ordna stillinga for han. Etter nokre år som inspektør, vart Ole Birger postmeister i Trondheim. Her fekk han og Mein også pensjoniståra sine. Men hytta på Nyborg hadde dei.


Svein kom tilbake frå Buchenwald med dei kvite bussane. Han fullførte utdanninga, underviste på forskjellige gymnas for så å bli lektor ved Gerhard Schønnings skole i Trondheim. Søstera Åshild og mannen slo seg ned i Skogn. Såleis vart heile familien samla ved Trondheimsfjorden. Då Ole-Birger gjekk av med pensjon, hadde han 52 års tenestetid i Postverket.



Mein var frå Fargargarden i Norddal. Onkelen hennar, Fargar-Ivar, var vide kjend og politisk aktiv. Han vart mellom anna jaga av lensmannen då dei heiste eit reint norsk flagg i Geiranger i 1905. På bildet er Ole Birger og Mein Grebstad då dei begge var i åttiåra.



“Innflytter-pøbelen” Svein Bjarte Grebstad på besøk på Sunnmøre Museum.



Brev frå politimeisteren i Narvik (Faksimile)



Interiør frå Kaffistova i Ålesund - der Mein Grebstad var styrar.

Biletkavalkaden 2013

Ved Monica Aure

Her er nokre glimt med små og store hendingar i året som gjekk, teke ut av Sykkylvsbladet sitt fotoarkiv.



Det mange var opptatt av i januar, var at grunna lite tilrenning til høgdebassenget til Straumgjerde vassverk, var det problem med vassforsyninga inst i fjorden. Sykkylven Energi leverte vatn til vassverket for å hjelpe til med situasjonen. Tankbilen til Thermotank romma 31 000 liter med vatn, og den tok mange vender for å fylle høgdebassenget. Sivilforsvaret var også sett inn i arbeidet. (Foto: Arild Aure)



Ungdomsmillionen som Sykkylven kommune deler ut til ulike ungdomstiltak har vore eit heitt tema heile året. I mars vart ungdomen sjølv inviterte til å kome med forslag til korleis midlane burde nyttast. Kommunestyret valde å satse på Open storhall, Sykkylven kulturhus, sandvolleyballbana i sentrum, hestesport, treningspark i sentrum, paintballbana på Hjellane og jibbeparken på Fjellsetra. (Foto: Arild Aure)



Justin Bieber-feberen herjar landet, og mange unge jenter reiste til Oslo då popstjerna skulle opptre der i april. 70 000 fans skulle høyre han synge live. Sykkylvsbladet intervjuar nokre jenter som skulle på både ein og to konsertar med det store idolet sitt og dei gledde seg stort. Aller heldigast var Oda Nyheim som fekk møte Justin Bieber. (Foto: Monica Aure)



Tradisjonen tru startar mai i Sykkylven med Konrad-løpet. Klokka 05 om morgonen 1. mai stod heile 315 deltakarar frå 20 kommunar og åtte nasjonar klare til start. Veldig imponerende var det også at fleire friskusar frå årets russekull tok turen. Blant desse var Sivert Øren (frå venstre), Lars Kristian Hjelseth og Marcus Wilhelmsen som alle gjorde god innsats. (Foto: Monica Aure)



Monsterlina og arbeidet med denne har gått føre seg heile året. I mai kunne ein lese i Sykkylvsbladet at 20 italienarar frå selskapet Conzortio skulle installere seg i ein ny brakkerigg på området til Storfjordterminalen AS på Ørsneset. Styreleiar Bjørn Idar Lyngvær ønskte dei velkomne med det italienske flagget. (Foto: Frank Kjøde)



Sykkylven har mange sykkelentusiastar, og sporten ser ut til å vere i vekst. Nærare 300 deltakarar i alderen 0 til 14 deltok då det omreisande «sykkelsirkuset» Tour og Norway for kids gjekk av stabelen før sommarferien. Været var topp, og det såg ut til at dei unge deltakarane kosa seg då dei sykla rundt løypa i sentrum. Alle som var med fekk seg fine premiar. (Foto: Monica Aure)



A-laget i FK Sykkylven møtte Åheim til seriekamp i Ikornnes Idrettspark, og det enda i ein historisk siger til heimelaget. Heile 26-0 til FK Sykkylven stod det då kampen var slutt. Det skal vere den største sigeren i ein offisiell seriekamp for eit seniorlag i kommunen. Som om ikkje det var nok, skåra Alexander Aure like godt ti av måla i ein og same kamp, også dette var rekord når det gjeld Sykkylven, a-lag senior og 11'ar fotball. (Foto: Jan Halvard Holmøy)



Ordninga med brukarbetaling ved miljøstasjonen på Jarnes fungerte dårleg, grunna store feilvegingar av det ein leverte. Sverre Kalvatn (t.v.) og Magnar Støylen frykta at ordninga som ikkje fungerte ville føre til at fleire kasta avfallet sitt i naturen. Saka blei seinare tatt opp i kommunestyret, og der vart det bestemt at det ikkje vert brukarbetaling i år og at systemet skal evaluerast neste år. (Foto: Arild Aure)



I september vart rundkøyringskunstverket som Kjell Gunnar Overøye har laga avduka, «Ei fri fabulering over temaet menneske – stol». Den høgtidlege avdukinga var lagt til same helg som kommunen sine musikkfestdagar. Mange skodelystne tok turen til rundkøyringa for å sjå det nye landemerket i bygda. (Foto: Monica Aure)



Med 116 hjul fordelt på 32 akslingar snigla den over 80 meter lange trafo-transporten seg frå Aursneset til Heiane. Mange skodelystne møtte fram for å sjå då dette skjedde i midten av september. Det var trøngt om plassen då vogn-toget skulle kome seg gjennom sentrum og rundkøyringar. (Foto: Arild Aure)



I juni skjedde det som bygda har venta på i lang tid, dørene til ein ny kino kunne endeleg opnast. Mange møtte fram og fekk gå på den raude løparen som var lagt på plass for høvet. Kinoen vart offisielt opna av ordføreren. Så kunne den aller første filmen starte, Pelle Politibil. (Foto: Monica Aure)



Den nye leikeparken i sentrum har blitt positivt tatt i mot av bygdefolket. Denne blei opna i sommar. Det er Sykkylven kommune og Gjensidige som fekk realisert parken gjennom eit spleiselag. Der har ein sett små og store som har kosa seg stort dei siste månadane. (Foto: Arild Aure)



Per Blakstad, fødd 1939, har vakse opp i nær tilknytning til isproduksjonen i Sykkylven. Per Blakstad er altnoglegmann med eigen verkstad, har site i Sykkylven kommunestyre og blant anna vore aktiv i dugnadsgruppa som arbeider med å setje den straumproduserande dampmaskinen frå Tynesfabrikken i stand.

Ishuset på Blakstad

Av Per Blakstad

Iseksport var ei viktig næring i Sykkylven frå 1890-åra og mange år framover. Isen vart henta frå dammar og lagra i ishus. Ishuset på Blakstad står der den dag i dag.

Uttrykket Den industrielle revolusjonen blir gjerne brukt om dei store sosiale, økonomiske og teknologiske endringane som gjekk føre seg særleg i Storbritannia frå slutten av 1700-talet. Utviklinga spreidde seg etter kvart utover 1800-talet til USA og Tyskland, og vidare til mange andre land. Ein

større del av folket fekk auka kjøpekraft. Dei ville ha variasjon i kosten, og fersk mat vart etterspurd vare. Det var vanskeleg å frakte og lagre fersk føde, spesielt fisk, særleg i dei varme månadene. Varene måtte kjølast ned, og mekanisk kuldeteknikk fanst ikkje.

Løysinga var bruk av naturis, og etterspurnaden etter slik is auka. Det milde vêrlaget i England høvde ikkje for isproduksjon. Isen måtte innførast. Engelske skip henta naturis i Noreg alt

tidleg på 1820-talet. Både breis og fjordis vart prøvd. Men då eksporten av is frå Noreg for alvor tok seg opp etter 1850, kom isen i all hovudsak frå innsjøar og mindre vatn og i aukande grad også frå kunstige dammar.

Eksportvare

Eksporten av norsk is nådde eit høgdepunkt i 1890-åra. På den tida hadde mange tusen menneske i Noreg ein stor del av inntekta si frå isindustrien og iseksporten. Mange stader var iseksporten like viktig som eksporten av tømmer. Iseksporten heldt lenge liv i ein stor flåte av gamle treskuter. Så seint som i 1914 gjekk tre fjerdedeler av iseksporten med seglskip. Ny kuldeteknologi førte etter kvart til at utførsel av rein norsk naturis avtok. Men eksport av nedisa fisk frå Noreg hadde kome i gang frå 1840-åra. Fiskeeksportørane i Noreg kjøpte is lokalt som dei kjølte ned fisken med. Det gjekk lang tid før den nye kuldeteknologien vart så rimeleg at han kunne konkurrere ut lokalt produsert naturis til fiskelastane. Slik heldt den norske naturisproduksjonen seg til heilt inn på 1950-talet.

Lokal isproduksjon

Langs store deler av norskekysten voks det opp små og større anlegg som produserte, lagra og selde naturis. Kring år 1900 tok ålesundarane til å bruke is på fersk fisk. Karl Johan Tusvik (1862-1942) var mellom dei som tok til å samle naturis. Bygdeboka fortel at han rodde isen til byen i færing. Prisen var fem kroner for ei båtlast. Det var eit blodslit. I 1939 kjøpte han motorbåt til isfrakting. Han laga også ein stor isdam i Tusvika



Den gamle iskverna står i ishuset enno. Ho er litt av eit monster, seier Per Blakstad som undersøker den tunge støypejernkonstruksjonen. (Foto: Roald Solheim).

som han utvida fleire gonger til han var om lag seks mål stor. Han bygde eige ishus i Tusvik, som står enno.

Johan var gardbrukar og bygningsmann. Han åtte fleire båtar, og sat truleg godt i det økonomisk. Johan vart gift med Oline Blakstad (1876-1958) i 1899. Ho var tante til Karl Blakstad, fødd 1894, i Jo-garden på Blakstad. Johan Tusvik og Oline Blakstad er foreldre til Bjarne Tusvik og besteforeldre til Harald Tusvik (f.1954), som i dag eig Jo-garden på Blakstad.

Familien i Jo-garden

I Sykkylven var det isproduksjon fleire stader. Her skal vi ta føre oss eitt av desse anlegga, nemleg ishuset i Jo-garden på Blakstad. Ole Petter Karlsen (1863-1946) frå Tandstad vart saman med Johanne Bastiandotter Blakstad (1872-1931). Dei kjøpte Jo-garden på Blakstad i 1891, same året som dei gifte seg. Ekteparet fekk seks born. Eldsteguten reiste til Amerika. Ei jente (Anna Josefina) døydd då ho var tre år gammal, ei anna (Bergljot Olivia) døydd då ho var ni år.

Fyrst på 1940-talet budde faren Ole Petter og dei tre attverande vaksne syskena på garden. Eg var ein del i Jo-garden då eg var liten. Dei brukte å passe meg når mor og far måtte reise bort. Det var alltid triveleg. Det spraka bjørkeved i komfyren. Ole Petter sat og batt garn, og fortalde om gamle dagar. Karl og Oskar diskuterte oftast isprisar. Elles hadde dei eit Europa-kart. Kartet hadde mange knappenåler som dei flytte fram og tilbake etter at dei hadde vore i fjøset. Denne aktiviteten forstod eg mindre av.



Mal av iskrok. (Foto: Per Blakstad)

Is-huset i Jo-garden sett frå Kremmarneset der forfedrene til Per Blakstad (biletet) i si tid dreiv vertshus og landhandel. Langs fjøra er det mura opp ein om lag hundre meter lang steinmur av storstein. Så er mindre stein fylt i bakkant. Denne steinplattforma vart nytta til klippfiskturking, som også var ei viktig attåtnæring for mange i Sykkylven heilt til utpå 1950-talet. Legg merke til at huset er plassert på eit berg kloss i sjøkanten. Skutene kunne legge seg nært inntil, og det vart rimeleg lett å føre isen om bord (Foto: Roald Solheim).

Etter Gardssoga for Sykkylven var det Karl og broren Oskar som starta med isproduksjonen der. Ei av systrene deira, ho Anna, oppattkalla etter vesle Anna som døydde så ung, må vi ikkje gløyme. I 1845 hadde bruket hatt ein hest, ni kyr, 20 sauer, to geiter og ein gris. Dei dyrka poteter og korn til husbruk. Sjølv om dette endra seg nitti år fram i tid, fortel tala om ein etter måten stor vestlandsgard. Anna hjalp til ute i våronna, slåttonna, potethaustinga og skurden. I tillegg laga ho morgonmat, dugurd, middag og kveldsmat kvar dag. Ho vaska klede, hus og kjerald for hand, kinna smør, baka brød, og steikte flatbrød året rundt i mest ein mannsalder.

I anleggsperioden hadde ho mange menn ekstra i kosten i fleire år. Under den seinare årlege ishaustinga og isleveringa, leigde brørne inn dagarbeidarar som sjølv sagt også måtte ha mat. Anna arbeidde i Jo-garden fram til ho gifte seg i 1947 og flytta til Aure. Ho var då ei kvinne på 42 år. Mor deira, Johanne Bastiandotter Blakstad, var fødd i 1872. Ho døydde i 1931, berre 59 år gammal, så eg hugsar ikkje henne. Faren deira, Ole Petter, var også aktivt med i arbeidet så lenge helsa heldt, både i gardsdrifta og på isanlegget. Han døydde i 1946.

Dei første spadestikka

Karl og Oskar planla og fekk laga grunnmur av digre steinheller på berget heilt nede i sjøkanten. Fundamentet måtte tole storbåra. På dette grunnlaget bygde dei ishuset. Saman med feteren Bjarne Tusvik kjøpte dei båten "Valo" til isfrakting. Det var slektskap og godt samarbeid i isproduksjonen i Tusvika og på Blakstad. Karl var 20 år i 1917. Den første verdskrigen var slutt i 1918, og det var optimisme og gode tider nokre år etterpå - før krisene kom.

Sjølv om det var mykje arbeidsløyse i mellomkrigstida og lett å leige folk, skulle det økonomi til for å få dette i gang. Det må ha vore tale om svært store investeringar etter den tids målestokk. Korleis Karl og Oskar ordna finansieringa, veit eg ikkje. Faren deira, Ole Petter, var i Amerika frå 1886 til 1891. Han la seg kanskje opp pengar der? Kanskje slekta i Tusvika også var inne i biletet? Lokale finansinstitusjonar kunne også ha spela ei rolle.

Ein avgjerande faktor for isproduksjon var stabil tilgang på reint ferskvatn. Det renn ein bekk i lia bak anlegget. Her fann dei vatn. Brørne

fekk bygt to store dammar heilt nær baksida av ishuset. Kvar dam er om lag 60 meter lang og om lag 40 meter brei. Det gjev eit totalareal på om lag fem mål. Begge dammane er attvaksne med lauvskog no, men viser godt framleis. Mykje av jorda i dammane vart fjerna. I nedkant av dammane bygde brørne opp ein diger steinvoll. Vi må hugse på at heile anlegget vart til i ei tid då det ikkje var tilgang på gravemaskinar eller bulldosarar. Alt måtte gjerast med handemakt, hakke; spade, spett og stubbebrytar, og hest og slede der det høvde. Mange menn må ha vore sysselsette i dette anleggsarbeidet i lang tid.

Enkel planløyising

Inne i huset er der to store lagerrom. Samla golvflate i lagerromma kan vere om lag 160 kvm. Rekner vi at det kunne stablast is fire meter i høgda, har huset ein kapasitet på over 600 kubikkmeter. Vi ser ein opning nær bakken i bakveggen på huset. Opningen er om lag ein gangar ein meter. Arbeidarane la ei renne frå kanten av isdammane og sila isstykkja først inn den lågaste opningen. Etter at dei ikkje fekk meir is inn denne vegen, flytte dei renna til den andre opningen som vi ser delvis atkledd høgare oppe på same veggen.

Der stod menn og tok mot isen og stabla han tett i tett inne i huset. På golvet og nær veggene isolerte dei med sagflis. Dei la sagflis på mørkeloftet og. Mot sjøen ligg det tre meter breie maskinrommet. Det var så kjølig inne, at dei som arbeidde der, måtte vere godt påkledd. Dei måtte også vente ei stund og aklimatisere seg i maskinrommet før dei gjekk ut i soldagen. Det rare er at isstykkja ikkje fraus saman til ein stor klump.

Arbeidet med isproduksjonen på Blakstad starta gjerne utpå hausten. Då måtte dammane klargjerast. Karane drog ein færing opp i dammen. Så brukte dei ein langorv og slo vassliljer og gras på botnen av dammen. Dei raka bort graset og alt anna rusk, så det ikkje skulle fryse fast i isen. Isen måtte vere så rein som mogleg. Eg syntest det var stas å vere med, for då fekk eg vaspe så mykje eg ville, og så vanka det sjokolade. For Oskar hadde eit utømeleg lager av det slaget.

Radioen i gjødselkjellaren

Ishuset i Jo-garden vart i det heile ein viktig del av barndommen min, som i hovudsak var på 1940-talet. Det var ikkje mange andre born på min alder på Blakstad, så det vart til at eg var i



Stovehuset i Jo-garden på Blakstad. Eigaren Harald Tusvik har halde det godt ved like. På trappa står Per Blakstad. I dette huset budde Ole Petter, Anna, Karl og Oskar. (Foto: Roald Solheim)

Jo-garden seint og tidleg. Her gjekk eg og såg og grunda og spurde, som gutungar flest gjerne gjer. Eg var nok ein del i vegen for vaksnekarane, men det forstod eg ikkje. Og då dei heller ikkje sa noko direkte, så vart eg verande der nesten dagstøtt. Det hende at dei sysselsette meg. Eg fekk vere med alle stader. Under krigen hadde Karl ein ulovleg radio gøymt i gjødselkjellaren. Eg fekk vere med å lytte på London. Det var utruleg spennande. Eg fekk streng beskjed om å ikkje fortelje nokon om radioen. Og dette heldt eg, utruleg nok til eit førskulebarn å vere.

Når isen hadde lagt seg og det kom store snømengder, kunne karane ta i bruk hest til å drage ei stor skrape, og så moka dei bort mesteparten av nysnøen på den måten. Men det var likevel noko att som måtte fjernast med kost og handemakt. Det vart eg sett til. Det var eit svært strevsamt arbeid. Men eg fann ut at eg kunne gå på skeiser samstundes som eg heldt snøskuffa. Då vart det både interessant og moro.

Hope og Haakon

Arbeidet med snøen kvalifiserte til middag i Jo-garden der ho Anna styrte. Og det var ikkje noko fattigmannskost der i garden. Eg kan hugse klippfisk med saftsuppe (havregrynsuppe med fleske-

feitt). Det var likevel med ein viss frykt eg gjekk til bords. Vart eg sitjande mellom Dike-Johan og han Åsen, kunne eg vente å bli spurt ut om bibelsoga og Luthers forklaring - samt Snorre, særleg om slaget i Hjørungavåg. Eg tok til på folkeskulen i 1946. Snøryddinga måtte eg gjere medan det enno var lyst, rett etter skuletid, så lekser vart det lite av. Men Oskar hørte meg i katekisma og dei 10 boda, så det vart no litt då. Dei utlegningane som desse karane hadde, passa ikkje alltid til å ta med seg på skulen. Det var ikkje alt som stod i lærebøkene. Eg forstod tidleg at eg måtte vurdere det dei fortalde, før eg tok det oppatt i skulestova, elles kunne det hende eg måtte sitje att.

Før vi fekk byrje å ete, laut vi lese for maten: Gud signe maten på vårt bord. Oskar, Karl og Anna var nøygne med bordverset. Eg fekk mor til å høyre meg i teksten, så eg vart ganske stø. Eg var ikkje trygg på om det kunne bli min tur til å lese for maten neste gong. Då var det best å kunne bøna. Ikkje for det at eg hadde fått noko form for straff om eg ikkje hugsa heile teksten, men det hadde vore forferdeleg flaut. I så fall ville nok ho Anna ha hjulpet meg. Ho Anna lika ikkje heilt at karane hersa og eksaminerte meg. Då dei spurde meg om eg visste kva dei heitte dei personane som var på bileta som hang på utedoen, sa ho stopp.

Men namna kunne eg. Det var Ludvig Hope, kong Haakon og dronning Maud. Då ein frå den andre sida av bordet kalla Ludvig Hope for ei skjeggape, vart Anna streng. Ludvig Hope (1871-1954) var ein omtykt og kjend reisepredikant.

Kraftverk

Fabrikkeigar Johan O. Erstad hadde bygt eige kraftverk på Ikornnes alt i 1910. I 1917 stod linjenettet på Sørestranda klart og det vart halde stor lysfest på Jarnes skule. Ved årsskiftet 1920-21 var kraftverket på Riksheim ferdig. Elektrisk kraft var ein føresetnad for effektiv isproduksjon. Men sjølv om det no var tilgang til elektrisk straum, var det berre i avgrensa omfang. Forsvarleg elektrisk installasjon var mangelvare. Etter avtale med elverket kunne kundar ta straum direkte frå stolpen. Det gjekk føre seg på den måten at kunden hengde stive metalltrådar opp på dei tre strengene. Trådane var avisolerte der krokane møtte leidningane i luftspennet. Spenninga kunne vere skrøpeleg. Når det skulle foregå arbeid på bruket, fekk kvinnfolka bod om at dei ikkje kunne steikje brød den dagen, for det skulle arbeidast på isdammen. Gjorde dei det likevel, vart det rårand i brødet.

Det var fleire viktige reiskap knytta til isdrifta. Eitt av dei var den store elektriske issaga. Ho var heimelaga, og var samansett av ein stor og flat slede på meiar. I eine enden av sleden var der ein tverrgåande aksel med reimskive og eit stort sirkelsagblad. I motsett ende av sleden var den elektriske motoren bolta fast med digre skruar. Der gjekk så ei flatreim frå motoren til saga. Dette apparatet vart brukt til isskjeringa. Den elektriske kabelen låg heile tida på slep, og det var viktig å ikkje komme bort i han med sirkelsaga. Det store sagbladet og flatreima hadde ikkje noko form for skjerm eller sikring. Denne heimelaga reiskapen må ha vore direkte livsfarleg, og ville nok aldri bli godkjent i dag. Men folk var varsame, og det hende ikkje alvorlege ulukker. Apparaturen spar-te dei for mykje slit. Det er eit traurig arbeid å skjere tjukk is med tømmer-sag og handemakt. Is-saga var ein innovasjon. Eit reiskap som vart utvikla med utgangspunkt i tilgjengelege ressursar for å løyse ei konkret oppgåve.

Isproduksjon og lagring

Isen var klar for skjering når han var 25 - 30 cm

tjukk. Men dette kunne variere. Sirkelsagbladet var innstilt slik at det ikkje saga heilt gjennom isen. Det var viktig. Der skulle vere att ein botn på to cm. Det heile vart øydelagt om det kom vatn inn i rutenettet for tidleg. Isen i begge dammane vart opprutta i blokker på 40 x 70 cm. Dei ruta opp om lag ein tredel av isarealet om gongen. Det høvde til ein dags produksjon. Når oppruttinga var ferdig, kunne transporten av isstykkar til lagerhusa ta til. Is-stykkar vart brotne frå kvarandre med spett og fløytt til rennekanten. Her stod ein mann med ein spesiallaga jarnhake på eit langt treskaft. Haken, eller iskroken, var smidd slik at han kunne hoggast midt ned i is-blokka for å drage den over kanten og inn i renna. Så snart klossen gleid av seg sjølv i retning ishuset, losna haken av seg sjølv og var klar til å bli huka inn i neste isstykke.

Dette var ein teknisk sett ei viktig øving. Eg fekk vere med å fløyte isstykke bort til mannen med iskroken. Det var svært kjekt. Far, felespelaren og smeden Jens Blakstad, smidde krokane. Malen er i smia framleis. Kroken var festa til eit treskaft. Nokre skaft var 2,5 meter lange, andre kortare, alt etter bruken. Karane samlast i smia til far etter fjøstid, og då kom mange gode historier fram. Ikkje alle høvde for eit guteøyre.

Den gamle iskverna står i ishuset enno. Ho er litt av eit monster. Maskinen har ikkje noko som fortel om fabrikkasjonsår og kvar ho var laga. Karosseriet er laga av tjukt støypejern. Trollet må vege fleirfaldige hundre kilo. Ein aksel går tvert gjennom maskina og ligg i lager i to av veggene. I eine enden av akselen er der eit tungt svinghjul av støypt jarn. Når det først var komme i fart, ville det vere i fart. I andre enden av akselen er der ei dryg flatreimskive av tre. Kring akselen inne i maskina er der ein stor trommel med grove stål-piggar. Iskverna vart nytta når isen skulle leverast. Først vart motoren skrua laus frå issaga som er nemnd ovanfor. Så vart han køyrt til maskinrommet. Her vart den tunge klumpen heisa med firkoren talje opp på mørkeloftet, plassert i in-stenden der og skrua fast. Kverna vart plassert på golvet under motoren, nær ein veggopning som vende mot sjøen. Der er eit vindauge i dag. Ei lang flatreim knytte motor og maskin saman.

Viktig tilkoplingsarbeid

At arbeidet med leidningane som skulle på stren-



Trommelen i is-kverna. Legg merke til dei skråstilte stål-pig-gane. Her ser vi også ståltråden som dei justerte storleiken på isbitane med (Foto: Roald Solheim).

gane måtte gjerast med vørnad, forstod eg tidleg. Han som skulle gjere slikt arbeid, var ikkje langt fra dauden. Så var det lysbrytaren. Eg fekk nøye innføring i korleis han fungerte. Det var spennande kvar gong iskverna skulle startast. Trollet var ei større belastning for motoren og lysnettet enn issaga. Oskar steig med andektige skritt opp stigen som støtta seg mot lysstolpen. Han vreid om brytaren. Mørkt vart det ved første forsøk. Han kom ned att stigen og riste på hovudet. Det var visst dei ut på Nesa som ikkje hadde slege av komfyren. Vi måtte vente eit bel og sjå. Dette var eit signal. Når det vart svart i pærene rundt om i heimane, slo alle av brytarane slik at kverna fekk det som var av elektrisk kraft. Ikkje alle tider kunne kverna komme i gang likevel. Det kunne til dømes vere nokon som hadde starta med å sage ved endå tidlegare på morgonen. Då var det om å gjere kven som ville gje seg. Det kunne bli nabofeide av såvore.

Så kleiv Oskar opp stigen ein gong til, framleis med ein viss vyrdnad. Vreid om brytaren til hakk nr 1. Jau, sanneleg kom kverna i gang! Lyspæra i maskinrommet lyste sterkare etter kvart som om-dreininga på kverna auka. Alle sukka letta.

Eit teknisk vidunder

Når iskverna var godt i gang, hørdest ho lang veg. Støyen av kverna i drift var som lyden av eit toreiv eller endå verre. Høyr-selsvern var ikkje oppfunne, så ingen brukte noko slikt. Vi kunne høyre ismaskina i drift heilt ut på Blakstadneset der familien min budde, sjølv om bustaden vår



Ishuset på Jo-garden sett frå baksida der isdammane ligg (Foto: Roald Solheim).

låg mest ein kilometer unna ishuset i Jo-garden. Øvste delen av kverna er ei stor trakt. Her vart isklossane frå lagerromma plasserte etter at dei var grovknuste med slegge. Dei grove piggane knuste isstykkar til bitar på storleik med grov singel.

Storleiken på isbitane vart regulerte ved at piggane vart gjorde kortare. Det gjekk føre seg på den måten at dei surra grov metall-tråd på trommelen mellom piggane. Der sit att slik tråd på maskina den dag i dag. Den knuste isen spruta opp i ei renne og sklei via denne ut holet i vegg og opp i lasterommet på frakteskuta. Ishenting var veravhengig. Det kunne ikkje vere for sterk austing, for då vart det grov sjø. Brukte bildekk var det smått med under krigen. Karane nytta gjerne bjørkeris samansurra med hesjestrang som fender mellom skutetida og murane. Etter krigen vart kuldeteknologien betre og billigare. Ferskfiskeeksportørane i Ålesund kjøpte seg is-anlegg sjølve, og etterspurnaden etter is frå anlegget i Jo-garden avtok utetter 1950-tallet. Prisane gjekk nedover. Til slutt var det uråd å drive med dette. Produksjonen vart lagt ned, men dammen og huset ligg der enno og vitnar om framtidstru, pågangsmot, arbeidslyst, optimisme og livsglede.



Øyvind Lamo, fødd 1952, frå Sykkylven har hatt undervassarbeid som yrke i mange tiår, og arbeider framleis i bransjen. Jobben blir kombinert med hobbyen krigshistorie og då spesielt historia til Royal Navy sitt eige flyvåpen og deira operasjonar i Noreg under krigen.

Flyhistorie på djupt vatn

Av Øyvind Lamo

På Grotli søkte engelske og tyske flymannskap tilflukt i den same vesle hytta etter at dei først hadde skote kvarandre ned i ein dramatisk luftkamp. Situasjonen vart utgangspunkt for spenningsfilmen Into the White. Dykkarar frå Sykkylven stod sentralt i arbeidet med å berge flyvraket som skulle føre involverte tyske og britiske flygarar saman igjen etter meir enn 60 år.

Etter nokre år med sportsdykking i fjordane på Møre fekk vi tips frå Arne Oplenskedal om eit fly som skulle ligge ved Breidalsvatnet ved Grotli. Det vart fleire dykkarturar dit i løpet av 1973.

Dykkinga baud på store utfordringar. Når ein dykkar i fjellvatn 900 meter over havet, er faren for trykkfallsjuke mykje høgare enn ved havoverflata. Vi kunne derfor ikkje dykke lenger enn 17 minutt per døgn. Vi dykka i våtdrakter og på skift. Temperaturen i vatnet var berre to plussgrader, så det var ein kald fornøyelse som også gjekk ut over konsentrasjonen.

Propellblad

Søndag 5. august fann vi likevel flyet på 24 meters djup. Sikta var elendig, men underteikna sumde seg på eit propellblad som stakk opp av den gjørmete botnen. Det vellykka søket hadde ikkje vore gjennomførleg utan god støtte undervegs frå Olav Arne Oplenskedal og kjentmannen Sevald Grotli.

Funnet vart rapportert til norske og britiske styresmakter og det vekte stor interesse i England. Britiske tapsmeldingar i området fortalde at flyet truleg var ein britisk stupbombar av merket Blackburn Skua, som vart meldt sakna 27. april 1940. Det vart bygd berre 190 fly av denne typen og 30 av dei gjekk tapt i Noreg. Det fanst ikkje, og finst framleis ikkje, noko komplett fly att av denne typen.

Med økonomisk støtte frå filmindustrien vart ein

britisk bergingsekspedisjon stabla på beina. Ekspedisjonen var samansett av 20 dykkarar frå Royal Navy og Royal Marines, eit bergingsteam på seks mann frå "HMS Daedalus" og eit filmteam på 11 mann frå Charterhall Films i London. Dykkaren Frank S. Shaw frå Royal Navy og resten av teamet kunne slå fast at det verkeleg var Blackburn Skua L2940 som var funne.

13. juli kom så heile ekspedisjonen frå England til Grotli for å ta fatt på arbeidet. Leiar for Operation Skua var Lt. A. G. Linsley. RN. Flyet vart heva medan den britiske piloten, kaptein R. T. Partridge, var til stades og fortalde si historie. Partridge og Sevald Grotli møttest att etter 34 år, men Sevald døydde dessverre dagen etter. Samtidig fekk ein av dei britiske dykkarane trykkfallsjuke og måtte flygast til Bergen for behandling.

Arbeidet med hevinga og historia til piloten vart filma. 22. august 1974 seila så transportfartøyet HMAV Audemer frå Stryn med flyet lasta om bord. Filmen Operation Skua som vart spela inn under arbeidet, vart seinare vist på fjernsyn i fleire land, men ikkje i Noreg.

Stupbombar

Blackburn Skua var det første flyet med heilm metall skrog som var stasjonert på hangarskip.

Det var også den første britiske stupbombaren som vart bygd. 26. september 1939 – heilt i starten av den andre verdskrigen – skaut ein Skua ned det første fiendtlege flyet, ein tysk Dornier Do 18. 10. april 1940 senka Skua-fly den tyske kryssaren "Königsberg" på Bergen hamn. Kaptein Partridge var også med på dette angrepet.

27. april 1940 letta Skua L2940 og to andre fly av same modell fra hangarskipet "HMS Ark Royal" som låg utanfor Mørkysten. Flya skulle patruljere i området ved Åndalsnes då dei fekk auge på ein tysk Heinkel 111, som bomba britiske marinefarty i Romsdalsfjorden. Dei gjekk til åtak. Skua var



Filmplakaten til spelefilmen Into the White.

ikkje bygde som reine jagarfly, og hadde ikkje meir enn ti knop større fart enn Heinkel. Det tok derfor litt tid før dei kom på skothald. Då dei var i området Geiranger – Grotli, vart Heinkelen treft i venstre motor, som tok fyr. Heinkelen krasjlanda ved Heilstuguvatnet på Grotli. Haleskyttaren Hans Hauk var då død.

Møte i fjellet

Skua L2940 vart også treft under luftkampen, fekk motorstopp og måtte naudlande på det is- og snødekte Breidalsvatnet like ved. Kaptein Partridge og observatør Bostock sette fyr på cockpiten, før dei etter fleire timars marsj i djup snø tok seg inn i ei hytte ved austenden av vatnet. Ei stund seinare høyrde dei lydar på utsida av hytta. Der stod tre overlevande frå den tyske Heinkelen. Tyskarane, som var væpna, vart inviterte inn og tilbodne det som måtte finnast av mat og drikke. Frå lufta hadde kaptein Partridge sett at det

var bygningar i området, og ved kveldstid vart han einig med tyskarane om at han og Bostock skulle flytte over til eit anna hus like ved om natta. Bygningen viste seg å vere Grotli hotell, der var ulåst, og dei fann mat og senger. Hotellet var elles forlate på grunn av faren for bombing. Neste morgon kom det tyske mannskapet etter, og dei vart servert egg og bacon til frokost. Etter kvart vart dei samde om at kaptein Partridge og tyskareren Karl-Heinz Strunk skulle ta seg vidare ned til folk.

Ingen visste kvar dei var, heller ikkje om dette var tysk- eller norsk kontrollert område. Undervegs møtte dei ein norsk skipatrulje. Tyskaren vart skoten og drepen under arrestasjonen fordi han trekte våpen. Dei to andre tyske flygarane vart tekne som fangar, og sende til England, og deretter vidare til Canada, der dei sat i fangenskap til etter at krigen var slutt.

Partridge og Bostock vart hjelpte til Åndalsnes, der dei kunne gå om bord i britiske marinefarty som tok dei med tilbake til England. Seinare var dei med under angrepet på det tyske slagskipet "Scharnhorst" ved Trondheim 13. juni 1940. Endå ein gong vart dei skotne ned og R.S. Bostock omkom. Kaptein Partridge kom seg stygt forbrend ut av flyet i fallskjerm, men vart teken til fange av tyskarane dagen etter og sat i tysk fangenskap resten av krigen.

Både den tyske piloten Lt. Horst Schopis, og kaptein Richard Thomas Partridge har skrive bøker om opplevingane før, under, og etter krigen. Bøkene heter "Luftkampfgegner Wurden Freunde" og "Operation Skua". Vraket av Blackburn Skua'en er utstilt på Fleet Air Arm Museum i Yeovilton, medan vrakrestar av den tyske Heinkelen framleis ligg ved Heilstuguvatnet på Grotli. Dei to pilotene møttest heime hos kaptein Partridge i England i 1977. Dei hadde god kontakt fram til Partridge døydde i 1990.

30-års-jubileum

Tilfellet og internett gjorde at underteikna igjen kom i kontakt med Lt. Andrew George Linsley 28 år seinare. Det vart avtalt eit 30-års jubileum for flyhevinga på Grotli i august 2004.

Dei første planane for jubileet var eit samarbeidsprosjekt mellom Are Bergheim (Grotli Høyfjellshotell), A. G. Linsley (Royal Navy) og underteikna. Opphavleg var arrangementet meint for dei som var med på sjølve flyhevinga og innspelinga av filmen Operation Skua i 1974. Men etter kvart vart vi klar over at mange andre også hadde interesse for denne historia. Vi inviterte dermed også krigsminneforeningar, museum og flyentusiastar.

Responsen let ikkje vente på seg. Den tyske piloten Horst Schopis (92) kom til Grotli saman med familien. Simon og Penny Partridge, son og dotter av kaptein Partridge, deltok også i arrangementet. Kompani Linge var representert ved Joachim Rønneberg (85). Royal Navy blei representert av løytnant Cdr. George. C. Baldwin (83) han hadde også delteke i luftkampar i området. Han arbeidde som testpilot etter krigen og hadde floge om lag 100 flytypar. Totalt var det vel 80 menneske til stades under arrangementet. Blant dei var det også fleire av dei britiske dykkarane frå 1974.

Eit filmteam dokumenterte heile arrangementet og Horst Schopis vart filma. Sykkylven Sportsdykkarklubb anno 1973 var også godt representert i løpet av helga. Mykje av programmet gjekk føre seg ute i terrenget. Det vart mange avisoppslag om arrangementet og slagordet blant krigsveteranene var: Make Peace, not War.

Operation Skua

Andre treff vart også arrangert, som Skua Reunion, på Fleet Air Arm Museum i Somersett i England i 2006 og Commemoration i Trondheim 2007, på dagen 67 år etter angrepet på "Scharnhorst", der åtte av 15 Skua-fly vart skotne ned, sju mann miste livet, og ni vart tekne til fange. Dei britiske gjestene, overlevande flymannskap og deira familiar, minst sine falne som ligg gravlagde på Stavne krigskyrkjegard.

Historia burde kanskje ha slutta her, men det ser ikkje ut til å ta slutt med det første.

Det ble knytt mange gode kontaktar i 2004, og dei blei følgt opp i åra etterpå.

Våren 2008 heva vi ein Blackburn Skua fra 250 meters djup i Trondheimsfjorden. Denne vart funnen i samarbeid med NTNU året før. Fleire møte har vi hatt med pilotar i England og Tyskland. Frå desse møta har vi mange timar med filmopptak der flymannskapa fortel sine historier om luftkamp, nedskytingar i Noreg og om livet i fangeleirane. Fleire av flygarane vart skotne ned to gongar i løpet av si tid i Noreg.

Ein del av dei britiske pilotane som deltok i kampane i slutten av april 1940 var faktisk frå Canada, New Zealand og Sør-Afrika. Eg har hatt god kontakt med nokre av dei. Framleis jobbar vi i Operation Skua for å ta vare på denne delen av krigshistoria. Vi samlar inn bilde, rapportar, bøker, historier, artiklar, filmar, flydelar osv. Vi har fleire gode hjelparar i England, så mykje dokumentasjon kjem frå britiske arkiv. Vårt ønskje er at vi om nokre år skal kunne bygge opp att ein komplett Blackburn Skua med delar frå fleire flyvrak som framleis finst.

Spelefilmen "Into the White", som gjekk på kino i Norge i 2012, har denne historia frå Grotli som utgangspunkt. Dessverre har filmselskapet Zentropa gjort bruk av sin kunstnarlege fridom i ein spelefilm og filmen viser derfor ikkje den verkelege historia. Underteikna var invitert til premieren i Oslo og møtte kjende skodespelarar og andre som var involvert i filminspelinga. Horst Schopis døydde hausten 2011, 99 år gamal. Han fekk ikkje sett filmen.

Nytt flysøk

Sommaren/hausten 2013 var det planlagt eit søk utanfor Mørkysten etter endå eit Skua-fly. Dette flyet styrta også 27. april 1940, etter ein luftkamp med en tysk Heinkel 111.

Det britiske flymannskapet omkom. Det tyske flyet klarte å naudlande på sjøen, og mannskapet overlevde. Dei klarte å kome seg i land på ein holme. Frå England har vi fått oversendt ein rapport skriven av andre pilotar som også var med på denne luftkampen. Rapporten stadfestar episoden, slik at vi no har håp om å finne begge flya. I så fall har vi nye objekt som må undersøkjast.

Underteikna har hatt undervassarbeid som yrke i mange tiår, og arbeider framleis i bransjen. Jobben blir kombinert med hobbyen som framleis er krigshistorie, og då spesielt Fleet Air Arm (FAA)



Det britiske flyet av typen Blackburn Skua, dagen etter luftkampen på isen på Breidalsvatnet. Biletet vart teke 28. april 1940. Det vart sett fyr på cockpit etter naudlandinga.



Ved vraket av den tyske Heinkelen. Frå venstre A.G.linsley, den tyske piloten Horst Schopis, Øyvind Lamo, Simon Partridge sønn av Kaptein Partridge, og Are Bergheim.

sine operasjonar i Noreg. FAA er Royal Navy sitt eige flyvåpen, dei opererte som regel frå hangarskip, og må ikkje blandast saman med Royal Air Force (RAF). Med god hjelp frå andre entusiastar, den norske marinen og NTNU i Trondheim, fell brikkene sakte men sikkert på plass.



Den tyske Heinkel He 111 - 1H+CT, fotografert i fjellsida ved Heilstugovatnet ved Grotli. Bildet er teke dagen etter nedskytinga og viser det ubrendte flyvraket. Delar av flyet finst framleis på staden.



Eldar Høidal, fødd 1956, er lokalpolitikar, sykkelentusiast og møbelhistorikar ved Norsk Møbelfaglig Senter. Han har skrive ei rekkje lokalhistoriske bøker, blant anna om bedriftene Ekornes og Stokke, historia til møbelbransjen og jubileumsboka til Norsk Treindustriarbeiderforbund.

Korgmakarane på Tjønes – eit hundreårsminne

Av Eldar Høidal

Ein av dei første møbelprodusentane i Sykkylven var Andreas Riksheim. Ungguten gjekk i lære hos pioneren P. I. Langlo på Stranda før han for hundre år sidan reiste heim til Sykkylven for å lage korgmøblar i eigen regi.

I år er det 100 år sidan Andreas Riksheim kom i gang med korgvareverkstaden sin på Riksheim. Denne etableringa var med å styrke det spede møbelprodusentmiljøet i Sykkylven som i 1913 i første rekkje bestod av møbelfabrikken til Johan O. Erstad på Ikornnes og trevareverksemdene til Lars Hatlemark og Knut Tusvik i Tusvik. I dag er det berre verksemda til Knut Tusvik som lever att (Cylindra), men dei var alle med å leggje grunnlaget for den næringsvegen som i dag er sjølv fundamentet for sykkylvssamfunnet.

Det er vanleg å nemne 1908 som sjølv startåret for den moderne møbelindustrien. Tidleg dette året vart det avvikla eit korgvarekurs på Stranda. 15 gutar og karar i alderen 15 til 54 år var med på kurset som gjekk i regi av Norsk Husflids Venner i Trondheim. Det er sannsynleg at også Andreas Riksheim var med og fekk lære grunn-trekka i korgflettingshandverket. I alle fall er han namngjeven på eit bilete som syner elevane ved avslutninga på kurset i Asbjørn Gjærde si industri-soge for Stranda.¹

Andreas var rett nok berre 14 år og knapt nok konfirmert då kurset gjekk føre seg. Men han budde på Stranda på denne tida, i Jens-garden på Langlo, nabogarden til Pål-garden der unge Peter Iverson Langlo budde. Han var to år eldre enn Andreas og ein av deltakarane på kurset. P.I. Langlo vert sett på som sjølv pioneren for den sunnmørske møbelindustrien.

Til Tjønes i 1918

Andreas Riksheim vart fødd på Riksheim i 1894. Saman med foreldra budde han den første tida på ein gard på Bakkane på Riksheim. Faren kom bort

på sjøen då Andreas var to år gammal. Foreldra hadde nettopp reparert våningshuset då dette skjedde, og etter at faren døydde, hadde familien ikkje råd til å bu på garden. Dei flytte til ei lita kårstove i Pe-garden på Riksheim, om lag der vegen går i dag. Då Andreas var 11 år, kom han i teneste på Langlo på Stranda.² Han skal ha vore ein kraftig og tidleg utvikla arbeidskar. Tidlegare hadde dei hatt vaksen dreng i Jens-garden, men då dei fekk Andreas, greidde dei seg med han. Han pløgde og var med på alt slags gardsarbeid.

I 1908 var det altså korgflettingskurs på Stranda. Korgflettinga var tenkt som suppleringsarbeid for gardbrukarar og sønene deira, men for somme, som for P. I. Langlo, vart det snart hovudvirke. P. I. starta produksjonen på arka heime i Pål-stova, men trong snart meir plass, og innreidde verkstad i kjellaren. Andreas var med på dette innreiingsarbeidet, og fekk etter det gå i lære hos P. I. Langlo. Då han kjende seg utlært, flytte Andreas tilbake til Sykkylven og byrja med produksjon av korgvarer i den vesle kårstova på Riksheim. Verkstad-lokala tillet ikkje stordrift, men Andreas Riksheim hadde aldri ambisjonar om å bli fabrikkeigar med mange tilsette. For han var det godt nok om han greidde å halde seg sjølv og ein eller to læregutar med arbeid.

Slik var det også etter at han i 1918 flytte over fjorden og heldt fram med produksjonen i eit hus på Syvermyrane på Tjønes. I 1920 kjøpte han bruket Myra lenger oppe i bakkane. Først sette han i stand den gamle stova som stod på bruket. Noko seinare bygde han nytt stovehus der han fekk verkstad i kjellaren. Han bygde også ny løe, og heldt seg på det jamne med to kyr, nokre ungdyr og fire-fem sauer. Men det var korgvareproduksjonen som fekk hovudmerksemda.

Læregutane

Det var ikkje noko rikt korgmakarmiljø i Sykkylven då Andreas Riksheim bygde opp verksemda si på



Oddleif Riksheim i arbeid med ei korg i 1990. Utanfor vindauget kan vi skimte laminatverksemda J.P. Tynes som vart kjøpt opp av Ekornes i 2003. (Foto: Eldar Høidal)

Tjønes. Men truleg heldt han kontakten med kollegaer og gamle kjenningar på Stranda, og i kjellarverkstaden hadde han som regel selskap av ein læregut eller to. Mange lokale ungdommar kom elles innom verkstaden for å sjå og lære etter skuletid, og for å få idear til kva dei sjølv kunne gjere for å tene nokre småkroner.

Mellom desse var naboguten Bernhard R. Tynes. Bernhard fortalte at han frå tolv - tretten årsalderen ofte var innom Andreas der han fekk lære korleis han skulle flette korgar og enkle blomsterbord. Bernhard var som andre gutungar med på skileiken, og la merke til at det var dårleg med skistavar for mange. Han fekk dermed ideen om



Korgvarer laga av Oddleif Riksheim Tynes. Foto juni 1990.

å byrje å lage skistavar. Gjennom Andreas Riksheim fekk han tak i bambusstokkar som han kapp opp i høvelege lengder, plasserte trinser på og handtak i skinn. Han tok tre kroner paret, og la med det grunnlaget for vidare fabrikkverksemd.³

Ein annan som la eit grunnlag hos Andreas Riksheim, var Jens E. Ekornes. Då Jens byrja i lære hos korgmakaren på Tjønes i 1925, var han usikker på kvar vegen skulle gå vidare. Møbelproduksjon var ikkje det mest opplagte alternativet. Han var ikkje odelsgut på Ekornes, men nest eldst i søskenflokk og ei framtid som gardbrukar kunne vere innan rekkevidde. Eller kanskje var det sjømann han skulle bli? Like før han kom i arbeid på Tjønes, var han med Bernt Fauske på tur med båten Brand som fungerte som ein sjøgutskule.

Kanskje var det året saman med Andreas Riksheim og korgvarene på Tjønes som gjorde at det vart møbelvegen for Jens Ekornes? Han avslørte i alle fall eit talent for praktisk arbeid og formgjeving. Sveinestykket hans under læretida var eit flettverksmøblement som var samansett av ein stol, eit bord med glasplate og ei høg golvlampe. Møblementet er i dag eitt av kjerneobjekta i samlinga til Norsk Møbelfaglig Senter og møblane står like faste og høgreste som då dei vart laga i 1925, noko som vitnar om ein dyktig læremeister og ein lærenem elev.⁴

Ikkje stordrift

Vareutvalet til A. Riksheim Kurvmøbelfabrikk var allsidig. Den første tida skal det ha vore mest korgar av forskjellige slag, til dømes matkorgar

som dei nytta for å frakte mat ut til slåttefolket. Sjukekorgar var også eit viktig produkt dei første åra, og etter kvart kom møblar i ulike utføringar inn i varesortimentet. I ein omtale av bedrifta i det norske næringslivsleksikonet i 1942 står det dette om produksjonen: «Virksomheten omfatter fremstilling av stoler, bord, sykekurver, baby- og kleskurver, klesbankere og for øvrig alt i kurvarbeider etter oppgitte mål. Stolbein til salonger og lenestoler.»⁵

Frå slutten av 1920-åra kom det ei etableringsbølge i den lokale møbelindustrien. Andreas Riksheim-elev Bernhard Tynes, etablerte i 1927 ein møbelfabrikk på Tjønes, i 1929 kom det i gang tre korgvarefabrikkar i sentrumskrinsane. Desse la drifta stort opp, med mange tilsette og sal av rimelege og funksjonelle møblar over heile landet. Ein skulle tru at Andreas Riksheim vart inspirert av dømet til dei langt yngre og mindre korgvarekunnige sambygdingane sine, men han heldt fram i same sporet som før. Truleg var det vanskeleg for han som hadde drive lenge og som stod åleine å ta det avgjerande steget inn i ei ny driftsform. Lokala la heller ikkje til rette for stordrift. Det var nok lettare for dei som starta på berr bakke, og som kunne ta i bruk moderne prinsipp for arbeidsdeling.

Surrogatmaterialar

Etter kvart fekk Andreas Riksheim med sonen Oddleif i drifta. Oddleif var 14 år då han i 1934 byrja i korgvareverkstaden, og her heldt han fram heile sitt yrkesaktive liv. Det første han tok til med var fletting av klespiskar, babykorgar og kleskorgar. Faren laga helst stolar.

Så kom krigen, og tilliks med alle andre møbelbedrifter i Sykkylven fekk A. Riksheim Kurvmøbelfabrikk vanskar med råvaretilgangen. Dei nytta pil og peddig som i hovudsak vart importert frå Danmark. Under krigen stoppa desse tilførslane opp, og for å halde drifta gåande, måtte dei ut i skogen å hogge hasselstrongar som vart nytta til føter, beinkryss og seteringar. Dei greidde stort sett å halde det gåande gjennom alle dei fem krigsåra, men supplerte med litt bygningsarbeid. Elles la dei frå seg korgmakarverktøyet nokre sommarveker, når slåttan skulle gjerast. Slik var det også etter krigen. Korgmakarane på Tjønes heldt seg alltid med nokre sauer.

Handverksproduksjon

Dei trong ikkje mykje utstyr til korgvareproduksjonen. Dette var hovudgrunnen til at pengelense

unggutar frå Sykkylven starta med nett denne produksjonen i mellomkrigsåra. Terskelen for å kome i gang var låg. Oddleif Riksheim fortalde at utstyret i verkstaden avgrensa seg til kar for bløyting av pilen, hammar, sag, kniv, saks, stolar, arbeidsbenkar og nokre bøyetre og former.

Det var handarbeid fullt ut og såleis eit fredeleg produksjonsmiljø. Gangen i arbeidet med ein stol var slik at først vart pilen som skulle nyttast i dei berande elementa lagt i blaut. Då let materialet seg forme. Beina hadde gjerne ein bøy nederst, og for å få til den måtte materialet først bløytast, setjast under press i ei form og turkast. Pilen vart bløytt frå ei lita stund til ei heil veke, alt etter kor tjukt materialet var og kor mykje det skulle bøyst. Dei starta stolbygginga med å setje saman dei fire beina. For å få rette avstanden mellom dei, vart det lagt ei firkanta form ned på golvet. Så vart beina stiva av med skråstøtter slik at dei fekk rette stillinga. Etter at seteringen var komen på plass, sette dei ei form opp på setet som ryggen vart fletta etter. Dei hadde slike former også til klekorgene og babykorgene som dei laga mange av etter krigen.

Konkurranse frå Austen

Oddleif Riksheim fortalde at dei selde produkta til forretningar over heile landet, men mest gjekk til møbelforretninga Vågnes i Ålesund. Det gjekk også mange korgar til Trondheim. Salet var sesongprega. Det gjekk mest før jul og i sildefiskeriet etter jul.

Etter kvart vart det mindre spørsmål etter stolar og meir etter klespiskar. Tevlinga frå billegare importvarer byrja å bli merkande, og for å verte tevelføre måtte dei sjølve konsentrere seg om færre produkt som dei kunne lage større seriar av. Oddleif minnest at dei i fleire år hadde ein stor kunde i Ingvald Nilsen frå Oslo. Han kunne tinge opp til 2000 piskar i gongen. Det var ikkje lett for den vesle verkstaden på Tjønes å handtere slike ordrar raskt nok, så snart miste dei denne kunden.

I 1966 døyddes Andreas Riksheim og Oddleif dreiv verksemda vidare åleine. Han prøvde å leggje produksjonen så rasjonelt opp som mogeleg, og gjennomførte oppdeling av arbeidet ved at han ein dag laga «rosene» på klespiskane, neste dag skafta og tredje dagen strengen som skulle vere inne i skafta. Slik greidde han å få god flyt i arbeidet og ein produksjon på tre piskar pr. time. Han hugsar at han lenge fekk kr.2,50 per klespisk. Dei siste åra han dreiv i noko omfang, til midten av

1980-åra, kom han opp i 20 kr per pisk. Når han samanlikna med lønna på fabrikkane, såg han at han kom dårleg ut, men han kunne likevel ikkje tenke seg å byte ut flettinga med fabrikkarbeid. Han hadde det fritt og godt, meinte han.

Pionerverksemd

Også piskeproduksjonen vart sterkt utfordra frå lågkostland. Sjølv om han laga varene så effektivt som mogeleg og heldt ei låg timeløn, greidde han ikkje å få fram like rimelege varer som produsentar i Austen. Han hadde ein god kunde i småindustrikontoret i Stavanger. Dei fortalte Oddleif at dei kunne få tak i klespiskar til under 20 kroner, likevel ville dei betale 20 kroner til han, fordi dei var nøgde med kvaliteten på varene han leverte. Utlendingane brukte tynnare materialar, og produkta heldt ikkje like lenge.⁶

Oddleif Riksheim dreiv korgvareverkstaden fram til 1985, då han fekk ein helseknekk. Då han kom seg til att, tok han opp produksjonen igjen, men mest som hobbyarbeid. Oddleif var ikkje gift og fekk ikkje barn. No er bruket der den vesle korgvarefabrikken heldt til vekke. På same staden har Ekornes-konsernet bygd opp ein stor laminatfabrikk. Det er i år verdt å minnast korgvareverkstaden som Andreas Riksheim la grunnen for. Her fekk Jens Ekornes for alvor tent interessa for møbelfaget. Denne verksemda var med å byggje opp ei næring som i dag dannar sjølve grunnlaget for sykkylvsamfunnet.

1. Asbjørn Gjerde: Stranda – Industri og samfunn. Stranda 1990. S. 46.
2. Gustav Weiberg-Aurdal: Gardssoge for Sykkylven bd. 2. S. 224.
3. Samtale med Bernhard R. Tynes, 17.12.1987. NMFS arkiv, Sykkylven.
4. Eldar Høidal: Ekornes 75 år. Sykkylven 2009. S. 34.
5. Det norske næringsliv. Møre og Romsdal fylkesleksikon. Bergen 1942.
6. Samtale med Oddleif Riksheim 1.8.1990. NMFS arkiv, Sykkylven.



Jarle Tusvik, fødd 1944, arbeider som informasjonssekretær ved Ekornes. Han har stor interesse for slektsforskning og sogearbeid og er kjend for å sine muntre historier i festleg lag.

Møbelgründerar i Sykkylven. (Del 1)

Av Jarle Tusvik

HUNDEIDVIK

Formfin AS

Brørne Lars O. Utgård, (f. 1906, d. 1994), og Jakob O. Utgård, (f. 1908, d. 1998), Johnny Myrseth, (f. 1925, d. 2012) og Magne Bueide, (f. 1927, d. 2008) grunnla møbelfabrikken Formfin i Hundeidvik.

Opptaket til bedrifta kan ein spore tilbake til 1938. Då gjekk Lars og Jakob Utgård saman om Stålullfabrikken. Lars hadde vore i USA nokre år, og han kom heim att med litt kapital. For desse pengane kjøpte han ei stålullmaskin i Stordal. Småindustrikontoret i Ålesund hjalp dei to karane i gang og sytte for salet. I fleire år heldt dei til i kjellaren i stovehuset som faren hadde bygd på bruket Sjøbakken i 1902. Ved sida av at dei laga såpeblanda stålull, nytta dei stålråstoffet til å lage bordknivar og murskeier. Det var meir å tene på slike varer enn på stålulla. Dei hadde planar om å halde fram med stålullproduksjonen etter krigen. Difor bygde dei fabrikk i tre ved kaia i Hundeidvik i 1947. Men det synt seg at det var uråd å få tak i utstyr som kunne erstatte den etter kvart utslitne stålullmaskina.

Då dei byrja å spekulere på kva dei skulle bruke bygget til, fall tankane naturleg på møbelproduksjonen. I Hundeidvik var det arbeidarar med erfaring frå faget som var interesserte i arbeid nærare heimstaden. Slik var det til dømes med Johnny Myrseth og Magne Bueide. Dei hadde tidlegare arbeidd ved Tynes Møbelfabrikk og Stilig i Tusvik. Johnny Myrseth hadde også, i lag med John Midtgård, drive ein møbelfabrikk frå 1944 til 1946 i det gamle meieriet i Hundeidvik. Brørne Lars og Jakob Utgård starta i 1946, saman med Johnny Myrseth og Magne Bueide, ein stol- og møbelfabrikk som fekk namnet FORMFIN A/S, og Jakob O. Utgård vart disponent. Heilt frå starten tok dei fire eigarane av Formfin inn fem - seks mann i produksjonen.



Ein av gründerane, Jakob (Jakken) Utgård, var disponent ved Formfin i 30 år.

Treverket tok dei frå den utflytte sykkylvingen Erling Lyshol som hadde etablert trevarefabrikk på Vartdal. Nokre av dei første modellane sine fekk Formfin også gjennom Lyshol. Bedrifta har heile tida satsa på salongar i mellomklassen. I byrjinga vart det og laga sovesofaer.

I 1949 var det tilsett 13 personar og i dei neste åra låg bemanninga stabilt på 11. I 1953 vart det bygt ny fabrikkbygning i mur i tilknytning til den gamle. Men då det vart vanskeleg å få kjøpe nok grunn til utviding i Utgård, vart det kjøpt tomter på Hundei. I 1965 vart det bygt ein fabrikk på 1500 kvadratmeter, og med bygget som vart ferdig i 1976 hadde fabrikk på Hundei eit areal på 4000 kvadratmeter og hadde ca. 50 arbeidrar. Dei laga stoppa møblar, m.a. sofaen Pollux, som Rolf Wesenlund sat på som representant for sofaveljarane på TV. Tidleg i 1980-åra heldt ekspansjonen fram. På dei fem åra frå 1980 til 1985 auka omsetninga frå 16,5 millionar kroner til 38,5 millionar, og talet på tilsette voks frå 45 til 79, begge tala inklusive



Dei tre grunnleggjarane av Formfin Møbler, frå venstre Johnny Myrseth, Jakob O. Utgård og Magne Bueide på gamle tomter. Det var i bygningane i bakgrunnen det heile starta.



Formfin er i dag den største og viktigaste bedrifta i Hundeidvik.



Johnny Myrseth (til venstre), Erling Hagen og Lars Kurseth ved Formfin i 1956.

deltidsarbeidarane. Då møbelindustrien i Sykkylven i 2009 gjekk saman for å lage verdas lengste sofa, var det Formfin sin salongmodell Basic som vart vald som grunnlag. Verdens lengste sofa vart kontrollmålt til 890,25 meter, og rekorden er notert i Guinness Book of Records.

Jakob O. Utgård var disponent for Formfin i 30 år. Han vart i 1977 avløyst av sonen, Olav Utgård, som hadde utdanning som siviløkonom. Johnny Myrseth hadde i mange år ansvaret for salet. Etter



Magne Bueide i arbeid ved Formfin AS, ca 1956.



I arbeid ved Formfin: Thomas Utgård, Leif Urke og Karl Tusvik (med ryggen til) om lag 1958.

kvart tok sonen, Steinar Myrseth, over som sals-sjef. Magne Bueide var lenge produksjonsleiar. I dag har Ronny Bjøringsøy den oppgåva. Formfin Møbler AS disponerer i 2013 eit bygg med ei grunnflate på 6000 kvadratmeter.

Brødrene Utgård Møbelfabrikk/ Huna Fabrikker AS

Brørne Toralf (f. 1912 – d. 2007) og Peder Larsen Utgård, (f. 1908, d. 1986) skipa lenestolfabrikk i ei sjøbud i Hundeidvik i 1948. Dei laga overstoppa lenestolar og salongar og bedrifta hadde i 1948 ein arbeidsstokk på tolv personar. I sjøbuda dreiv dei til ho brann ned i 1953. Toralf hadde ei tid før reist til Hareid og sett i gang lenestolproduksjon der. Peder kjøpte treverk til sin produksjon også frå Hareid, frå Lars Holstad, som frakta treverka med båt frå Hareid til Hundeidvik. Peder var snikkar, fabrikkeigar og landhandlar. Han tok over handelen på bnr. 3 etter Bakke og Eidså i 1940 og dreiv den til 1948, då Leiv Slyngstadli tok over. Etter at sjøbuda brann, starta han kjellarverksemd i stovehuset sitt til han flytte verksemda inn i nytt fabrikkbygg i 1959. Bedrifta fekk no namnet Huna Fabrikker. I 1955 hadde han fem tilsette. Frå 1959 dreiv han lenestolfabrikk der det også var snikkarverkstad. I tillegg vart treverk kjøpt av K.P. Tandstad.

I det nye fabrikkbygget tok han og på seg produksjon av lakk og maling etter at han i 1961 selde fabrikk til Norsk Lakkfabrikk i Oslo. Dei måtte slutte i 1966, og året etter kjøpte Peder fabrikk til bake og dreiv han til 1970 då han måtte slutte p.g.a. sjukdom.

P & J. Midtgård Trevarefabrikk

Brørne Petter J. Midtgård, (1915, d. 1985) og Jørgen J. Midtgård, (f. 1926, d. 1975) dreiv nokre år møbelverkstad i eit bygg dei bygde på eigedomen til Petter J. Midtgård. Frå 1948 hadde dei drive i ei lita stove i Toregarden på Midtgård. Brørne laga stolgrindar til lokale møbelfabrikkar. Formfin og P.O. Jarnes Møbelfabrikk var store avtakarar. I femtiåra hadde dei ein maskinsnikkar til å hjelpe seg. I 1965 slutta Jørgen og tok til på J.E. Ekornes AS. Petter dreiv åleine til også han fekk seg arbeid på Ekornes.

TUSVIK

Hatlemark Trevarefabrikk

Karl Johan Gulliksen Hatlemark, (f. 1869, d. 1955) var byggmeister, treskjerar, kordirigent, felespelar, komponist og oppfinnar. Han fekk Møre Landbrukskasselskaps diplom for oppfinningar av landbruksreiskap. Han starta den første trevarefabrik-

ken i Sykkylven i 1900, Hatlemark Trevarefabrikk, som var ein trevare- og møbelfabrikk i Tusvik.

Karl Johan G. Hatlemark er rekna for å vere ein av dei fremste industripionerane i Sykkylven. Frå han bygde eige hus i Hatlemarka tett etter hundreårsskiftet, dreiv han trevareproduksjon i nær 40 år i Sykkylven. I 1900 bygsla Hatlemark ei tomt ved sjøen i Tusvik og bygde fabrikk der. Det var hovudsakleg vindaug og dører han laga, men også møblar. Netthendt og praktisk som han var, laga han maskiner sjølv, mellom anna ei høvle-maskin. Elva frå Tuvatnet gav trekraft til maskinane. Vatnet vart leidd til fabrikk i ei trerenne. Renna enda mot eit stort skovlhjul som dreiv alle maskinane med reimkoplingar.

Då Sykkylven fekk elektrisk kraft vart den første elektriske motoren i Sykkylven montert av Hatlemark i fabrikk i Tusvika. Etter det gardssoga for Sykkylven opplyser, gjekk Hatlemark konkurs i 1905. Kan hende var det kostnaden med å reise det nye fabrikkbygget som vart for tung. I alle høve reiste han i oktober 1906 over til Washington i USA. Grunnen skal ha vore at han ville tene pengar for å kome i gang på nytt i Sykkylven. Dei fire åra han var på andre sida av Atlanterhavet, budde han i Tacoma og laga forretningsmøblar, diskar og liknande. I 1910 kom han heim til Sykkylven for godt. Då tok han opp att trevareproduksjonen, men han verka særleg som bygningsmann. Vinterstida, då det ikkje var vètilhøve til å bygge, heldt han til inne i fabrikklokala og tilverka vindaug og dører, både til hus han førte opp sjølv og til andre byggherrar.

I Sykkylven teikna og bygde Karl G. Hatlemark mellom anna ungdomshuset Høgtun på Ikornnes og samlingshuset i Tusvika, i tillegg til fleire bustadhus. Han praktiserte som treskjerar og laga til dømes ei albertavle. Han teikna og førde også opp samlingshus, bedehus og bustadhus mange stader på Sunnmøre. Bedrifta hadde ti - tolv snikkarar då ho var på det mest aktive. I trettiåra var det til vanleg fire til seks arbeidarar der.

Frå 1930 engasjerte Hatlemark Trevarefabrikk seg i noko mon i underleveransar av treverk. Hovudprodukta var likevel dører, vindaug, trapper og husinnreiingar. I 1939 tok son til Karl, Konrad Hatlemark, over den daglege leiinga. Konrad dreiv fabrikk til han reiste til Island i 1947.

Frå 1948 til 1951 dreiv bror til Konrad, Olav Hatlemark, verksemda vidare i same namnet som tidlegare. Olav Hatlemark laga treverk til møbelfabrikkar og enklare møblar. Han hadde fire til fem tilsette. Ved sida av at han dreiv Hatlemark Trevarefabrikk, var han med i A/S Elegant på Fauske.



Gründer, oppfinnar og dirigent, Karl G. Hatlemark i unge dagar.



Hatlemark Trevarefabrikk - første møbelfabrikk i Sykkylven - stod lenge til nedfalls. Bygningen vart til slutt fjerna ved at brannvesenet brende den opp som ledd i ei kontrollert brannøving. (Foto: Jarle Tusvik)

Etter 1951 vart fabrikkbygget i Tusvika leigd bort. Det var fleire som prøvde seg med trevareproduksjon i det gamle trebygget, men ingen fekk drifta til å løne seg.

Tusvik Møbelfabrikk

Knut Bastian Petter Knutsen Tusvik, (f. 1883, d. 1934) gjekk på treskjerarskule hjå Bjørdal i Ørsta 1909 -1910 og vart frå før utlært snikkar. Frå 1911 laga han møblar av ymse slag i heiltre furu; stolar, bord, skåp, buffetar og senger. Det var ikkje serieproduksjon, men framstilling av enkeltmøblar på bestilling. Mange av møblane var pynta med treskurd, noko som ikkje var uvanleg på denne tida. Størstedelen av tingingane kom frå kundar i Ålesund.

Dei første åra Knut K. Tusvik dreiv i kjellaren heime, hadde dei ikkje elektrisk kraft i Tusvika. Krafta kom først i 1919 og då kunne han ta i bruk maskiner. Maskinene han trong i møbelproduksjonen bygde han åleine. Den første maskina han kunne ta i bruk, ein retthøvel, bygde han sjølv. Firkantkuttaren, med aksling og lager, fekk han laga på ein mekanisk verkstad i Ålesund. Seinare fekk han montert både bor og sagblad på same akslingen. Trevareverkstaden vart reine snikkar-skulen. Knut hadde på det jamne tre læregutar i arbeid. Petter Kursetgjerdje var blant dei som fekk det snikkarfaglege grunnlaget sitt hos Knut K. Tusvik.

Dei første mellomkrigsåra var vanskelege. Mange kundar fekk betalingsproblem og uroa forplanta

seg vidare til bankar og små og store bedrifter. Tusvik Møbelfabrikk hadde ikkje store driftskostnader og greidde å halde det gåande.

Kring 1930 byrja pilene å peike oppover igjen. Arbeidslivet kom i meir normal gjenge og bedriftene våga å satse mot framtida. Det gjaldt også den vesle møbelverksemda på Tusvikneset. I 1930 bygde Knut eit fabrikkbygg i ei og ei halv høgd nede med sjøen. Då var sonen Conrad Tusvik nettopp komen med i fabrikkdrifta. Knut K. Tusvik fekk tidleg ein helseknekk då han vart råka av tuberkulose, og i 1934 døydd han.

Conrad var ikkje meir enn ca 20 år då han måtte ta over ansvaret for møbelverkstaden. Etter at dei fekk større lokale, var det råd å leggje produksjonen meir rasjonelt opp. Då byrja dei med serieproduksjon og utvida marknaden til å omfatte dei største byane i Sør-Noreg, i første rekkje Oslo og Bergen. Materialen dei nytta var prima norsk og svensk furu. Lokalt trevirke eigna seg ikkje i platemøbelproduksjonen til Tusvik Møbelfabrikk. Dei følgjande åra vart produktspekteret smalna litt inn. Hovudprodukta var skap og bord i forskjellige utføringar. Det var bedriftsleiarane sjølve som teikna modellane, gjerne etter innspel frå dei handlande.

I november 1947 brann fabrikkbygget i tre ned til grunnen, og mykje av produksjonsutstyret gjekk også tapt. Det einaste som vart redda ut av maskinparken var ein ny retthøvel. Conrad og brørne hans sette seg raskt ned og teikna ny fab



Gründeren Knut K. Tusvik (1883 – 1934) byrja som treskjer-ar før han grunnla Tusvik Møbelfabrikk og døydde tidleg.

rikk. Allereie i februar 1948 kunne dei ta opp att produksjonen i eit nytt murbygg nær den første fabrikktomta. I første omgang vart bygget reist i ei høgd, men med høve for påbygging seinare. Tusvik Møbelfabrikk hadde 15 personar i arbeid før brannen, etter brannen kom bemanninga ned i sju - åtte. Brørne Olger, Martin og Conrad Tusvik stod for leiinga av produksjonen. Conrad var ansvarleg for produktutviklinga og den utoverretta aktiviteten. Dei heldt seg til platemøblar og nokre år framover var skrivebord ei god produktgruppe, saman med soveromsmøblar. I slutten av 1950-åra kom dei første bokseksjonane med i vareutvalet. Frå tidleg i 1960-åra gjekk det mest i senger.

Kjellbjørn Tusvik kom, som faren Conrad, tidleg inn i fabrikkmiljøet. Fabrikken vart påbygd fleire gonger og til 75-årsjubileet i 1986 stod det siste tilbygget ferdig, ein ny og tenleg maskinverkstad. I 1989 var eigarane av Tusvik Møbelfabrikk komne til eit vegkryss. Dei var framleis innstilte på å halde maskinene i fabrikklokala i gang. Det nye kapitlet i bedriftshistoria starta då Kjellbjørn Tusvik såg ein annonse i Sunnmørsposten. Det var ein som averterte etter ei bedrift som kunne produsere ein spesiell møbelserie. Kjellbjørn og Conrad Tusvik var nysgjerrige på kva dette kunne vere. Det viste seg at det var den tys-



Conrad K. Tusvik (1913 - 2010) måtte overta drifta av Tusvik Møbelfabrikk som 20-åring. (Foto: Jarle Tusvik)

ke agenten for sylinder-møblane som Kortgaard i Molde produserte som stod bak annonsen. Kortgaard hadde gått konkurs, men tyskaren meinte at det var ein god marknad mellom anna i hans heimland for dei særmerkte møblane som Peter Opsvik hadde teikna. Slik kom Kjellbjørn Tusvik i kontakt med ein av Noregs mest nyskapande designarar, strandaren Peter Opsvik. Cylindrakolleksjonen har sidan 1989 stadig blitt utvida og omfattar no både skap, stolar og bord.

Cylindra AS

Kjellbjørn Jostein Tusvik, (f. 1947), var tidlegare disponent ved Tusvik Møbelfabrikk A/S. Bedrifta vart etablert i 1989 som ei vidareføring av Tusvik Møbelfabrikk, etablert 1911. Cylindra har spesialisert seg på produksjon av sylindrerforma skap, bord og stolar teikna av Peter Opsvik. Særleg skapa med karakteristiske namn som «Lidenskap» og «Vennskap» har fått stor merksemd. Produksjonslokala til Cylindra er mykje besøkt av turistar og andre som vil sjå nærare på dei særigne produkta og staden dei vert laga. Dagleg leiar ved Cylindra er Kjellbjørn Tusvik, tredje generasjon møbelprodusent i Tusvika.

Stol- og Møbelfabrikken Stilig AS/ AKO Møbler.

Alfred Larssen Kjemphol, (f. 1898, d. 1967). Alfred Kjemphol starta i elektrikarlære, men då faren døydde, reiste han heim og tok over verk-



Industritradisjonane har vore sterke i Tusvik. Bildet viser Tusvik på førtitalet.

semda i Tusvik. Alt i 1920-åra tok han til med isforretning saman med Johan Nordvik. Førde is til Ålesund i eiga skøyte.

Alfred bygde kai i 1923. Vart dampskipseks-peditør, postopnar og rikstelefonstyrar.

I 1934 starta han fabrikk for stoppa møblar, Stol- og Møbelfabrikken Stilig, først i sjøbua, sidan i eige fabrikkbygg (1943) saman med broren Leif. Birger Aure kjøpte seg inn i selskapet i 1946 og vart disponent. På denne tida var der over 30 tilsette. Dette selskapet vart avvikla i 1954 og Alfred Kjemphol dreiv fabrikken vidare under firma-namnet Ako Møbler, og han heldt fram i lokala som Stilig hadde hatt på kaia i Tusvik. Produksjonen var salongmøblar og i tillegg vart det laga gyngestolar og enkle hybelstolar. Versjonen til Alfred Kjemphol, Bjarne Saltre, tok til som disponent for verksemda i 1957. I åra framover fekk han ansvaret både for fabrikkdrifta og drifta av Tusvik Handel AS, som var etablert i nytt butikk- og bustadhus ved hovudvegen i 1957.

Møblane frå Ako Møbler As vart selde over heile landet, men tyngda gjekk til det sørlege Noreg. Bedrifta hadde varierende bemanning alt etter konjunkturane. I 1955 var arbeidsstokken fem personar. Bedrifta vart avvikla i 1970.

Rajo Møbler AS

Det var Jon Bjørgvik, (f. 1932, d. 1997) og Ragnar Sandnes, (f. 1939) som etablerte bedrifta i 1971, og namnet er sett saman av dei to første bokstavanene i førenamna til skiparane.

Fram til 1971 arbeidde både Bjørgvik og Sandnes hos Jarnes & Krokå Møbel- og Trevarefabrikk.

Første åra leigde dei i lokala etter Ako Møbler AS i Tusvik. Dei hadde då kvar for seg laga barnestolar i kjellarane sine i nokre år. Sandnes selde stolane til Austlandet og Sørlandet, medan Bjørgvik selde mest nord for Dovre. Dei kom i gang i leigde lokala i Tusvika.

Dei tilsette ikkje faste medarbeidarar den første tida, men fekk god hjelp av konene sine i fabrikkdrifta. Treverket tok dei i hovudsak frå Riksheim Trevarefabrikk. Det var salongmøblar som vart hovudprodukta til Rajo, men dei heldt ei tid fram med å lage møblar for born. I denne delen av produksjonen fekk dei nytte materialane som vart til overs i produksjonen elles. Dei bygde ny fabrikk i Våtmyr i 1975.

Verksemda hadde i 1975 åtte tilsette, i 1980 var arbeidsstokken auka til 14. Fleire av desse var deltidsarbeidande. Ein periode midt i syttiåra hadde Rajo Møbler vanskar med å få tak i nok folk som kunne arbeide på fulltid. I staden nytta dei ein del av den reservearbeidsstyrken som kvinnene representerte. Det vart gjennomført fleksibel arbeidstid for desse, slik at dei kunne komme og gå når dei ville.

Etter at Bjørgvik og Sandnes pensjonerte seg kom sonen til Ragnar Sandnes, Gunnar Sandnes, og Bjørn Våtmyr inn på leiar- og eigarsida. I 2012 kjøpte Rajo Møbler opp Sandvik Møbler i Ørsta. Då hadde dei allereie ei tid hatt eit samarbeid med Sitwell i Stordal. Desse bedriftene vart fusjonerte i nyskipinga Furnia. Dei har fått lokala i det tidlegare fabrikkbygget til Hjellegjerde Møbler i Sykkylven.

Rapport frå Sykkylven sogenemnd 2013

Sykkylven sogenemnd er ei kommunal nemnd, vald av kommunestyret. Nemnda si viktigaste oppgåve er å formidle lokalhistorisk kunnskap. Det gjer vi mellom anna ved å gje ut bøker med tema frå lokalhistoria. For nokre år sidan gav sogenemnda ut gardssoger for Sykkylven der alle gardane i bygda vart omtala, også personane som har budd på gardane dei siste hundre åra. Papirutgåvene av gardssogene er diverre utselde, men sogenemnda har dei til sals i CD-format i den lokale bokhandelen. Av bøker nemnda har gjeve ut dei siste åra kan vi nemne; Ord og uttrykk i Sykkylven, barndomsminne frå Sykkylven, innflyttarminne og to utgåver med bestemorminne (Johanne Sætre.) Elles er det sogenemnda som gjev ut Årbok for Sykkylven som du no les i.

Neste bokprosjekt er «på beddingen». Sogenemnda har no lyst til å samle brev frå dei som vandra ut, til Amerika og andre land, frå slutten av attenhundretallet. Vi veit at det rundt om i heimane i Sykkylven finst mange amerikabrev. Desse breva fortel mykje, både om tilhøve i heimbygda, om draumane menneska hadde om eit anna liv og om korleis vilkåra var i det nye heimlandet. Har du lyst til å dele desse breva med andre, ber vi om at du tek kontakt med eitt av medlemene i sogenemnda, Edel Pernille Ystenes, Heidi Heggem, Stein Arne Fauske, Thor Willy Strømme, Astrid Aure eller Eldar Høidal.

Sogenemnda held fram med å leggje ut artiklar i det digitale nettleksikonet vårt på nettstaden lokalhistoriewiki.no. Nettredaksjonen, Heidi Heggem og Eldar Høidal, tek gjerne i mot bidrag frå alle som har eit lokalt tema dei har særskilde kunnskapar om. Det treng ikkje vere om hendingar som ligg langt tilbake i tid. Vi har fleire artiklar om aktuelle hendingar og unge og aktive personar. Inga sak er for lita, inga sak

er for stor! Kontaktadresse; eldar.hoidal@online.no Sogenemnda er også med å halde merksemda oppe om dei forhistoriske funna på Aurefløten. Saman med kultureininga i Sykkylven kommune vil vi vere med å etablere ei gruppe som kan sjå på korleis ein best kan formidle fornfunna for sykkylvingar og tilreisande. At det er stor interesse for dei spora som våre forfedrar har etterlete seg i grunnen, såg vi godt då det vart skipa til vandring mellom dei historiske tuftene i fjor haust. I sur vestavind og snøføyke var over hundre personar med på vandringa frå steinalder til vikingtid.

Vi i Sykkylven sogenemnd ønskjer å vere med å støtte opp under sogearbeidet i Sykkylven. Det gjer vi mellom anna ved å gje råd og rettleiing, og av og til direkte økonomisk støtte. Mellom anna var vi med å støtte Sykkylven mållag si markering av at det i år er 200 sidan Ivar Aasen vart fødd og 100 år sidan Det norske Teatret vart skipa. Sykkylvingen Edvard Drabløs var ein av dei sentrale personane bak skipinga av teatret.

På denne plassen vil vi nytte høvet til å minnast ein god bidragsytar i det lokalhistoriske arbeidet. I desember i 2012 døydde læraren og lokalhistorikaren Jon Hole. For Sykkylven kommune, sogenemnda og private bedrifter skreiv han fleire bøker. Blant desse kan vi nemne 100-årssoga for Sykkylven kommune i 1983, saga om ungdomsskulen og møbelbedrifta Brunstad. Jon Hole var interessert i foto og byrja tidleg med innsamling av historiske bilete i heimkommunen. Dette arbeidet resulterte mellom anna i tre biletbøker som alle fekk tittelen Bygda og folket i farne tider. Det siste bandet i denne serien tok føre seg historiene til mange av dei som flytte frå Sykkylven til USA. Vi minnest kulturformidlaren Jon Hole i takksemd.

Eldar Høidal
Leiar, Sykkylven sogenemnd

Desse har vore med å støtta utgjevinga av
Årbok for Sykkylven 2013

Sparebanken Møre

SandellaFabrikken AS
COOP Mega Sykkylven
Sykkylven Gjensidige Trygdslag
B.S. Aure AS
Nyborg AS
Advokat Kjetil Kvammen
Møre Miljøsanering AS
Aktiv Anleggsdrift AS
Spar Sykkylven, Elias Vinje
Brunstad
Nordea
Amatec AS
Formfin Møbler AS
Møre Trafo AS
Ekornes ASA
Sykkylven Bok & Papir AS
Kiwi, Sykkylven

Januar

Mandag

Tirsdag

Onsdag

torsdag

Fredag

Laurdag

Søndag

6

7

13

14

20

21

27

28

Fredag

onsdag

7

14

20

21

27

28

1

8

15

22

29

2

9

16

23

30

3

10

17

24

31

4

11

18

25

5

12

19

26

Sy k k y l v e n S o g e n e m n d